# MØTEINNKALLING

**Utval:** **Kontrollutvalet i Lærdal kommune**
**Møtedato:** **10.04.2013 kl. 13:00**
**Møtestad:** **Rådhuset – møterom 2. etasje**

---

## SAKLISTE

**06/2013 Godkjenning av møtebok**
**07/2013 Skriv og meldingar, orienteringssaker**
**08/2013 Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2012 for Lærdal kommune**
**09/2013 Oppfølging av skriv til kontrollutvalet om ugildskap i plansaker**
**10/2013 Oppfølging av skriv til kontrollutvalet om økonomireglement**

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Richard Nesheim, tlf: 95 26 13 18 eller e-post richard.nesheim@no.pwc.com.
Varamedlemar møter etter nærare avtale.

Lærdal, 03.04.2013

Olav Grøttebø
Leiar (sign)

Richard Nesheim
Sekretariat

**Kopi:**
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

# Sak 6/2013 Godkjenning av møtebok

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 10.04.2013 | 06/2013 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Møteboka frå møtet 13.02.2013 vert godkjend.

**VEDLEGG**

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | | | Møtebok frå møtet 13.02.2013 |

SAK 6
VEDLEGG 1

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

# Møtebok

**Møtedato:** 13.02.2013 **Møtetid:** Kl. 13:00 – 15.00.

**Møtestad:** Rådhuset **Saksnr.:** 1/13 – 5/13

| Følgjande medlem møtte | Parti |
|---|---|
| Olav Grøttebø | |
| Siv Rysjedal | |
| Guri Olsen | |
| Kari Blåflat | |
| Anders Haugen | |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti | Følgjande varamedlem møtte | Parti |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | | | |

| Ugilde | Sak | Følgjande varamedlem møtte |
|---|---|---|
| | | |

| | |
|---|---|
| **Møteleiar:** | Olav Grøttebø |
| **Frå sekretariatet møtte:** | Richard Nesheim |
| **Frå kommunen møtte:** | Rådmann Alf Olsen jr. og tenesteleiar Margun Thue møtte i sak 2 |
| **Frå SF Revisjon møtte:** | |
| **Andre:** | |
| **Dokument utlevert i møtet:** | - 2 skriv frå Arne Sanden til kontrollutvalet innkomne til sekretariatet før møtet<br>- Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i høve til Lærdal kommune |
| **Synfaring:** | |
| **Merknader:** | |

Underskrifter:

_______________ _______________ _______________

_______________ _______________

# Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | Gradering: | Ope/unnateke off. |
|---|---|---|---|
| 01/2013 | Godkjenning av møtebok | | O |
| 02/2013 | Skriv og meldingar | | O |
| 03/2013 | Budsjett kontrollutvalet 2013 | | O |
| 04/2013 | Årsmelding for kontrollutvalet 2012 | | O |
| 05/2013 | Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon | | O |

## Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 01/2013 Godkjenning av møtebok

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 13.02.2013 | 1/2013 |

**Framlegg til vedtak:**

Møtebok frå møtet 14.11.2012 vert godkjent

**13.02.2013 KONTROLLUTVALET**

**KON-1/13 VEDTAK:**

Møtebok frå møtet 14.11.2012 vert godkjent

Samrøystes

# Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

## Sak 2/2013 Skriv og meldingar

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 13.02.2013 | 2/2013 |

**Refererte skriv og meldingar:**

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 18.01.2013 | Skatteoppkrevjaren i Lærdal | Årsrapport 2012 |
| 2 | 18.01.2013 | Den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen | Årsmelding 2012 |
| 3 | | Lærdal kommune | Oversikt over samla sjukefråvere 2012 |
| 4 | 21.11.12 | SF Revisjon | Protokoll representantskapsmøte i SF Revisjon |
| 5 | | Innkjøpstenesta til fylkeskommunen | Utkast til avtale om kjøp av sekretariatsfunksjon for kontrollutvala |
| 6 | | Sekretariatet | Revidert møteplan 2013 |

Skriv som var innkomne til sekretariatet dagane før møtet vart delt ut til orientering. Dette gjaldt:
- vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit
- skriv frå Arne Sanden: økonomireglement
- skriv frå Arne Sanden: Likskap for lova

**Orienteringssaker i møtet:**

1. Tenesteleiar Margun Thue orienterte om status på oppfølging av sjukefråvere innanfor pleie og omsorg. Ein har arbeidt med omorganisering av tenesta og har tilsett to avdelingsleiarar på sjukeheimen for å få ei tettare oppfølging av dei tilsette. Ein er no i ein prosess der ein køyrer eit opplegg i saman med Sogn Bedriftshelseteneste kalla «Trivsel i eit positivt arbeidsmiljø». Så langt er det positive tilbakemeldingar frå dei tilsette på dette. Prosjektet skal gå i løpet av våren. Det er framleis for tidleg å seie om dette vil verke positivt inn på sjukefråveret over tid.

2. Rådmannen orienterte kort om førebels resultat for 2012. Slik det ser ut no vil ein kome ut med eit positivt resultat. Dette er ei betydeleg betring sidan 2. tertial 2012. Resultatbetringa skuldast god styring på kostnadane på dei ulike einingane, samt at ein har fått høgare inntekter enn budsjettert. Pleie og omsorg har fått auka inntekter med om lag 800.000 og rammetilskotet vart høgare enn budsjettert.

3. Sekretæren orienterte om vedtak i kontrollutvalet i Luster, der dei ber sekretariatet samordna ein førespurnad til styret i Simas om gjennomførte tiltak i høve til oppfølging av selskapskontrollrapporten frå 2010.

**Framlegg til vedtak:**

Skriv og meldingar, samt orienteringar i møtet vert tekne til orientering.

Sekretariatet får fullmakt til å retta ein førespurnad til styret i SIMAS om gjennomførte tiltak i høve til selskapskontrollrapporten frå 2010.

**13.02.2013 KONTROLLUTVALET**

**KON-2/13 VEDTAK:**

Skriv og meldingar, samt orienteringar i møtet vert tekne til orientering.

Sekretariatet får fullmakt til å retta ein førespurnad til styret i SIMAS om gjennomførte tiltak i høve til selskapskontrollrapporten frå 2010.

Kontrollutvalet ber sekretariatet førebu saker knytt til innkomne skriv frå Arne Sanden til neste møte.

Samrøystes

# Møtebok kontrollutvalet i Lærdal kommune

## Sak 3/2013 Budsjett kontrollutvalet

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 13.02.2013 | 3/2013 |

**Framlegg til vedtak:**

Busjettet vert teke til orientering. Kontrollutvalet konstaterer at vedteke budsjett ikkje har tilstrekkelege midlar til sekretariatsfunksjonen og føreset at det vert gjort budsjettjustering ved første passande høve.

**13.02.2013 KONTROLLUTVALET**

**KON-3/13 VEDTAK:**

Busjettet vert teke til orientering. Kontrollutvalet konstaterer at vedteke budsjett ikkje har tilstrekkelege midlar til sekretariatsfunksjonen og føreset at det vert gjort budsjettjustering ved første passande høve.

Samrøystes

# Møtebok kontrollutvalet i Lærdal kommune

## Sak 4/2013 Årsmelding frå kontrollutvalet 2012

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 13.02.2013 | 4/2013 |

**Framlegg til vedtak:**

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2012, med eventuelle korrigeringar som kjem til i møtet.
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering

**13.02.2013 KONTROLLUTVALET**

Handsaming i møtet: det vart gjort ei mindre tilføying til årsmeldinga.

**KON-4/13 VEDTAK:**

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2012
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering

# Møtebok kontrollutvalet i Lærdal kommune

## Sak 5/2013 Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon

| Sakshandsamar | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 13.02.2013 | 5/2013 |

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding, til drøfting i kontrollutvalet

**13.02.2013 KONTROLLUTVALET**

**KON-5/13 VEDTAK:**

Til neste møte vi kontrollutvalet be om ei orientering frå administrasjonen knytt til status på oppfølging av vedtak i kommunestyret i 2012.

Kontrollutvalet vil til neste møte be administrasjonen om ei orientering knytt til status på arbeid med ei eigarskapsmelding for Lærdal kommune og drøfting av kommunen sin strategi for eigarskap i selskap. Kontrollutvalet viser her til kommunestyrevedtak 88/10.

Kontrollutvalet vil til møtet i juni be om ei statusorientering knytt til korleis omorganiseringa frå 2 til 3-nivåmodell fungerer.

Kontrollutvalet vil til møtet i september be om ei orientering knytt til korleis innkjøpsordninga til kommunen fungerer etter at nye retningsliner er komne på plass.

Samrøystes

Møtet slutt

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

# Sak 7/2013 Skriv og meldingar , orienteringssaker

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 10.04.2013 | 07/2013 |

### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

---

### VEDLEGG

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 07.03.13 | Lærdal kommune – kommunestyret | Møtebok sak 10/13 i kommunestyret – kjøp av revisjonstenester |
| 2 | 20.03.13 | SF Revisjon | Oppseiing av samarbeidsavtale |
| 3 | 02.04.13 | FKT | FKT Invitasjon fagkonferanse 2013 |
| 4 | 07.03.13 | Lærdal kommune – kommunestyret | Møtebok sak 17/13 i kommunestyret – avtale om kjøp av sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet |
| 5 | 08.02.13 | Kommunal- og regionaldepartementet | Pressemelding om opne møte i kontrollutval og kommunale føretak |

Ein må i møtet drøfte eventuell deltaking på FKT sin fagkonferanse.

Orienteringssaker i møtet:

1. Administrasjonen er bedt om å orientere om status på oppfølging av kommunestyrevedtak frå 2012
2. Administrasjonen er bedt om å orienterer om status knytt til arbeid med ei eigarskapsmelding for Lærdal kommune. Vidare er administrasjonen bedt spesielt om ei orientering om korleis kommunen utøver sitt eigarskap i høve til Lærdal Energi AS.

SAK 7

Vedlegg 1

# Lærdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr | Utval | Møtedato |
| --- | --- | --- |
| 033/13 | Formannskapet | 26.02.2013 |
| 010/13 | Kommunestyret | 07.03.2013 |

**Sakshandsamar:** Reidar Johnsen **Arkiv:** K1- **Arkivsaksnr.** 12/605 - 11

## Kjøp av revisjonstenester

**Kort samandrag**

Lærdal kommune hadde oppe sak om oppseiing av revisjonsavtale for Sogn og Fjordane revisjon IKS i kommunestyret 23. august 2012 (KS 085/12). Saka vart då utsett. Lærdal kommune har etter det sendt melding om utmelding av SF-revisjon på linje med dei fleiste andre medlemane. Dette er gjort

innan fristen som gjer at ein kan gå ut frå 31.12.2013. Hovudgrunnen for Lærdal kommune for utmelding er for å spare kostnader og det er difor dei kostnadsmessige konsekvensane det er lagt vekt på i saksutgreiinga. Med dei økonomiske utfordringane kommunen har og med dei sparetiltaka som er budsjettert vil det vere naturleg at også dette området blir vurdert økonomisk. Samanlikningstal viser at det er store skilnader og og at det dermed kan vere mykje å hente på å gå ut på anbod med revisjonstenestene.

I representantskapsmøte i SF-revisjon vart det vedteke ei endra kostnadsfordeling for betaling av revisjonstenestene. Dette vil først og fremst bety at dei største medlemane (Fylkeskommunen og Sogndal kommune) vil få ein mindre andel av totalkostnadane og at dermed dei minste vil få ein større andel. Pr i dag er Lærdal den nest minste av medlemane.

**Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret seier opp revisjonsavtalen med SF – revisjon IKS. Utmeldingsdato vil vere i samsvar med tidlegare varsel sendt 28.9.2012 og vil gjelde frå 1.1.2014.

Kommunestyret gjev administrasjonen fullmakt til å starte anbodsprosess så snart som muleg.

## 26.02.2013 FORMANNSKAPET

**FS-033/13 TILRÅDING:**

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå rådmannen .

Gro Stadheimseter gjekk ifrå som ugild under behandling av saka.

Anders Voll Eltun møtte.

## 07.03.2013 KOMMUNESTYRET

**KS-010/13 VEDTAK:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedlegg:**

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 18.01.2013 | Protokoll frå møte i representantskapet 21 nov 2012.pdf | 64918 |

**Saksutgreiing**

Vi viser til saksutgreiinga til førre handsaming i august 2012:

*I samband med at Lærdal kommune er i ein krevjande økonomisk situasjon, må me sjå på fleire mulege sparetiltak. Me har gått gjennom revisjonsavtalen med SF-revisjon IKS, samanlikna med andre kommuner, og finn at me har mulegheiter for å spare eit betydeleg beløp ved å kjøpe dei same tenestene frå andre selskap.*

*Aurland kommune melde seg ut av samarbeidet med SF revisjon i 2007 og har sidan kjøpt tenester av private revisjonsselskap.*

*I 2011 betalte Lærdal kommune tilsaman kr 362 000 for finansiell revisjon og attestasjonar. Til samanlikning betalte Aurland kommune (som har omtrent same bilagsmengde som Lærdal kommune) totalt kr 194 800 (jmf note 12 i rekneskap 2011) Våren 2012 hadde Aurland kommune ny anbodsrunde på kjøp av desse tenestene. Dei valde ny leverandør til ein enno lågare pris.*

*Revisjon- og attestasjonsavtalen må seiast opp pr. 31.12, og eigarane skal varslast seinast.30.9, jmf Selskapsavtale for Sogn og Fjordane Revisjon IKS, §12:*

*"Ein deltakar kan med eit års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet, og krevje seg utløyst av selskapet. Uttreden kan berre skje pr.31.12. Krav om uttreden skal varslast dei andre eigarane seinast 1 år og 3 månadar før uttredningsdato slik at alle deltakarane får høve til uttale, før deltakaren kan seie opp sitt deltakarforhold"*

Etter at saka var handsama i august har representanskapet i SF – revisjon hatt saka oppe. Det har der kome vedtak om ny kostnadsfordeling. Den nye kostnadsfordelinga vil først og fremst bety at dei største aktørane (Fylkeskommunen og Sogndal kommune) vil få ein mindre andel av kostnadane, medan dei minste (Balestrand og Lærdal er dei to minste) vil få ein desto større andel. Sjølv om det blir ein reduksjon i tal tilsette kan vi ikkje sjå at dette endrar på saksframlegget frå sist, snarare tvert i mot med tanke på kostnadsfordelinga som gjer at ein større andel blir flytta frå dei største til dei minste kommunane.

Med å gå ut på anbod vil ein uansett kunne samanlikne pris og SF – revisjon kan vere med i anbodsrundar på lik linje med andre selskap.

Når det gjeld kvalitet på tenestene innan finansiell revisjon og attestasjonar er det ingen grunn til at det skal vere nokon skilnad i og med at forskrifter gir krav til kva revisjonen skal gjere. Det er også grunn til å merke seg at mange kommunar i Hordaland har gått over til private revisjonsselskap dei seinare åra..

**Økonomiske konsekvensar**

Kommunen vil ut frå erfaringstal betale ein monaleg lågare pris for revisjons- og attestasjonstenester. Ved utmelding av SF-revisjon IKS får Lærdal kommune att sin eigenkapital på kr 60.000.

Aurland og Lærdal er ganske like i storleik og har same rekneskapssystem og blir ført av dei same og vil difor vere samanliknbare prismessig:

Sidan 2007 då Aurland melde seg ut av SF – revisjon har kostnadane i Aurland og Lærdal hatt følgjande samanliknbare tal gjennom dei 5 åra (tala er henta frå dei offentlege rekneskapa)

| År | Aurland | Lærdal |
|---|---|---|
| 2008 | 154.500 | 471.900 |
| 2009 | 160.200 | 448.406 |
| 2010 | 181.250 | 417.900 |
| 2011 | 194.800 | 362.211 |
| 2012 | 173.540 | 426.480 |
| **Sum 5 år** | **847.580** | **1.700.417** |

SAK 7

VEDLEGG 2

SF revisjon
SOGN OG FJORDANE REVISJON IKS

Vår referanse: Marianne Vara

Dato: 20.03.2013

Til
Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

## OPPSEIING AV SAMARBEIDSAVTALE

Viser til motteke brev frå dykk datert 13.03.2013 om utmelding av SF revisjon.
Med vising til fleire eigarmøte i haust om selskapets framtid kom dette som ei stor overrasking på dei andre eigarane. I tillegg til arbeidet med å få på plass ein ny kostnadsfordelingsmodell var framtidig samarbeid og felles tankegang viktige stikkord under drøftingane på møta.

Eit viktig dokument er protokollen frå møte i representantskapet 21.11.2012 der også ordføraren frå Lærdal kommune møtte. Den ferdig signerte protokollen vart sendt ut til alle eigarane 16.01.2013.

Vi vil samstundes gjere dykk merksam på at utmeldinga fyrst vil vere gjeldande frå 01.01.2015.

Viser til selskapets vedtekter § 12 sitat:

*«§ 12. Uttreden*
*Ein deltakar kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet.*
*Uttreden kan berre skje pr. 31.12. Utløysingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sitt innskot.*
*Krav om uttreden skal varslast dei andre eigarane seinast1 år og 3 månadar før uttredingsdato, slik at alle deltakarane får høve til uttale, før deltakaren kan seie opp sitt deltakarforhold.»*

Utmelding kan berre skje pr. 31.12. Det betyr at dykkar oppseiing av samarbeidsavtalen vedteke i kommunestyre 07.03.2013 fyrst vil vere gjeldande frå 31.12.2013 med eitt års oppseiingstid.

Med helsing

Olav Lunden

Olav Lunden
Leiar i representantskapet

Kopi til: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Leikanger kommune, Høyanger kommune, Balestrand kommune, Vik kommune, Sogndal kommune, Luster kommune og Årdal kommune

SAK 7
VEDLEGG 3

**FAGKONFERANSE KONTROLL OG TILSYN**

GARDERMOEN 5.-6. JUNI 2013

ÅRSMØTE I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN 5. JUNI 2013



| | |
|---|---|
| 09.00 – 10.00 | REGISTRERING<br><br>"Noe å bite i" |
| 10.00 – 10.15 | **Åpning av konferansen.**<br><br>**Per Rune Vereide**<br>Styreleder i FKT / Nestleder i Sogn og Fjordane fylkeskommunes kontrollutvalg. |

**POLITISK LEDELSE I KRD - TANKER OG FORVENTNINGER.**

**Møteleder: Per Rune Vereide, styreleder i FKT**

| | |
|---|---|
| 10.15 – 10.45 | **Nytt fra KRD, forventninger og fremtidstanker.**<br><br>**Anja Kristin Salte Hjelseth**<br>Politisk rådgiver i Kommunal- og regionaldept. |
| 10.45 – 11.00 | Spørsmål og kommentarer fra salen. |
| 11.00 - 11.15 | PAUSE |
| | |

**KORRUPSJON, MISLIGHETER OG ANTIKORRUPSJONSARBEID**

**Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT**

| | |
|---|---|
| 11.15 - 11.35 | **Foreleser presenteres senere** |
| 11.35 - 11.55 | **Korrupsjon og misligheter – fokusområde i finansiell revisjon?**<br><br>**Harald Brandsås**<br>Fagdirektør i Den norske Revisorforening (DnR). |

| | |
|---|---|
| 11.55 - 12.15 | **Foreleser presenteres senere** |
| 12.15 – 13.00 | PANELDISKUSJON<br><br>Spørsmål og kommentarer fra salen. |
| 13.00 – 14.00 | LUNCH |

**BUDSJETTEST i KOMMUNENE – HVA KAN MAN FORVENTE AV STYRINGSDOKUMENTER?**

**Møteleder: Kirsten Emilie Aasen, styremedlem i FKT**

| | |
|---|---|
| 14.00 – 15:00 | **Budsjettest for kommunene**<br><br>**Bjørn Brox**<br>- Cand. polit. og bedriftsøkonom. Arbeider som konsulent i Agenda Kaupang<br>- Skribent på siste side i Kommunal Rapport, med budsjett og årsmeldingstest |
| 15.00 – 15.30 | **Spørsmål og kommentarer fra salen.** |

| | |
|---|---|
| 15.30 – 15.45 | KAFFEPAUSE / Registrering av årsmøtedeltagere |

**ÅRSMØTE I FKT.**

| | |
|---|---|
| 15.45 – 16.30 | ÅRSMØTE I FKT – Se informasjon på baksiden |

**UTFLUKT**

| | |
|---|---|
| **17.30** | SOSIALT ARRANGEMENT.<br><br>Sosialt arr. Kreativ planlegging pågår. |

# TORSDAG 6. JUNI 2013.

**BESTILLERKOMPETANSE OG MEDIAHÅNDTERING**

**Møteleder: Siri Holm Lønseth, styremedlem i FKT**

| | |
|---|---|
| 09.00 – 10.00 | **Gode bestillinger av revisjon.**<br><br>**Stein Ove Songstad**<br>- Hovedansvarlig for forvaltningsrevisjon i Deloitte AS<br>- Medforfatter av Kontrollutvalgsboken og av Veileder i forvaltningsrevisjon |
| 10.00 – 10.15 | PAUSE |
| 10.15 – 11.00 | **Økt oppmerksomhet om kontrollutvalgssakene – hvordan håndtere media?**<br><br>**Ole Petter Pedersen**<br>Redaktør i Kommunal Rapport |
| 11.00 – 11.30 | PAUSE / utsjekking |
| 11.30 – 12.30 | LUNCH |

**HØRING I KONTROLLUTVALGET.**

**Møteleder: Per Rune Vereide, styreleiar i FKT**

| | |
|---|---|
| 12.30 – 13.00 | **Ja – vi har gjennomført høring!**<br><br>**Erfaringer fra Nord-Trøndelag fylkeskommune.**<br><br>**Liv Tronstad**<br>Kontrollsjef i KomSek Trøndelag IKS. |
| 13.00 – 13.30 | **Hva må vi være oppmerksom på ved høringer?**<br><br>**Wencke Sissel Olsen**<br>- Nestleder i FKT<br>- Sekretariatsleder i Rogaland kontrollutvalgssekretariat IKS |
| 13.30 – 13.45 | PAUSE |
| 13.45 – 14.15 | PANELDISKUSJON<br><br>Spørsmål og kommentarer fra salen. |

**SKRÅBLIKK**

**Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT**

| | |
|---|---|
| 14.15 – 14.45 | **Med skråblikk på kommunesektoren**<br><br>**Siri Gedde-Dahl**<br>- Journalist I Aftenposten.<br>- Var bl.a. med på avsløring av korrupsjon ved Nedre Romerike vannverk. |
| 14.45 – 14.50 | **Avslutning av konferansen.**<br><br>**Per Rune Vereide**<br>Leder i FKT |

## MÅLGRUPPE FOR KONFERANSEN

Kontrollutvalgsmedlemmer og ansatte i kontrollutvalgssekretariatene. Alle som er opptatt og interessert i kontroll og tilsynsarbeid i offentlig sektor.

## PRAKTISK INFORMASJON

- Konferansehotell: Clarion Hotel Oslo Airport, Gardermoen (Tlf. 63949494)
- Adresse: Hans Gaarderveg 15, 2060 Gardermoen
- Grå buss fra flyplass til hotell ca. 3 ganger pr. time fra pkt. B25, overfor taxiholdeplassen.
- Gratis parkering. Kontakt resepsjon eller konferansebord for bevis.

## INFORMASJON OM ÅRSMØTE

- Årsmøtet er kun for medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
- Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen 24. april 2013.
- FKT`s handlingsplan 2014 er en av sakene som spesielt ønskes innspill til innen 24. april -13.
- Styret sender ut sakspapirene innen 2 uker før årsmøtet, altså innen 22. mai 2013.
- Dersom din kommune / ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 22. mai -13.

- Leder i valgkomiteen: Einar Ulla , KUV-sekretariatet i Sogn- og Fjordane fylkeskommune. Kan kontaktes på mobil 97190734 eller e-post **einar.ulla@sfj.no**
- Ønske om mer info / bli medlem i FKT? Se hjemmesiden **www.fkt.no** eller kontakt sekretariatet.

**Kontaktinfo til sekretariat:**

Tlf: Hogne Haktorson tlf: 55 23 94 53 / 91 10 59 82 / Roald Breistein: 55 23 94 47 / 97 50 51 52
E-postadresse: **fkt@fkt.no**

## DELTAGERAVGIFT

FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).

| | |
|---|---|
| Deltagelse med overnatting: | Kr. 5.400,- (Ikke medlem kr. 5.800,-) |
| Deltagelse uten overnatting, sosialt arr. & middag: | Kr. 4.300,- (Ikke medlem kr. 4.700,-) |
| Ekstra overnatting 4 – 5. juni 2013 | Kr. 1.300,- |

## PÅMELDING

Påmelding via FKT sin hjemmeside **www.fkt.no**

Bindende påmelding, **innen 18. april 2013.**
Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr. 500,- + FKT sine eventuelle kostnader til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltageravgift.

Sak 7
Vedlegg 4

# Lærdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 032/13 | Formannskapet | 26.02.2013 |
| 017/13 | Kommunestyret | 07.03.2013 |

**Sakshandsamar:** Lasse Sælthun **Arkiv:** K1- **Arkivsaksnr.** 13/68 - 4

### Avtale om kjøp av sekretariatsfunksjon for kontrollutval.

**Kort samandrag**

Avtalen om kjøp av sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala frå PricewaterhouseCoopers gjeldande frå 01.01.2009 , går ut 28.02 .2013. Det har no vore ny anbodsrunde om kjøp av tenesta og PricewaterhouseCoopers var einaste tilbydar. Det har vore forhandlingsmøte mellom PricewaterhouseCoopers og kommunane/Innkjøpstenesta der ein er kome fram til eit framlegg til avtale som no er sendt kommunane til godkjenning.

**Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret godkjenner føreliggande framlegg til avtalen om kjøp av sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet frå PricewaterhouseCoopers.

### 26.02.2013 FORMANNSKAPET

**FS-032/13 TILRÅDING:**

Formannskapet sluttar seg samrøystes til rådmannen si tilråding.

### 07.03.2013 KOMMUNESTYRET

**KS-017/13 VEDTAK:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedlegg:**

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 19.02.2013 | Avtale | 65658 |

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

1. Kommunelova § 77, pkt.10
2. Forskrifter for kontrollutval § 20

**Saksutgreiing**

Kommunane i Sogn regionråd, Høyanger kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune etablerte frå 01.01.2005 ei ny organisering av kontroll og tilsynsordninga i kommunane/ fylkeskommunen. Bakgrunnen var endringar i kommunelova om at revisjon ikkje lenger kunne vere sekretariat for kontrollutvala. I forskrifter for kontrollutval § 20 heiter det som følgje

" Kommunestyret eller fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget har sekretariatsbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens eller fylkeskommunens administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgaver for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen kan ikke utøve sekretariatsfunksjoner for kontrollutvalget.
Den som utfører sekretariatsfunksjon for kontrollutvalget er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir. Administrasjonssjefen har innenfor kontrollutvalgets myndighetsområde ikke instruksjons- eller avgjøringsmyndighet overfor sekretariatet."

Det vart då inngått avtale om kjøp av desse tenestene hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Denne avtalen gjaldt fram til 01.01.2009. Etter anbodsrunde om kjøp av sekretærtenester i 2008 ,vart PricewaterhouseCoopers valt som leverandør av sekretariatstenester frå 01.01.2009. Honoraret til PricewaterhouseCoopers var på kr.130 000,- pr. år pr. kommune. Avtalen gjaldt til 01.01.2011, men er forlenga fram til 0 28.02.2013.

I regi av Innkjøpstenesta i Sogn og Fjordane Fylkeskommune, var det hausten 2012 gjennomført ein ny anbodskonkurranse for tenesta med anbodsfrist 30.11.2012.
Det melde seg berre ein tilbydar, PricewaterhouseCoopers, altså same leverandør som har hatt tenesta sidan 2009. Det har vore forhandlingsmøte mellom PricewaterhouseCoopers og kommunane/Innkjøpstenesta, der også representantar frå kontrollutvala tok del. Det er utarbeidd eit avtaleframlegg for desse tenestene som no vert lagt fram for kommunane til politisk godkjenning.

**Økonomiske konsekvensar:**

Kr 137 800,- pr. år pr. kommune + reisekostnader.

**Vurdering**

Ordninga med kjøp av sekretærtenester for kontrollutvala frå privat firma har altså vore praktisert i over 4 år og dei tilbakemeldingar ein har fått om ordninga er i det alt vesentleg positive. Den nye avtalen byggjer i alt vesentleg på innhaldet i den tidlegare avtalen med prisjustering. Avtalen gjeld fram til 28.02.2017 og kan prisjusterast i samsvar med konsumprisindeksen pr. 01.01.2015. Det er i avtaleframlegget innarbeidd i eit årleg fellesmøte for leiarane i kontrollutvala som er omfatta av avtalen, ei ordning som og har vore praktisert etter den tidlegare avtale.

Rådmannen tilrår at føreliggande framlegg til avtale, som gjeld fram til 28.02.2017, vert godkjent.

SAK 7
VEDLEGG 5

KOMMUNAL- OG
REGIONALDEPARTEMENTET



**Pressemelding**, 08.02.2013

# Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak

**Frå 1. juli 2013 skal det vere opne møte i kontrollutval og kommunale føretak. - Lovendringa vil gje innbyggjarar og media betre innsyn i kommunal verksemd, seier statsråd Liv Signe Navarsete.**

Lovendringane er eit resultat av arbeidet i Kommunal- og regionaldepartementet for ein endå betre eigenkontroll i kommunane. Det er òg ei oppfølging av arbeidsgrupperapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*.

- Kontrollutvalet er kontrollorganet til kommunestyret. Dei handsamar viktige saker som handlar om kommunale tenester, økonomi og måloppnåing. Eg meiner det er viktig og rett at desse møta som hovudregel er opne, seier Navarsete.

Også styremøta i kommunale føretak skal som hovudregel vere opne.

- Kommunale føretak er ein del av kommunen. Dei bør i stor grad vere opne for innsyn, seier Navarsete.

Kommunelova er samstundes endra slik at kontrollutvala og revisorane får rett til innsyn i alle interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27 og i alle aksjeselskap som direkte eller indirekte er eigde av kommunen.

- Styrkt eigenkontroll er viktig for å sikre tilliten innbyggjarane har til kommunen. Det sikrar også effektiv og rett ressursbruk i kommunen, seier Navarsete.

Statsråden peiker òg på samanhengen mellom eigenkontrollen og statleg tilsyn.

- Eg ser det slik at i kommunar med aktiv forvaltningsrevisjon og eigenkontroll bør statlege tilsynsetatar ta omsyn til det og redusere tilsynet sitt, seier Navarsete.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00.

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

# Sak 8/2013 Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2012 for Lærdal kommune

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 10.04.2013 | 08/2013 |

## KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen 2012 for Lærdal kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert oversendt kommunestyret, med kopi til formannskapet.

---

## VEDLEGG:

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 10.04.13 | Kontrollutvalet | Fråsegn frå kontrollutvalet, rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding (utkast). |
| 2 | 03.03.13 | Lærdal kommune | Årsmelding 2012 |
| 3 | | Lærdal kommune | Rekneskap 2012 |
| | | | |

Revisjonsmeldinga vil bli delt ut i møtet 10.04.13

## BAKGRUNN

I samsvar med kommunelova og forskrift om kontrollutval kap. 4, § 7 skal kontrollutvalet gje ein uttale til kommunerekneskapen. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannsskapet. Uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før formannsskapet gjer innstilling til kommunerekneskapen.

Lærdal kommune har lagt opp til at årsrekneskapen skal handsamast i formannskapet den 16. april og i kommunestyret den 2. mai.

## AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER MV.

Kommunelova
Forskrift om kontrollutval
Forskrift om revisjon

**SAKSUTGREIING**

Sekretariatet mottok kommunen sin årsrekneskap den 21. mars og årsmeldinga torsdag 4. april. Revisjonsmeldinga er ikkje motteken, men vil truleg bli lagt fram til møtet 10. april.

Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for Lærdal kommune i 2012 er basert på årsrekneskapen 2012, samt årsmelding 2012 frå rådmann og vil og bli basert på revisor si revisjonsmelding.

I fråsegna er det teke omsyn til følgjande punkt:

**Netto driftsresultat**
Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at alle løpande utgifter er trekt i frå. I tillegg til inntekter og utgifter vedrørande den ordinære drifta, det vil seie til administrasjon og tenestetilbod, inngår også finansinntekter (renteinntekter, mottatt utbytte og eventuelle kursgevinstar på finansielle omløpsmidlar) og finansutgifter (renteutgifter, avdrag på lån og eventuelle kurstap på finansielle omløpsmidlar) i resultatomgrepet. I tillegg er indikatoren korrigert for avskrivingar slik at desse ikkje gjev resultateffekt. Netto driftsresultat vert og brukt som samanlikningsgrunnlag mellom kommunar. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. For Lærdal kommune var netto driftsresultat for 2012 **positivt med kr 1 172 016** medan ein i 2011 hadde eit positivt driftsresultat med kr 4 479 178. Det er vert å merke seg at om lag 2,9 millionar av resultatet i 2011 kom fram som fylgje av føring av eit tilskot som var øyremerka og såleis ikkje var eit reelt positivt resultat for året. Korrigerer ein for dette er det små skilnader på resultatet i 2011 og 2012.

Rekneskapsmessig mindreforbruk i 2012 var på kr 2 346 305.

KS og Kommunal- og regionaldepartementet har sett opp eit mål på 3 % for nøkkeltalet "netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene". Skal kommunen ha økonomisk handlingsrom og kunne avsetje til investeringar, tiltak som kjem utanom planane og ivareta formuesbevaringsprinsippet i kommunelova, bør netto driftsresultat opp på 3 % av driftsinntektene over tid. I Lærdal kommune var netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene **positivt med 0,5 %**. Til samanlikning var forholdstalet 1,9 % i 2011. I 2010 var forholdstalet negativt med 0,7%. Før dette hadde ein positive tal på 7,5 %, i 2009 , 0,7 % i 2008, 2,4 % i 2007 og 12,2% i 2006.

Kommunen har såleis fått eit dårlegare resultat i 2012 enn ein hadde i 2011. Men betre enn ein hadde i 2010. Resultatet er samstundes betydeleg lågare enn det svært gode resultatet i 2009. Ser ein den langsiktige trenden frå 2006 har den, med unntak av 2009 vore klart nedadgåande fram til 2010, med ein mindre oppgang i 2011 som no har snudd ned att i 2012.

Resultatet er om lag 3,3 mill kr dårlegare enn året før (men reellt ikkje så mykje dårlegare, jamfør omtale ovanfor). I tillegg til den interne drifta i kommunen, er kommunen sin økonomi avhengig av utviklinga i kraftprisen og rentenivået. Oppnådd netto inntekt på sal av kraft er i følgje årsmeldinga om lag som budsjettert. I budsjettet (regulert) var det budsjettert med eit negativt netto driftsresultat på 1,5 mill kr. I høve til regulert budsjett er det såleis eit positivt

avvik på om lag 2,7 mill kr. I høve til opprinneleg budsjett er det derimot eit negativt avvik på om lag 1,8 mill kr.

Ansvarsområda har isolert sett eit mindreforbruk i høve til regulert budsjett på om lag 0,2 mill kr. Ein har vidare lågare netto finanskostnader med om lag 0,3 mill kr. Øvrige avvik kjem som fylgje av høgare netto inntekter enn budsjettert.

**Arbeidskapital**
Arbeidskapitalen gir uttrykk for likviditeten i kommunen, dvs deira evne til å betale gjeld ved forfall. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir og fordringar etter frådrag for kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen har gått opp frå kr 16.289.092 i 2011 til kr 20.792.839 per 31.12.12. Dette skuldast ein oppgang i omløpsmidlar, medan kortsiktig gjeld har hatt ein mindre reduksjon. Oppgangen i omløpsmidlar kjem i hovudsak av auke i balanseført premieavvik. Bokføring av premieavvik er ei teknisk føring av pensjonskostnadane som kommunane har fått løyve til for å jamne ut pensjonskostnader over tid. Sidan betringa i arbeidskapitalen skuldast auke i bokført premieavvik er det viktig å vere klar over at rekneskapen gir eit litt missvisande bilete på dette punktet i høve til utvikling i reell arbeidskapital. Held ein premieavvik utanom har arbeidskapitalen gått ned frå om lag 5,7 mill kr per 31.12.11 til om lag 5,0 mill kr per 31.12.12.

**Langsiktig gjeld:**
**Låneutvikling**
Langsiktig lånegjeld har gått ned med om lag 2,1 mill kr. Forholdstalet langsiktig gjeld i høve til driftsinntektene viser ei svakt positiv utvikling. Langsiktig lånegjeld utgjer i 2012 105% av driftsinntektene, mot 109% i 2011 og 102% i 2010. Ser ein på KOSTRA-statisikk er netto lånegjeld per innbyggar i Lærdal kr 44.198 høgare enn for kommunane i kommunegruppe 3, som skal vere samanliknbare kommunar. Ser ein netto lånegjeld per innbyggar opp mot landsgjennomsnittet vert differansen endå større. Her er netto lånegjeld per innbyggar i Lærdal kr 71 783 over snittet. Differansen mellom Lærdal kommune og samanliknbare kommunar/landssnittet er vorte noko redusert per 31.12.12 samanlikna med tala året før.

I vedtaket som gjaldt økonomiplan 2011 – 2014 er det lagt inn eit prinsipp om at lånegjelda maks skal utgjere 50 – 60 % av samla inntekter. Skal dette målet nåast må ein halde fram med å halde investeringsnivået på eit minimum.

**Pensjonsforpliktingar:**
Pensjonsforpliktingane til kommunen aukar framleis og dei utgjer no 268,2 mill kr mot 242,8 mill kr året før. Ein auke på 25,4 mill kr. Pensjonsmidlane til kommunen har på same tid auka med 18,1 mill kr til samla 205 mill kr. Denne utviklinga illustrerer at pensjonsforpliktingane kan bli ei tung belastning for kommunesektoren i åra framover.

Samla langsiktig gjeld som inkluderer pensjonsforpliktingane utgjorde per 31.12.12 **216%** av driftsinntektene, mot 213% i 2011.

Til samanlikning var gjennomsnittet for kommunane i fylket på 206,9% for 2012 og landsgjennomsnittet var 188,3% (førebelse Kostratal).

**Budsjettoverskridingar**
Det er i hovudsak mindre avvik frå regulert budsjett på dei fleste tenesteeiningane. Dei einingane som har hatt størst meirforbruk er:

| Tenesteeining | Meirforbruk | Forklaring: |
|---|---|---|
| Rådmannsfunksjonane | 2,45 mill kr | Avviket skuldast i hovudsak stor bruk av innleigde tenester, knytt til mellom anna:<br>- Forhandlingar om overtaking av og offentleg anbod på drift av Stuvane Kraftverk<br>- Helse – og omsorgsplan<br>- Utvikling av næringsselskapet<br>Det har og mellom anna vore meirkostnader ved rekruttering av leiarar. Sjå omtale i årsmeldinga side 17. |
| Barnevern | 0,36 mill kr | Overskridinga er ikkje spesielt kommentert i årsmeldinga |
| Folkevalde organ | 0,26 mill kr | Overskridinga er på sentrale folkevalde organ (om lag 350' over budsjett, jamfør tabell på side 13 i årsmeldinga), men er ikkje nærare kommentert i årsmeldinga. |

Den eininga som har størt innsparing i høve til regulert budsjett er teknisk drift som har eit underforbruk på vel 1,5 mill kr i høve til regulert budsjett. Hovudårsaka til innsparinga er redusert bemanning, samt at kommunen fekk tilbakebetalt over kr 800.000 i for mykje betalte straumkostnader frå tidlegare år (sjå omtale i årsmeldinga side 42)

**Revisjonsmeldinga**
Revisor har på tidspunktet for utsending av saka ikkje avlagt avlagt revisjonsmeldinga. Så langt er tilbakemeldinga at revisor ikkje vil ha merknader til årsrekneskapen for 2012 for Lærdal kommune. Målsetjinga er at revisjonsmeldinga vil bli lagt fram for kontrollutvalet i møtet 10.04.12.

**Konklusjon:**
Med bakgrunn i denne saksutgreiinga, årsrekneskap, årsmelding og tilbakemeldingane frå revisor om at det ikkje vil vere merknader i revisjonsmeldinga er det utarbeidd eit utkast til fråsegn til Lærdal kommune sin årsrekneskap for 2012.

SAK 8
VEDLEGG 1

# Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Kommunestyret i Lærdal Kommune

Lærdal 10.04.13

**UTKAST**

## Fråsegn frå kontrollutvalet: Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2012

Kontrollutvalet har i møte 10.04.2013 handsama Lærdal kommune sin årsrekneskap for 2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen, rådmannen si årsmelding for 2013 og revisjonsmeldinga, datert xx.04.2013. I tillegg har revisor og økonomisjef supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar. Revisor har ikkje merknader til årsrekneskapen for 2012 for Lærdal kommune.

Kontrollutvalet har merka seg at Lærdal kommune sin rekneskap viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 346 305, medan netto driftsresultat er positivt med kr 1 172 016. For 2011 var netto driftsresultat positivt med kr 4 479 178.

Utviklinga i netto driftsresultat er negativ i høve til året før. Til neste år vil ein kunne nytte ein endå mindre del av den mva-kompensasjonen ein får att ved investeringar i drifta. Med høg lånegjeld er kommunen utsett for ein auke i rentenivået. Det er difor viktig av kommunen held fram og jobbar aktivt med å tilpasse kostnadsnivået til ei berekraftig økonomisk utvikling på sikt.

Kontrollutvalet registrerer at det er bra samsvar mellom revidert budsjett og endeleg rekneskap for dei enkelte tenesteeiningane. Det er større eller mindre overskridingar på nokre ansvarsområde. Det er spesielt meirforbruk innanfor ansvar 110 Rådmannsfunksjonane. Desse avvika skuldast i hovudsak at det ikkje er teke høgde for innleige av tenester ved budsjetteringa. Det er gjort greie for dei vesentlege avvika i årsmeldinga for 2012.

Ut frå dette og det som kjem fram i saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka og revisjonsmeldinga av xx.04.2013 har kontrollutvalet ikkje merknadar til Lærdal kommune sin rekneskap for 2012.

Lærdal, 10. april 2013

Olav Grøttebø
Leiar i kontrollutvalet

Kopi til: Formannsskapet

SAK 8
VEDLEGG 2

# LÆRDAL KOMMUNE

# Årsmelding 2012



# Innhald

1 Overordna kommentarar frå rådmannen ..... 4
2 Folketal – økonomi – personal – sjukefråvære ..... 6
2.1 Utvikling i folketal ..... 6
2.2 Økonomi ..... 6
2.2.1 Korrigerte brutto driftsutgifter pr.innbyggjar ..... 7
2.2.2 Utvikling av disposisjonsfond ..... 7
2.2.3 Netto lånegjeld pr. innbyggjar i kommunen ..... 8
2.3 Personal ..... 9
2.3.1 Bemanning/likestilling: ..... 9
2.3.2 Alderssamansetjing ..... 10
2.3.3 Seniorpolitikk ..... 10
2.3.4 Løn ..... 10
2.3.5 Deltid/heiltid ..... 10
2.3.6 Sjukefråvære ..... 10
2.3.7 Kurs, opplæring og anna ..... 11
3 Tenesteeiningane ..... 12
3.1 100 – Folkevalde ..... 12
3.1.1 Kontrollutvalet ..... 13
3.1.2 Råd for eldre og funksjonshemma ..... 14
3.1.3 Jeriko ..... 15
3.2 110 – Rådmannsfunksjonane ..... 15
3.2.1 Skatteoppkrevjarkontor ..... 16
3.2.2 Felles landbrukskontor ÅLA ..... 17
3.2.3 Næring ..... 17
3.2.4 Reiseliv ..... 18
3.2.5 Kyrkja ..... 20
3.3 120 – Oppvekst Borgund ..... 21
3.4 121 – Oppvekst Ljøsne ..... 23
3.5 122 – Lærdalsøyri skule ..... 24
3.5.1 Kostra-tal skule ..... 26
3.6 123 – Lærdalsøyri barnehage ..... 27
3.6.1 Kostra-tal barnehage ..... 29
3.7 131 - Helse ..... 29
3.8 132 – Sosiale tenester – NAV ..... 31
3.9 133 – Pleie og omsorg ..... 33
3.10 134 – Barnevern ..... 35



30

3.11 151 – Kultur og formidling ..... 37
3.12 162 – Teknisk drift ..... 37

# 1 Overordna kommentarar frå rådmannen

Det har skjedd svært mykje i Lærdal kommune i 2012. Me gjekk ut med eit driftsmessig overskot på 2,3 millionar kroner ved utangen av året. Dette er langt betre enn prognosane før sommaren indikerte. Dette kjem som eit resultat av godt arbeid og auka fokus på økonomistyring særleg i andre halvår. Økonomien er framleis svært stram, og me har småe reservar for å handtera uførutsette hendingar.

Alle ungdomsskuleelevar er no samla på Lærdalsøyri. Politisk var saka krevjande. Fylkesmannen stadfesta at administrasjonen sitt arbeidet ligg innafor dei rammer og reglar som gjeld for slike saker. Vedtaket er sett i verk og det er lagt til rette for best muleg undervisning innafor dei rammer skulen har til rådvelde. Tilbakemeldingar frå skulen er at elevane finn seg til rette. Det har også vore ei flytting av lærarkrefter frå Borgund til Øyri. Dette er ei stor endring både for dei som flytte arbeidsstad og dei som vart att.

Tilsette i skulane har gjennom skuleåret gjennomført kurs i klasseleiing gjennom samlingar, føredrag, gruppe- og individuelt arbeid. Dette er eit stort kompetanseløft. Midt oppe i dette har me hatt full utskifting av leiinga på skulen på Øyri. Tildeling av ressursar til skular og barnehagar er knytt opp mot felles normtal for å sikre likehandsaming.

Innafor helse og omsorg er det vedteke ein plan for korleis me skal utvikle tenesta i åra framover. Det har vore ein omfattande prosess med aktiv medverknad frå fagfolk, tillitsvalde og representantar for brukarane. Avvik i høve ernæring og medisinering er lukka og rutinar er på plass. Tenestene har fått ny leiarstruktur med leiar for heimetenester og to avdelingsleiarar inne på "heimen", leiar for særskilt tilrettelagde tenester og leiar for kjøken. Overtidsbruken er redusert og ressursane betre utnytta gjennom endra turnusar. Tildeling av tenester skjer i faste møte. Det er sett i verk tiltak for å sikre at søkarane får det dei har krav på, men ikkje noko meir. Dette er ei innstramming i høve tidlegare praksis, men er naudsynt av omsyn til tilgjengelege ressursar og lik handsaming av søkarane.

Me starta arbeidet med å greie ut og planlegge bygging av lokalmedisinsk senter (LMS) for befolkninga i Sogn knytt til Lærdal sjukehus i 2011. Fyrste steg var ein forstudie som vart lagt fram for politisk handsaming i juni 2012. Helse Førde og fagfolk i eigen og andre kommunar har vore positive bidragsytarar og det er teke politiske avgjerder som grunnlag for vidare arbeid. Andre steg er forprosjektet som tok til hasuten 2012. Dette er ei nærare konkretisering av innhald i LMS og kva me skal gjere. Målet er at forprosjektet skal avsluttast med nye politiske vedtak før sommaren 2013. Då er det hovudprosjektet eller gjennomføringa som står att. Målet er å gje trygge og gode tenester basert på dei mulegheiter sjukehuset og kommunane sin kompetanse og ressursar gjev.

Frå august månad vart ei rekke leiarar i barnehage, skule, pleie og omsorg mellomleiarar. Det er knytt ei mindre leiargruppe på tre til rådmannen. Gruppa vart komplett frå 18 mars 2013 då Torun Liltved tok til i stillinga som leiar for kultur og oppvekst. Målet er at gruppa skal klare å tenke meir heilskap og utvikling. Me opplever at starten har vore god.

På kultursida kom Gjesme i eige hus i mars månad, me har hatt "Gjesmekonsertar", kontakt med Riksantikvaren og auka merksemd kring stoda på Gamle Øyri. Samstundes har me ført vidare dei tradisjonelle marknadene . "Kom Heimatt" er eit positivt arrangement der drivkrafta er ungdommane våre.

På den tekniske sida førte stormen Dagmar si vitjing til omfattande etterarbeid. Dette kom i tillegg til stor innsats då dama herja som verst i romjula året før.

I løpet av året vart det gjort freistnad på å selje gamle bygg og eigedomar for å finansiere investeringar. Dette lukkast me ikkje med. Det var ingen interesse i marknaden for dei bygga



32

som vart lagt ut. Areal på Håbakken vart seld, og det melde seg interessentar til ei tomt på Øyri.

Å ta vare på næringslivet vårt og legge til rette for ny utvikling er avgjerande for Lærdalssamfunnet. Lærdal næringsutvikling (LNU) er etablert i samarbeid med næringslivet for å utføre dette arbeidet på ein profesjonell måte. Etter endleg vedtak i kommunestyret hausten 2012 har det vore arbeidd med å få på plass ein dagleg leiar og ein styreleiar med "profesjonell" bakgrunn. I påvente av rekruttering har ordføraren fungert som styreleiar og styret har vore eit arbeidande styre. Det har også vore handsama søknader fortløpande. Her er det lagt ned eit omfattande arbeid frå dei involverte.

Lærdal har også fått status som omstillingskommune, noko som tilførerer oss større økonomiske ressursar. Dette skal komme som eit tillegg til det "vanlege" nærings-utviklingsarbeidet. Her samarbeider me med Årdal. Omstillingsprogrammet har eit eige styre sett saman av styret i LNU i tillegg til ordførarene i Årdal og Lærdal. Politiske føringar vert lagt gjennom vedtak av program for omstilling og strategisk næringsplan. Engasjementet er høgt. Resultata vil komme med tida. Kva me oppnår er meir avhengig av kva me gjer sjølve og kva strategiar me vel, enn kor mykje pengar me har til rådvelde.

Me har fått positiv merksemd med "Gøy på landet". Fjernsynsprogrammet løfta fram sider ved Lærdal som me kan vere stolte av.

Skuta har byrja å dreie i rett retning og me har god styringsfart vidare framover, men den økonomiske stoda er framleis svært stram. Me har mindre reservar enn det me bør ha for å møte uføresette hendingar i 2013. Kommunen brukar langt meir pengar pr innbyggar på å produsere dei samla kommunale tenestene enn samaliknbare kommunar, men avstanden i kostnader minkar. Det er såleis viktig å halde trykket oppe og redusere kostnadsnivået i kommunen også dei kommande åra.

Tenesteleiarane og funksjonsansvarlege har skrive kommentarar til sine ansvarsområde, med fokus på økonomi, brukarar og personalressursar. Det er også laga ein del grafar ut frå kostra-tal der me har samanlikna med tidlegare år, og kommunegruppe 03.

Med dette vert årsmelding for 2012 lagt fram til politisk handsaming frå administrasjonen si side.

Lærdal, 3. april 2013

Alf Olsen Jr
Rådmann

# 2 Folketal – økonomi – personal – sjukefråvære

## 2.1 Utvikling i folketal

Frå 2006 til 2010 auka folketalet i Lærdal med vel 70 personar. Denne trenden vart broten i 2011. I 2012 hadde Lærdal kommuen ein nedgang i folketalet på 29 personar. Bak dette ligg noko lægre fødselstal enn før, og netto utflytting. Det er rimeleg å tru at dette har ein samanheng med endringar i arbeidsmarknaden.




Det er fleire negative signal i høve vidare utvikling på arbeidsmarknaden. Det er dette som er grunnlaget både for utvikling i folketal og økonomi og er den store utfordringa til kommunen.

## 2.2 Økonomi

Økonomisk sett har 2012 gjeve eit netto driftsresultat på kr 1,2 millionar. Dette er ca kr 3,3 mill mindre enn 2011.

| | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| Brutto driftsresultat | 6 992 858 | 9 594 364 |
| Finansinntekter | 1 224 195 | 2 083 987 |
| Finansutgifter | 20 029 606 | 19 022 615 |
| **Resultat finanstransaksjonar** | **-18 805 411** | **-16 938 628** |
| Motpost avskrivingar | 12 984 569 | 11 823 442 |
| **Netto drftsresultat** | **1 172 016** | **4 479 178** |

Etter at midlane er disponert er det reelle "overskotet" på 2,3 mill. Administrasjon rår til at dette vert sett på fond.

| ÅR | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| Bruk av avsteningar | 10 418 609 | 11 483 921 |
| Overført investering | 641 127 | 5 270 000 |
| Avsett til disp fond | 669 025 | - |
| Avsett til bundne fond | 7 934 168 | 10 651 972 |
| **Sum avsetningar** | **9 244 320** | **15 921 972** |
| **Rekneskapsmessig overskot** | **2 346 305** | **41 127** |

Det økonomiske resultatet ved utgangen av året er langt betre enn prognosane før sommaren indikerte. Auka kvalitet i og fokus på økonomistyring har betra stoda i andre halvår.

### 2.2.1 Korrigerte brutto driftsutgifter pr.innbyggjar

Korrigerte brutto driftsutgifter er eit mål på kommunen sine samla utgifter til å produsere våre tenester. Korrigeringar vert gjort for m.a. interne overføringar og lån til vidareformidling. Tala seier ikkje noko om korleis utgiftene vert finansierte. Lønnsutgifter i prosjekt med eiga finansiering er med på lik line med andre lønnskostnader.

I høve kostnadsnivået er dette sikraste talet me har. Dette talet kjem direkte frå rekneskapen vår og kan ikkje vere feil. Når me kjem ned på teneste og funksjonsnivå er det alltid rom for feilkjelder og individuelle skilnader mellom kommunane.

Kostnadsnivået på tenestene våre samenlikna med kommunegruppe 03 viser at me driv dyrt, men tala for 2012 viser at me over tid har gradvis nærma oss kostnadsnivået for kommunegruppe 03. Dette er positivt.

| | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** |
|---|---|---|---|---|
| Lærdal | 79 632 | 80 970 | 85 112 | 88 595 |
| KG 03 | 68 540 | 71 781 | 75 027 | 79 790 |
| **Differanse** | **-11 092** | **-9 189** | **-10 085** | **-8 805** |

Kommunegruppe 03 er små kommuner med middels bundne kostnader pr innbygger, høge frie disponible inntekter i Kommunar i Sogn og Fjordane som er med i kommunegruppe 03: Høyanger, Vik, Lærdal og Luster.




### 2.2.2 Utvikling av disposisjonsfond



35

Lærdal kommune har pr 31.12 eit disposisjonsfond på kr 890.000,-. Dette betyr at kommunen ikkje har reservar til å møte uførutsette hendingar. Administrasjon tilrår at overskotet for 2012 på ca kr 2,3 mill vert sett på fond.




Tal i heile tusen

### 2.2.3 Netto lånegjeld pr. innbyggjar i kommunen

Kommunen har hatt ein sterk vekst i lånegjelda. Samla låneportefølje er på vel 240 millionar kroner. Frå KS vert det tilrådd ei netto gjeldsgrad på maks 50-60%.

Lånegjelda til kommunen ligg på 100% og me har pr 31.12.12 ca 170 mill på flytande rente. Ein prosent i auke vil medføre 1,7 mill i ekstra kostnader i drifta, noko som kan gje store utslag for basisfunksjonane.




Lånegjelda pr innbyggar er nær dobla frå 2008 til 2011. Samstundes ser me at trenden med auke år for år vart broten i 2012 med ein liten nedgang i høve året før.

## 2.3 Personal

### 2.3.1 Bemanning/likestilling:

Per 31.12.2012 hadde Lærdal kommune 254 tilsette 202 kvinner og 52 menn. Samla årsverk i kommunen var 242.

Leiargruppa i Lærdal består av to menn og to kvinner. Når det gjeld arbeidsplassane i Lærdal kommune er alle, med unntak av tenesteeining for teknisk drift avd. uteseksjon, kvinnedominerte arbeidsplassar, då særleg barnehagane og pleie- og omsorg.

| | Årsverk | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ansvar/År** | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| 110 Rådmannen | 11,46 | 15,06 | 20,73 | 19,88 | 24,56 | 20,40 | **16,0**** |
| 100 Folkevald/htv | (12,70) | | | | | 2,20 | **2,2** |
| 120 Oppvekst Borgund | 11,95 | 10,33 | 11,40 | 11,81 | 13,28 | 13,34 | **10,3** |
| 121Oppvekst Ljøsne | 10,61 | 10,06 | 10,40 | 11,33 | 10,06 | 9,65 | **10,7** |
| 122 Lærdalsøyri skule | 27,58 | 30,03 | 29,00 | 33,03 | 31,89 | 31,75 | **34,2** |
| 123 Lærdalsøyri barnehage | 26,90 | 28,20 | 29,40 | 34,70 | 33,60 | 24,60 | **27,9** |
| 131 Helse | 10,16 | 10,11 | 11,66 | 13,80 | 11,16 | 9,56 | **14,0** |
| 132 Sosiale tenester - NAV | 9,91 | 10,66 | 6,71 | 6,79 | 5,82 | 7,17 | **5,0** |
| 133 Pleie og omsorg | 57,29 ? | 71,00 | 74,9 | 75,83 | 74,43 | 77,26 | **87,9*** |
| 141 Landbruk | 2,90 | 3,3 | | | | | |
| 134 Barnevern | | | 2,75 | 1,05 | 1,25 | 1,00 | **1,0** |
| 151 Kultur og formidling | 8,27 | 7,87 | 7,18 | 8,08 | 8,07 | 7,40 | **6,8** |
| 162 Teknisk drift | 12,1 | 23,80 | 27,80 | 27,50 | 27,25 | 23,85 | **24,75** |
| 170 | | | | | | 1,00 | **2,0** |
| Sum | 204 | 220 | 237 | 244 | 241 | 229 | **242** |

- Grønebakken 9,5 årsverk * *To stillingar flytta til 162 og ein til 170

| | **Tal tilsette** | | | | **Kvinner** | | | | **Menn** | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ansvar** | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** | **2009** | **2010** | **2011** | **2012** |
| 110 Rådmannskontoret | 23 | 26 | 23 | **22** | 10 | 15 | 16 | **14** | 13 | 11 | 7 | **8** |
| 120 Oppvekst Borgund | 13 | 17 | 18 | **15** | 10 | 14 | 15 | **13** | 3 | 3 | 3 | **2** |
| 121 Oppvekst Ljøsne | 15 | 12 | 16 | **11** | 12 | 10 | 15 | **10** | 3 | 2 | 1 | **1** |
| 122 Lærdalsøyri skule | 39 | 38 | 36 | **33** | 32 | 34 | 30 | **28** | 7 | 4 | 6 | **5** |
| 123 Lærdalsøyri barneh | 38 | 40 | 31 | **28** | 37 | 37 | 30 | **27** | 1 | 3 | 1 | **1** |
| 131 Helse | 16 | 14 | 13 | **16** | 10 | 11 | 10 | **12** | 6 | 3 | 3 | **4** |
| 132 NAV | 10 | 9 | 11 | **7** | 9 | 7 | 8 | **6** | 1 | 2 | 3 | **1** |
| 133 Pleie og omsorg | 100 | 96 | 97 | **104** | 94 | 91 | 92 | **91** | 6 | 5 | 5 | **13** |
| 134 Barnevern | 2 | 2 | 1 | **1** | 2 | 2 | 1 | **1** | 0 | 0 | 0 | **0** |
| 151 Kultur og formidl. | 16 | 15 | 16 | **12** | 7 | 6 | 6 | **4** | 9 | 9 | 10 | **8** |
| 162 Teknisk drift | 31 | 33 | 33 | **26** | 17 | 21 | 16 | **16** | 14 | 12 | 13 | **10** |
| 170 Nøytrale utgifter | | | | **2** | | | | | | | | **2** |
| Lærdal kommune | 303* | 302 | 295 | **277** | 240 | 248 | 243 | **222** | 63 | 54 | 52 | **55** |

*Nedgang i tal tilsette skuldast rydding i systemet – timeløna og korte vikariat som er ute er avslutta og fjerna.

### 2.3.2 Alderssamansetjing

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gjennomsnittsalder | 45,06 | 42,87 | 43,58 | 43,04 | 41,08 | 41,84 | 45,08 | 46,1 |

Tabellen viser at ein aukande gjennomsnittsalder i organisasjoen frå 2009. Samstundes ligg me likevel under gjennomsnittet i fylket.

### 2.3.3 Seniorpolitikk

Med verknad frå 01.01.2008 vedtok Lærdal kommune tiltak for å halda på stabile, lojale seniorar utover 62 år. Eit tilbod er å arbeida 80%, men motta 100% løn, samtidig som ein kan avvikla ei veke ekstra ferie. I 2012 var det fire personar som nytta tilbodet.

### 2.3.4 Løn

Lærdal kommune er oppteken av at likestilling er ein del av verdigrunnlaget vårt. At kvinner og menn skal ha like mogelegheiter, rettar og plikter, lik fordeling av makt, innflytelse og omsorg – og at kvinner og menn med like lang utdanning skal ha tilnærma lik løn.

I 2012 reviderte me lokal lønnspolitikk i Lærdal kommune. Ein plan Likestillingslova med likelønnsbestemmelsen var med å forma.

Lærdal kommune som arbeidsgivar er oppteken av at begge kjønn skal vera økonomisk uavhengige og at lønnsforskjellar ikkje skal auka i foreldrefasen. Dette er kriterium som vert vektlagt ved lønnsforhandlingar.

Me har registrert dei tilsette sin formal- og realkompetanse i ein database. Dette er eit viktig verktøy for å måla kommunen sin kompetansebeholdning, kvaliteten på tenestene våre, avdekka kommunen sin kompetansetrong og oppnå aksept for tilsette sine eigne mål og ønskjer for utvikling. Det vil og gi oss viktig informasjon ved lønsforhandlingar i å nå målet om ei rettferdig løn og at like lang utdanning skal gi tilnærma lik løn.

Sentral lønsutvikling

| 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 4,5% | 4,8% | 6,7% | 4,3% | 4,7% | 3,7% | 4,2% | 4,0% |

### 2.3.5 Deltid/heiltid

Lærdal kommune jobbar kontinuerleg med å gi alle størst muleg stilling. Spesielt innafor pleie og omsorg er dette ei utfordring.. Det er likevel slik at ein del ikkje ønskjer full stilling. Det er og studentar som arbeidar helgar og difor har små stillingsbrøkar. Dette er etter eige ønskje. Med ny bemanniningsplan vedt des 2009 samt innføring av elektronisk turnusplan, fekk me betre oversikt over kven som kan få utvida stillingsstorleik. I 2012 vart det sett i gang eit stort arbeid med å legga om turnusane for å m.a. unngå små stillingsbrøkar – inndekking av helgar har vore ei stor utfordring.

### 2.3.6 Sjukefråvære

Sjukefråvære fordelt på einingane

| År | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 110 Rådmannen | 6,0 | 3,0 | 1,2 | 1,4 | 5,2 | 2,6 | 3,1 | 15,6 |
| 115 Reinhald | 4,0 | 3,0 | | | | | | |
| 120 Oppvekst Borgund | 8,9 | 4,0 | 9,1 | 3,1 | 0,6 | 0,5 | 1,5 | 6,8 |
| 121 Oppvekst Ljøsne | 10,1 | 6,6 | 1,8 | 0,9 | 6,6 | 9,6 | 3,6 | 7,7 |
| 122 Lærdalsøyri skule | 4,8 | 8,9 | 5,0 | 6,5 | 8,4 | 6,0 | 6,1 | 6,2 |
| 123 Lærdalsøyri barnehage | 6,7 | 6,9 | 10,4 | 9,1 | 10,2 | 8,2 | 10,3 | 15,6 |
| 131 Helse | 12,9 | 5,3 | 7,5 | 8,3 | 12,3 | 3,3 | 1,5 | 5,4 |
| 132 Sosiale tenester/NAV | 2,6 | 11,4 | 5,9 | 8,7 | 5,2 | 4,6 | 10,3 | 2,3 |
| 133 Pleie og omsorg | 7,4 | 11,1 | 11,1 | 11,8 | 12,0 | 9,6 | 9,4 | 11,7 |
| 134 Barnevern | | | | 17,9 | 6,7 | 1,2 | 0 | 0,8 |
| 141 Landbruk | 0,4 | 1,6 | 0,7 | | | | | |
| 151 Kultur og formidling | 1,9 | 2,3 | 2,5 | 2,6 | 2,0 | 1,9 | 0,9 | 1,9 |
| 161 Teknisk forvaltning | 4,4 | | | | | | | |
| 162 Teknisk drift | 4,9 | 1,5 | 2,0 | 2,8 | 6,3 | 4,2 | 6,9 | 2,9 |
| **Lærdal kommune** | **6,5** | **7,1** | **7,0** | **7,4** | **8,5** | **6,5** | **6,8** | **9,3** |

### 2.3.7 Kurs, opplæring og anna

Lærdal kommune har i 2012 gjennomgått ei omorganisering frå to til tre nivå. Dette har vore ein stor jobb og det har vorte lite tid til anna utviklingsarbeid i organisasjonen.
Lærdal kommune har gjennom året hatt kontinuerleg kursing i interne system (Acos, Visma Ansatt/Rekruttering/Økonomi)
Me har i tillegg kursa oss i IA avtalen – oppfølging av sjuke og rapportering til NAV.

Personal har elles jobba med innføring av

- Elektroniske reiserekningar
- Regelverk for bruk av heimekontor
- Retningslinjer for trussel og vold mot arbeidstakarar

Felleskurs

- Førstehjelpskurs
- Arbeidsmiljøkurs for leiarar
- 40 timars kurs i arbeidsmiljø
- Pensjon

For kompetanseheving elles – sjå årsmelding frå einingane.

HMT

Som eit fellesprosjekt i ÅLAV-kommunane, vart det i 2007/2008 utarbeidd nye HMT-systemhandbøker i kommunane. Lærdal og Årdal har same HMT system og eit nært samarbeid om HMT. Handbøkene har ein felles mal, men er sjølvsagt individuelt tilpassa den einskilde kommune og einskilde eining. Systemhandboka gjev ei oversikt over organiseringa av vernearbeidet i kommunane, og er eit oppslagsverk når det gjeld lover og forskrifter, kartlegging, instruksar, opplæring, varsling, avvikshandtering og rapportering.

Det er gjennomført brann- og vernerundar med oppfølgingsplan for alle bygg i kommunen.
Me har særleg fokus på avvikshåndtering.
Alle tilsette har vore på informasjonskurs i bruk av HMT systemhåndboka.

Lærdal kommune brukar ECO-online som sitt stoffkartotek

Etnisitet og nedsett funksjonsevne
Med verknad frå 01.01.2009 er det etablert aktivitets- og rapporteringsplikt for etnisitet og nedsett funksjonsevne – etter Diskrimineringslova §3a og Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova § 3.

Lærdal kommune har ved utlysing av stillingar ikkje aktivt gått ut for å rekruttera personar frå andre kulturar eller personar med nedsett funksjonsevne.

Me har lagt inn rutine på at me tek ein telefon til alle med ikkjenorsk bakgrunn – for å få sjekka ut norskkunnskapane. For tilsetjing i ein del yrke er det naudsynt å kunna gjera seg forstått på norsk.

Ved intervju og tilsetjing har alle fått same sjanse.
Språk har i ein del stillingar vore eit hinder for tilsetjing.
Det er mange søkjarar som er svært godt kvalifiserte, men språket hindrar dei i tilsetjing.
Norskundervisning er difor eit svært viktig virkemiddel for å komma inn på arbeidsmarknaden.

Me har i 2012 tilsett fleire med ikkje norsk bakgrunn.

Me har personar på opplæring – språktrening som me har søkt autorisasjon for og personar me har inne søknad om arbeidsløyve for.

Lærdal kommune har vore med og arrangert norskkurs for framandspråklege for eigne tilsette, familiemedlemmar og andre som arbeidar i Lærdal.

Lærdal kommune har kontinuerleg kontakt med NAV for å gi arbeidstrening til personar med nedsett funksjonsevne.

# 3 Tenesteeiningane

## 3.1 100 – Folkevalde

| | Hovutal frå Driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 |
|---|---|---|---|---|
| **Ansvar:** | **100 Folkevalde organ** | | | |
| 10001 | SENTRALE FOLKEVALDE ORGAN | 2 332 756 | 1 981 000 | 2 369 022 |
| 10003 | KOMMUNEVAL/STORTINGSVAL | 9 103 | - | 156 252 |
| 10004 | STØNAD POLITISKE PARTI | 53 804 | 100 000 | 48 087 |
| 10005 | HOVUDTILLITSVALD | 421 749 | 438 578 | 251 576 |
| 10006 | KONTROLLUTVAL OG REVISJON | 645 083 | 780 000 | 709 368 |
| 10007 | TILLEGGSLØYVINGAR | 12 240 | 100 000 | 82 480 |
| 10013 | INTERNASJONALT ARBEID | 27 080 | 10 000 | 14 155 |
| 18002 | OVERFORMYNDERI | 41 701 | 36 000 | 28 072 |
| 18003 | RÅD FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA | 62 396 | 68 000 | 42 268 |
| 18005 | RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA | 7 200 | 18 000 | - |
| | **TOTALT** | **3 613 112** | **3 531 578** | **3 701 280** |

Det er eit meirforbruk i høve budsjett på kring 80 000 kroner.

| | Møte | Saker | Møte | Saker | Møte | Saker |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2012 | | 2011 | | 2010 | |
| Kommunestyret | 9 | 111 | 11 | 152 | 12 | 97 |
| Formannskap | 16 | 165 | 18 | 181 | 26 | 203 |
| Administrasjonsutval | 13 | 40 | 8 | 22 | 14 | 36 |
| Forvaltningsutval | 7 | 33 | 8 | 48 | 10 | 39 |

Forvaltningsutvalet er vedteke lagt ned, siste møte var 12.12.2012

### 3.1.1 Kontrollutvalet

Kommunelova (KL) kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Kommunestyret har det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga, jfr. KL § 76. Kommunestyret vel eit kontrollutval til å stå føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga, j fr. KL § 77.

Etter kommunevalet i september 2011 valde kommunestyret følgjande kontrollutval for perioden 2011 —2015:

Olav Grøttebø (leiar)
Kari Blåflat (nestleiar)
Anders Haugen
Siv Rysjedal
Guri Olsen

Olav Grøttebø er også representant i kommunestyret.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret og dette gjer at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt hovudmål er å medverke til at kommunen sine oppgaver vert løyste på emn best mogleg måte i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Kontrollutvalet sine oppgaver er heimla direkte i kommunelova kapittel 12 og i forskrift om kontrollutval fastsett av Kommunal og regionaldepartementet.

I 2012 vart det halde 5 møte i kontrollutvalet, og det vart gjort vedtak i til saman 26 saker. Dei viktigaste sakene har vore:

- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten om offentlege innkjøp (sak 2/12)
- Årsmelding for kontrollutvalet i Lærdal kommune 2011 (sak 04/12)
- Ny plan for forvaltningsrevisjon vedteken i sak 19/12.
- Tertialrapportar
- Økonomireglementet (sak 15/12)
- Organisasjonsutviklingprosjekt
- Budsjett for kontrollutvalet (sak 20/12)
- Kontrollutvalet si fråsegn i høve mogeleg utmelding av SF revisjon (sak 21/12)
- Oppfølging av forvaltningsrevisjon Pleie- og Omsorg
- Sjukefråvere i kommunen
- Opne møte i kontrollutvalet (sak 26/12)

### 3.1.2 Råd for eldre og funksjonshemma

Råd for eldre og funksjonshemma er heimla i eiga særlov; Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd og Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for mennesker med nedsett funksjonsevne. Lovene seier at det skal vera eit eldreråd og ein representasjonsordning for mennesker med nedsett funksjonsevne i alle kommunar og fylkeskommunar. Desse lovene kan slåast i saman til eit råd, slik det er gjort hjå oss.

Medlemmar:

| | |
|---|---|
| Leiar: Knut O. Aarethun | Personleg Vara: Håkon D. Kvamme |
| Inger Stokke | Øyvind Hamre |
| Aslaug Grøttebø | Audun Takle |
| Mia Karlsen | Ingrid Bjørkum |
| Jermund Bosheim | Børre Klingenberg |
| Solfrid Sanden (n.leiar) | Marit Steinheim |
| Anders E. Mo | Agnar Berge |

Frå November bytta Inger Stokke plass med Øyvind Hamre.
Møte- saker:
Rådet hadde i 2012 7 møter og handsama 13 saker.
Rådet i 2012 brukt mest tid på medverknad i og handsaming av helse- og omsorgsplan. Rådet har vore representert i prosjektarbeidet ved rådsmedlem Aslaug Grøttebø.
I møte 21. Mai 2012 gav rådet fylgjande uttale til helse- og omsorgsplan – høyringsutkast:
"Kapittel 7 - mål og tiltak.

7.2 – Hovedmål - andre avsnitt, fyrste setning, bør lyde slik:
Tenestene skal minst vere i tråd med nasjonale føringar, og til ei kvar tid tilpassast brukaranesine ynskjer/krav .

7.3 – delmål – punkt fem:
Brukarane skal sikrast reell brukarmedverknad.
Rådet er svært opptekne av, saman med kommuneleiinga, å finna gode og praktiske løysningar for korleis reell brukarmedverknad kan fungere. Rådet vil seinare ta initiativ til åkoma i saman for å drøfta og løysa dette.

7.4 – Tiltak.

7.4.1 - Tiltak knytt til å realisera ei framtidig helse- og omsorgstrapp.
Rådet har merka seg aktuelle tiltak under dette kapittelet.
Rådet vil spesielt peike på trongen for å prioritere bruk av "Gamle Hjelpepleiarskulen", vidare vil rådet peika på trongen for å etablere eit bufellesskap for funksjonshemma
Dette for – som planen seier – styrke mellom anna psykisk helsearbeid - etablering av eit kraftsenter.

Interkommunalt samarbeid:
Rådet meiner at kommunen må arbeide sterkt for å kunne framstå som helsekommune for region Sogn. Jamfør mellom anna Samhandlingsreformen.

Utover ovanemde har ikkje rådet særlege merknader."

Rådet fann grunn til å gjenta denne uttalen til budsjettsaka 2013.

Rådet har også vore representert i arbeidsgruppe vedkommande ny Kommunal plan for idrett og friluftsliv 2013-2016 ved rådsmedlem Agnar Berge.

Tilskipingar:
Eldredagen 1. Oktober vart arrangert på Lindstrøm Hotel med 61 deltakarar. Dette var ei særs hyggeleg samkome med god mat, underhaldning ved Kristen Olav, Steinar og Magne.Tonefølgje til sangane på trekkspel, Audun Takle.
Ordførar og rådmann var til stades og orienterte om ma. den økonomiske stoda i kommunen,og svara på spørsmål.

### 3.1.3 Jeriko

**Vennskap Jeriko - Lærdal**
Lærdal har i 15 år hatt vennskapsavtale med Jeriko i Palestina. Vennskapsarbeidet blir drive av organisasjonen Vennskap Jeriko – Lærdal, som har om lag 80 medlemmer. Sidan Jeriko er Lærdal sin offisielle vennskapsby, har kommunen to representantar i styret, ordførar Jan Geir Solheim og Guro Eri Jakobsen. Å utvikla kontakten og med jamne mellomrom arrangera besøk er viktige føremål med vennskapsavtalen. I 2012 var det lærdølene sin tur til å reisa til Jeriko, og det skjedde i veka 1.-7. november. 26 sogningar, dei fleste frå Lærdal men òg nokre frå nabokommunane, fekk då store opplevingar i verdas eldste by. Programmet spente frå skulebesøk og kommunale møte til omvisingar på Jerikos murar, bading i Daudehavet og guida tur til byane Betlehem, Hebron og Nablus. Høgtideleg feiring av 15 års vennskap vart det også, og ikkje minst fleire heimebesøk hjå venner i Jeriko. Det siste er kanskje den aller viktigaste sida av vennskapsavtalen, at stadig fleire av innbyggjarane i Jeriko og Lærdal opplever å bli verkelege venner, sjølv om vi lever under så ulike forhold som vi gjer.

Nokre av deltakarane hadde offisielle oppgåver på turen, medan dei fleste i gruppa reiste som turistar. Ungdom, skule og 15-årsjubileet var sentrale tema for dette besøket. Helge Evensen Bjørkum, Anna Gjesdal, Maritha Tønjum Skjerdal og Tor Sælthun var offisielle ungdomsrepresentantar og fylte rolla si på ein flott måte. Dei har også etter besøket gjort ein stor innsats med å formidla inntrykk frå turen. Det same gjeld Ingebjørg Voll, som representerte skulane i Lærdal. Ho har vore rundt på skulane og barnehagane i Lærdal og fortalt om Jeriko og overrekt julekrubber, utskorne av oliventre, som gåve frå Vennskap Jeriko – Lærdal. Jan Geir Solheim var også med på turen, og det var viktig. Han er den femte lærdalsordføraren som har besøkt Jeriko, og han bidrog sterkt til at vi fekk god kontakt med den nyvalde Jeriko-ordføraren, Muhammed Jalaisa. Reiseleiarar var Lasse Sælthun og Anna Jorunn Avdem, som også er leiar i Vennskap Jeriko – Lærdal.

## 3.2 110 – Rådmannsfunksjonane

Ansvar 110 – rådmannsfunksjonanen omfattar sentraladministrasjonen, Servicesentralen, skatteoppkrevjar, næring, reiseliv, landbruk og tilskot kyrkja. Dei ansvarlege for funksjonane har skrive kommentarar til årsmeldinga.

**Bemanning:**

Det er 16 årsverk knytt til denne eininga. Nedgangen skyldast blant anna at 2 stillingar er flytta til ansvar 162 og 1 stilling til ansvar 170.

Det er interkommunalt samarbeid innan IKT, skatt, rekneskap og landbruk.

**Økonomi:**

| Hovudtal frå Driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Avik 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 11 347 687 | 11 378 976 | 14 266 001 | -31 289 |
| Andre Driftsutgifter | 22 145 759 | 19 570 634 | 23 121 044 | 2 575 125 |
| Sum driftsutgifter | 33 493 446 | 30 949 610 | 37 387 045 | 2 543 836 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -15 831 196 | -15 746 000 | -16 789 806 | -85 196 |
| Sum driftsinntekter | -15 831 196 | -15 746 000 | -16 789 806 | -85 196 |
| | | | | |
| Totalt | 17 662 250 | 15 203 610 | 20 597 239 | 2 458 640 |

Tabellen viser at eininga held lønnsbudsjettet, men at det er eit stort meriforbruk på andre postar.

Bak dette ligg ei rekke forhold. Ein stor post er bruk av advokattenester knytt til forhandlingar om overtaking av og offentleg anbod på drift av Stuvane kraftverk.

Ein annan stor post er bruk av konsulentar knytt Helse og omsorgsplan i ÅLA-kommunane, Norconsult i samband med Stuvane og Raudbergsbukti, PWC i samband med utvikling av næringsselskapet. For Raudbergsbukti får me kompensert nokre av kostnadene frå ECO. Dette vil komme inn i 2013.

Det er også ei overskriding på Landbruk knytt til å få inn naudsynt hjortefagleg kompetanse. Samla meirforbruk er her på kring 250 000 kroner. Vidare har me teke ein tap på fordringar, om lag 350 000 kr.

På næringssida har me hatt ein uføresett avtale med ein kostnad på kring 300 000 kroner.

Det er også meirforbruk på kontingentar på om lag 100 000 kroner.

Det har og vore meirkostnader ved rekruttering av leiarar. Dette har samanheng med lange tilsettingsprosessar, mange nyrekrutteringar og auka vekt på kvalitetssikring av dei medarbeidarane som vert rekrutterte.

### 3.2.1 Skatteoppkrevjarkontor

I 2012 har samarbeidet mellom Lærdal, Aurland og Vik kommunar halde fram. Det felles skatteoppkrevjarkontoret mellom desse tre kommunane kom på plass frå mai. 2010. Fram til 1. november 2011 var kontoret bemanna med 4 stillingar, der tre årsverk arbeidar frå kontoret i Lærdal, og eitt årsverk var tilknytt samarbeidet med kontorstad Vik. 1. november 2011 gjekk medarbeidaren i Vik av med pensjon. Kontoret har såleis i 2012 vore bemanna med tre årsverk plasserte i Lærdal.

Me prøver heile tida å få med oss Skatteetaten sine kurs og informasjonsmøte for kompetanseutvikling, slik at me held oss àjour fagmessig og i større grad kan spesialisera oss noko meir. Når det gjeld skatteoppkrevjaren sine hovudområde skatterekneskap, innfordring og arbeidsgjevarkontroll har kontoret no etablert eit lite fagmiljø med kompetanse på dei fleste områda.

Når det gjeld arbeidsgjevarkontrollen er kommunen medlem av den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen i Sogn. Dette samarbeidet består av alle 9 kommuane i Sogn.

Samarbeidet har 2 kontrollørar tilsett og vert administrert av skatteoppkrevjaren i Årdal kommune.

Kontoret har frå 2010 utarbeidd felles rutineskildring for dei tre kommunane. Me prøver heile tida å holda rutineskildringa àjour og utvikla vår internkontroll knytt opp mot våre rutinar. Føremålet med internkontrollen er sjå til at oppgåvene på kontoret vert løyste på ein forsvarleg måte i samsvar med gjeldane lover og reglar. Me skal føra kontroll av resultatkrava, og at avvik vert førebygd, avdekka og korrigert.

Me vil kontinuerleg utdjupa og utvikla rutinane for internkontrollen i rutineskildringa for å kvalitetsikra arbeidsoppgåvene.

Skatteoppkrevjarkontoret viser elles til eigen årsrapport for 2012. Dette er ein rapport som vert sendt Skatteetaten v/Skatt Vest, med kopi til Lærdal kommunestyret og Kontrollutvalet i Lærdal kommune.

### 3.2.2 Felles landbrukskontor ÅLA

Kontoret har ansvar for landbruksforvaltninga i Årdal, Lærdal og Aurland etter inngått avtale om interkommunalt samarbeid.

Med landbruksforvaltning er her meint forvaltning og handtering av spørsmål knytt til fylgjande lover med forskrifter: konsesjonslova, jordlova, skogbrukslova, viltlova, hundelova, forureiningslova, lov om forpakting, motorferdslelova, naturmangfaldlova, lov om ymse beitespørsmål.

I tillegg kjem saker som gjeld landbruksfaglege spørsmål for fylgjande lover med forskrifter: **vassressurslova, plan- og bygningslova, lakse- og innlandsfiskelova og odelslova.**

Kontoret har ansvar for statlege og lokale tilskotsordningar. Dette arbeidet er omfattande, viktig og tidkrevjande.

Kontoret er og med i utarbeiding av ulike planar og kjem med landbruksfaglege innspel til planar og andre dokument som kommunane har til uttale. Mykje av detta er omfattande og tidkrevjande arbeid.

Kontoret har no ein tilfredsstillande bemanning for å løysa arbeidsoppgåver som kontoret har ansvar for.

Det er utarbeida eiga årsmelding for Felles Landbrukskontor ÅLA, den er å finne på heimesida til Lærdal kommune.

### 3.2.3 Næring

Å ta vare på næringslivet vårt og legge til rette for ny utvikling er avgjerande for Lærdalssamfunnet. Lærdal næringsutvikling (LNU) er etablert i samarbeid med næringslivet for å gjere dette arbeidet på ein profesjonell måte. Etter endleg vedtak i kommunestyret hausten 2012 har det vore arbeidd med å få på plass ein dagleg leiar og ein styreleiar med "profesjonell" bakgrunn. I påvente av rekruttering har ordføraren fungert som styreleiar og styret har vore eit arbeidande styre. Det har også vore handsama søknader fortløpande.

Lærdal har også fått status som omstillingskommune, noko som tilførerer oss større økonomiske ressursar til å drive omstillingsarbeid. Dette skal komme som eit tillegg til det "vanlege" næringsutviklingsarbeidet. Her samarbeider me med Årdal. Omstillings-programmet har eit eige styre sett saman av styret i LNU i tillegg til ordførarene i Årdal og Lærdal. Politiske føringar vert lagt gjennom vedtak av program for omstilling og strategisk næringsplan. Engasjementet er høgt. Resultata vil komme med tida. Kva me oppnår er meir

avhengig av kva me gjer sjølve og kva strategiar me vel, enn kor mykje pengar me har til rådvelde.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Konto: 25120001 NÆRINGS-OG KONSESJONSAVG.FON | -2 512 313 | | |
| 22258 22262 08.01.13 12 Renter ktro 68.72365 2012 | | -6 271 | |
| 22343 22343 30.01.13 12 Avsett til auka kulturarr. | | 500 000 | |
| 22344 22344 30.01.13 12 Bruk av fond ihht budsj veteri | | 200 000 | |
| 22379 22379 05.02.13 12 Avsetn kons.sj.avgift | | -6 210 239 | |
| 22379 22380 05.02.13 12 Bruk av næringsfond ansv 110 | | 823 315 | |
| 22379 22380 05.02.13 12 Bruk av næringsfond ansv 110 | | 4 082 000 | |
| 22418 22418 10.02.13 12 Avs avdrag innbet. lån k.fond | | -152 597 | |
| 22418 22418 10.02.13 12 Avs innbet renter kons.fond | | -34 560 | |
| 22423 22423 11.02.13 12 Kommunestyresak 32/12 | | 300 000 | |
| SALDO | | -498 352 | -3 010 664 |

### 3.2.4 Reiseliv

Drift av "Villakssenteret " inkluderer i 2012 Norsk Villakssenter og Lærdal Turistinformasjon. Det vart gjort avtale med Aurland og Lærdal Reiselivslag om bidrag til drift av Turistinformasjonen, og med Sogn Kunstsenter vart det avtalt felles bemanning og eit mindre beløp til felles driftskostnadar. Åpningstid i 2012 var kl 10 – 17 i perioden 15.mai til 30. juni og kl 10 – 18 i perioden 1.juli til 15. august.

Besøkstalet i 2012 enda på 11.600 . Dette er noko lågare enn forventa. Ein har og hatt nedgang i grupper. 70% av bilettinntektene er frå vaksen- og familiebillettar. Grupper utgjer 26 %, resten er studentar og skuleelevar. Senteret hadde også sal av diverse varer; som bøker, kort, veg-og turkart, gåveartikler og souvenirar.

I 2012 samabeidde me med Borgund Stavkyrkje, der begge har seld kombibillettar til grupper med reduserte prisar. Dette har gjeve gode resultat for begge partar.

**Laksen Cafe**

Laksen Cafe vart leigd ut til SUVL AS frå 15. mai. Dei sto for kafedrifta med same åpningstid som senteret.

**Personale**

Norsk Villakssenter, Sogn Kunstsenter og Lærdal Turistinformasjon har hatt felles skrankepersonell i resepsjonen. Dagleg leiar vart engasjert i 100% stilling fra midten av april og ut september. Borgund Stavkyrkje tok seg av sal mot turoperatørar og gruppebestillingar fram til dagleg leiar var på plass. 7 personar var engasjert i ulike stillingar i sesongen. Sesongpersonale utgjer totalt 0,75 årsverk.

## Berekraftprosjektet

Hausten 2012 kom Lærdal inn som nr 2 på Topp 15 lista til Stiftinga Miljøfyrtårn over verksemder som er sertifisert i forhold til innbyggartal og Lærdal er den kommune med flest miljøsertifiseringar i reiselivnæringa i Sogn og Fjordane

Det vart arrangert kurs for verksemder som ville jobbe Miljøfyrtårn. I 2012 blei tre nye verksemder sertifisert.

I 2012 har Fjord Norge blitt plukka ut som ein av seks reisemål i verda av Global Sustainable Tourism Council til noko som heiter "Early Adopter Program". Lærdal var ein av tre område han besøkte under sitt Fjord Norge besøk.

Prosjekt sykle og gå i Lærdal: Her er det ein del underprosjekt som det har vore mange møte og arbeidssamlingar med.

Kongevegsprosjektet er eit særs spennande prosjekt for Lærdal der konseptet er ein vandreveg frå Vang i Valdres til Gamle Lærdalsøyri på deler av Kongevegen frå 1793. Konseptet går gjennom nesten heile kommunen og det gjer at store deler av næringslivet kan "hekte seg på" og utvikle sine produkt deretter. Det er positive signal om ei vidareføring av prosjektet i regi av Statens Vegvesen men at begge kommunar og fylkeskommunar lyt vere aktivt med. I tillegg jobbar me lokalt med "reiselivsdelen" og målet er å få plass eit eige fleirårig prosjekt som kan utvikle fellesgodene kring Kongevegen. Bla infrastruktur og marknadsføring.

Styringsgruppa har vedteke at Berekraftpiloten skal søke på nytt 3 årig prosjekt med Kongevegen som tema.

Merke – og graderingsprosjektet inngår som ei kvalitessikring av turvegane våre og skal vere til glede både for innbyggarar, tilreisande og tilflyttarar. Gjensidigestiftinga og Sogn og Fjordane fylkeskommune lyste ut midlar til merking av turstiar i 2012 og me fekk tildelt noko meir i 2012 enn i 2011. Målet for 2011/2013 er å få merka ti løyper (Lærdal Topp Ti).
I 2012 har ein fått ferdig og oppdatert handlingsplan for skiltarbeidet, samt at ein har laga tekst og bilete til tre tavler.

Vidare har ein merka Green Walk rundt Borgund Stavkyrkje som eit særs lett tilbod for dei med dårleg tid og fine sko. Tilbakemeldinga frå Borgund Stavkyrkje er at det fungerar bra. Vidare har ein halde på med finansieringsarbeid til dette prosjektet bla med Alr som ein av dei store aktørane.

Under berekraftig produktutvikling har me hatt ei rekkje underprosjekt. Vertskap Gamle lærdalsøyri er vidareført frå 2011, men i 2012 fekk vertskapet ny resepsjon og "startplass" - gamle Telegrafen.

Arbeidet med Grunnlovsjubileet 2014 har halde fram i 2012 – og Statens Vegvesen har bestemt seg for å markere sitt 150 års jubileum i Lærdal ved same høve i 2014. Arbeidsgruppa har hatt tre møter og ein har konkludert med fleire markeringar i 2014. I slutten av mai skal Bergen kystlag ro frå Bergen til Lærdal og då vil ein arrangere noko på Lærdalsøyri.

Midt Ljøsne Gard: I 2012 har fokuset vore å få bygt om stabburet til steinomnsbakeri og det er gjort. Bakeriet vart ferdig på seinsommaren og me nytta det til kurs i september. Kari Sigrun Lysne samarbeider også med prosjektet "Gamle Lærdalsøyri" der ho tilbyr bakevarer i gamle bakeriet, ho har og kjøpt inn ein spesialsykkel med plass til bakevarer som ein kan selje i sentrum om sommaren.

Lund Hjortefarm har i 2012 hatt eit forprosjekt der ein har testa ut besøk på garden med fôring til dyra osv. Det kom i gang forholdsvis seint i sesongen men var suksess! God mottaking hjå gjester – både turistar og hyttegjester (fritidsboligar). Mål med eit hovedprosjekt i 2013 er å vidareutvikla serveringsdelen/butikken.

Gjennom Lærdalskademiet får verksemder tilbod kurs. Kursa vil variere frå år til år med unntak av kurs i miljøfyrtårnsertifisering. Målet er å auke kompetansen i næringa og legge til rette for nye satsingsområde.

Drift av eininga har gått greitt gjennom 2012 men ei utfordring er at prosjektet ikkje har tilknyting til liknande næringar. Det kan vere arbeidsmiljø, tilgang til kompetanse, tilgang til marknadsarbeidet og turoperatørar osv. Samstundes er det viktig å få fram at prosjektet har godt samarbeid internt i organisasjonen.

Det har ikkje vore sjukefråvær i 2012.

I tillegg til prosjektleiar har prosjektet nytta sesongtilsette – blant anna i prosjektet Vertskap Gamle Lærdalsøyri. I tillegg har det vore noko innleige av personale og konsulentar.

Prosjektet er finansiert av Lærdal kommune, reiselivsnæringa samt Innovasjon Norge.

### 3.2.5 Kyrkja

I 2012 har Lærdal kyrkjestyre hatt 8 møte og handsama 44 saker.

**Kyrkjeleg administrasjonsutval**
Lærdal kyrkjestyre har vedteke at representantane for tilsette møter i kyrkjestyre ved handsaming av administrasjonsutvalssaker.

**Kyrkjeleg forhandlingsutval**
Det har vore gjennomført lokale lønsforhandlingar for tilsette i 2012.

**Utval for trusopplæring**
Utvalet er felles for Aurland og Lærdal. Utvalet har vide fullmakter i høve økonomi, stillingar og planar for trusopplæringa for born og unge 0-18 år.

**Personale 2012**
Lærdal kyrkjestyre er arbeidsgjevar for tilsamen 3,65 % årsverk. Trusopplæringsleiarstilling deler vi med Aurland kyrkjestyre og vi kjøper 0.50 % årsverk (kantor) frå Årdal kyrkjeleg fellesråd. Vi har tilsette som har vore stabilt lenge i stillingane sine.

Sokneprest; Helene Langeland i 100% stilling (Bjørgvin bispedøme er arbeidsgjevar).

Plenstell på Hauge og Tønjum kyrkjegard vart lyst ut i 2012, ei ordning som òg har synt seg å fungere godt. Vi har avtale med Ola Myrmel om maskinell graving på kyrkjegardane i Lærdal.

I tillegg har vi over 150 namn på frivillig lista vår, dette er personar som utfører frivillig arbeid for kyrkja. Arbeidsoppgåvene er alt frå å vere kyrkjevert, rådsmedlem, bake til kyrkjekaffi/trusopplæringsaktivitetar, vere ungdomsledarar, medhjelparar på trusopplæringsaktivitetar og liknande. Kvart år arrangerer Aurland og Lærdal frivilligfest, der alle frivillige får invitasjon i posten. I 2012 var det Lærdal som arrangerte frivilligfest på besøkssenteret på Borgund med avslutning i Borgund kyrkje.

**Kyrkjer og kyrkjegardar**
Vi har tre eldre kyrkjer frå 1831, 1868 og 1869 med kvar sin kyrkjegard. Vi ser at det er kostnadskrevjande å drifte desse bygga. I 2012 søkte vi kommunen om å få midlar til å måle

Tønjum kyrkje. Kommunen løyvde ikkje midlar før i 2013 og vi ser no fram til å få utført arbeidet.

Lærdal kyrkjestyre vedtok plan for kyrkjer- og kyrkjegardar i 2012, samt plan for brannsikring av kyrkjene. Desse planane vert det jobba vidare med i 2013.

**Driftsrekneskapen**
Driftsrekneskapen til kyrkjestyret gjekk i 2012 med eit overskot på kr. 25.453. Eit resultat vi kan seie oss nøgde med.

## 3.3 120 – Oppvekst Borgund

**Borgund skule**
Fram til 01.08.2012 var Oppvekst Borgund ei tenesteeining som omfatta ein 1-10 skule og barnehagen. Etter omorganisering i kommunen frå denne datoen vart ungdomsskulen flytta til Lærdalsøyri skule, og skulen og barnehagen på Borgund vart to separate einingar.
Borgund skule vart dermed ein to-delt 1-7 skule med 16 elevar.
SFO tilbodet for Borgund skule er lagt til barnehagen.

**Plan for eininga**
Samarbeidet mellom heim og skule har vore eit prioritert satsingsområde. Dette har skjedd gjennom månadlege undervegsvurderingar med attendemelding til heimen om eleven si utvikling fagleg og sosialt.

Skulen har nulltoleranse for mobbing. Me nyttar oss av antimobbeprogramma "Zippys venner" og "Steg for steg".

Samarbeid gjennom ulike prosjekt mellom einingane har hatt prioritet (fellesturar, leirskule, DKS, fiskeprosjekt, ekskursjonar). Spesielt har det vore fokus på overgangane barnehage/skule/ungdomssteg/vidaregåande.

Spes.ped ressursane ved eininga har vore nytta i hovudsak i barnehagen og på dei låge klassestega. Me har sterkt fokus på tidleg innsats.

**Drift av eininga**
Etter at ungdomsskulen vart flytta til Lærdalsøyri opplever me at det pedagogiske miljøet ved skulen er blitt mykje svekka. Barnehagen og skulen er gjort om til to uavhengige einingar.

Skulen har trong for nye datamaskiner, kopimaskin og skrivar.

Skulen har store og tenlege undervisningsrom med gode luft og lysforhold.

Skulen leverar gode tenester til brukarane.

Skulen skårar over landsgjennomsnitt på elevundersøkingane og eksamen 2012.
På nasjonale prøvar skårar me på landsgjennomsnitt.

**Personale/tilsette**
Det var eit krevjande vårhalvår for dei tilsette ved eininga på grunn av omorganisering, innsparingstiltak og flytting av ungdomsskulen. Det var usikkerheit omkring arbeidsforholdet

i kommunen og det sette preg på kvardagen. Hausthalvåret har gått greitt, sjøv om me opplever eit sterkt innskrenka fagmiljø.

Kjønns og alderssamansetning ved eininga er jamt fordelt på kvinner og menn i ulike aldrar.

Sjukefråværet ved eininga har gått opp. Årsaka til dette er langtidssjukemeldingar. Korttidsfråværet er framleis lågt. Fråværet ved eininga er ikkje relatert til forhold på arbeidsplassen.

Det var planlagt etterutdanning i "Vurdering for læring". Dette gjekk ut grunna personalstoda ved sentraladministrasjonen. Dette bør kome i gang haust 2013 eller vår 2014

**Økonomi**

| [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 3 390 396 | 3 174 195 | 4 286 048 | 216 201 |
| Andre Driftsutgifter | 416 417 | 441 000 | 482 846 | -24 583 |
| Sum driftsutgifter | 3 806 813 | 3 615 195 | 4 768 894 | 191 618 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -282 486 | -42 000 | -468 440 | -240 486 |
| Sum driftsinntekter | -282 486 | -42 000 | -468 440 | -240 486 |
| | | | | |
| Totalt | 3 524 327 | 3 573 195 | 4 300 454 | -48 868 |

Eininga leverar ein rekneskap med eit mindreforbruk på 48 868,- .

**Borgund barnehage**

Barnehagen er ein 1-avdelings barnehage med barn i alderen 1-6 år. I tillegg er skulefritidsordninga lokalisert og tilknytt barnehagen. Leksehjelp er ein del av skulefritidsordninga.

**Plan for eininga**

Rammeplanen med sju ulike fagområde gjev ei forpliktande ramme om kva innhald barnehagen skal ha:

- å gje eit godt tilbod med omsorg, leik og læring tilpassa aldersgruppa 1-10 år.
- "teikn til tale" har vore eit viktig fokusområde
- inkludering i fellesskapet gjennom samspel / leik
- eit godt samarbeid med heimen

**Drift av eininga**

Me er godt fornøgde med barnehagen som var ny i 1999, og den ber ikkje preg av slitasje enno.
Barnehagen har hatt full gruppe og i hausthalvåret har barnetalet vore over normen.
God organisering og stabile vaksne har gjort sitt beste for at kvardagen skal fungera.
Omstillingsprosjektet førte med seg ein del uro og usikkerheit. Resultatet for barnehagen vart deling av oppvekst og tilbake til den gamle ordninga med barnehagen som eiga eining.
Me må bli flinkare til å bruka heimesida.

**Personale/tilsette**

| [illegible] | 2011 | | 2012 | |
|---|---|---|---|---|
| | vår | [illegible] | vår | [illegible] |
| Tal tilsette | 7 | 7 | 7 | 8 |
| Årsverk | 5.7 | 5.6 | 5.5 | 5.6 |
| Gjennomsnittsalder | 44 | 49 | 50 | |
| Tal barn i barnehage | 15 | 13 | 14 | 15 |
| Tal barn i SFO | 5 | | 7 | 6 |
| Fråvær | 1.3 | | 5.4 | |

Våren 2011 var det tilsett ein ung mann som fekk gjennomsnittsalderen ned. Barnehagen er ein kvinnearbeidsplass i alderen 38 – 59 år
Auken i fråværet skuldast ei langtidssjukemelding.

**Økonomi**

| [illegible] Driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Avvik 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 2 496 996 | 2 494 557 | 2 491 006 | 2 439 |
| Andre Driftsutgifter | 93 307 | 61 000 | 106 945 | 32 307 |
| Sum driftsutgifter | 2 590 303 | 2 555 557 | 2 597 951 | 34 746 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -386 430 | -230 000 | -266 939 | -156 430 |
| Sum driftsinntekter | -386 430 | -230 000 | -266 939 | -156 430 |
| | | | | |
| Totalt | 2 203 873 | 2 325 557 | 2 331 012 | -121 684 |

Eininga går ut med ei mindreforbruk på 120 000 i høve budsjett.

## 3.4 121 - Oppvekst Ljøsne

Ljøsne skule er ein fådelt barneskule, med fire klassar. Elevtalet ved utgangen av 2012 var 53. Klassane (aldersgruppene) har undervisning i lag to og to, bortsett frå nokre delingstimar i basisfaga. Dei eldste elevane (7.kl.) har hatt undervisning i alle fag åleine.I tillegg har me SFO-ordning (26 elevar), som følgjer skuleruta.

| | 2011 | 2012 | Endring |
|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 16 | 13 | -3 |
| Årsverk | 9,65 | 10,5 | 0,85 |
| Sjukefråvær | 3,6 | 7,70 % | 4 % |
| Tal elevar | 48 | 53 | 5 |

**Plan for eininga**

Satsingsområda i 2012 var følgjande:

1. Strukturera den digitale opplæringa ved Ljøsne skule.
2. Vidareutvikla og standarisera rutinanen for undervegsvurdering i skulane i Lærdal.
3. Skapa/vedlikehalda leseglede og leselyst hjå elevane (LUS).
4. Gje elevane instrument- og samspelsopplæring.
5. Utarbeide ein lokal mobbeplan.

Mål nr 1 er ikkje oppnådd, grunna dårleg IKT-situasjonen her på huset. Det er trong for ny fiberkabel.

Mål nr 2 er ikkje oppnådd. Årsaka til det er at alle lærarane brukte mykje tid på etterutdanning i klasseleiing i 2012. Det var ikkje tid eller krefter til å starta med ny etterutdanning hausten-2012.

Mål 3 er nådd, men må jobbast med kontinuerleg.
Mål 4 er nådd, men må jobbast med kontinuerleg.
Mål 5 er nådd. Planen er utarbeidd og godkjent i FAU og SU.

**Drift av eininga**
Den daglege drifta har gått bra trass i ein økonomisk pressa situasjon. Det høge sjukefråværet har vore ein utfordring.

**Personal/tilsette**
Både korttids- og langtidssjukefråværet har vore høgt – spesielt frå nytt skuleår. Sjukefråværet for 2012 var på 7,7%, mot 3,6% i 2011.

Tal tilsette har vore slik: 12 kvinner og ein mann. I tillegg har me leigd inn ein mannleg musikklærar frå kulturskulen i 20% stilling. Fleire av dei tilsette har låge stillingsprosentar.

Skulen har godt kvalifiserte lærarar, og yter gode tenester til brukarane.

**Økonomi**

| Hovudtal frå Driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Avik 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 5 859 272 | 5 544 578 | 5 569 409 | 314 694 |
| Andre Driftsutgifter | 682 078 | 468 000 | 597 315 | 214 078 |
| Sum driftsutgifter | 6 541 350 | 6 012 578 | 6 166 724 | 528 772 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -690 105 | -263 000 | -520 576 | -427 105 |
| Sum driftsinntekter | -690 105 | -263 000 | -520 576 | -427 105 |
| | | | | |
| Totalt | 5 851 245 | 5 749 578 | 5 646 148 | 101 667 |

Ljøsne skule gjekk ut med eit meirforbruk i høve budsjett på 100 000 kroner. Skulen har nesten halde den økonomiske ramma i 2012 trass i eit høgt langtidssjukefråvær. Årsaka til at me til slutt kom i mål, var at det vart sett inn "billigare" vikarar enn lønsrefusjonen til slutt enda på. Det er knytt store utfordringar til vikarutgifter, i og med at dette ikkje er forutsigbart frå år til år.

**Generelle kommentarar til utfordringane framover**
Skulen treng renovering/oppussing. Spesielt har klasseromma i den gamle delen av skulen dårleg luftkvalitet.

Oppvekst Ljøsne, tenesteeining 121, er ein fådelt barneskule med 4 klassar. I tillegg har me SFO-ordning, som følgjer skuleruta.

## 3.5 122 - Lærdalsøyri skule

Resultatkvaliteten er elevane sitt faglege, sosiale og personlege læringsutbytte – ei beskriving av det ein vil oppnå med det pedagogiske arbeidet.

I samarbeid med heimen skal skulen gje alle elevane den utrustninga dei treng for å utvikla seg. Kunnskap om eigen kultur skal gje dei rotfeste, identitet og tryggleik.

Me har tett samarbeid med PPT og føresette om spesialundervisning.

Skulen pliktar å gje elevane tilpassa opplæring, varierte læringsmetodar/-arenaer i arbeidet med kompetansemål i læreplan.

Lærdalsøyri skule har ansvar for vaksenopplæring for heile kommunen



52

**Elevar**
Me hadde våren 2012, 205 elevar ved Lærdalsøyri skule, fordelt på 11 klassar

Hausten 2012 var elevtalet ved Lærdalsøyri skule 210. Auken skuldast vedtak om flytting av 8-10 klasse ved Borgund skule til Lærdalsøyri

**Nasjonale prøvar**
Meistringsnivå for 8. og 9. klasse i rekning, er over gjennomsnittet på fylkes og nasjonalt nivå, noko som også syner seg i 5. klasse som er over fylkes og nasjonalt nivå.

I lesing er 8.og 9. klasse er noko under fylkes og nasjonalt nivå. Tiltak er sett inn, retta mot leseteknikkar. 5. klasse ligg også her over fylkes og nasjonalt nivå.

Engelsk i 8. klasse vil med god trening kunna heva seg opp igjen. 5 klasse var igjen her over fylkes og nasjonalt nivå.

Vi hadde svært gode resultat på eksamen.

**Aktivitet for skulen**
Samarbeid med føresette er ein viktig del i Lærdalsøyri skule sitt arbeid. Eit ledd i dette er samarbeid med FAU og SU.

Skulen arbeider med prosjektet "elva vår"

**Høgskulen i Sogn og Fjordane**
Hausten 2012 inngjekk vi eit samarbeid med Høgskulen i Sogn og fjordane, om bruk av praksisstudentar. Praksislærarar vart kall inn til kurs. Fag som studentane følgjer, er engelsk, kroppsøving og samfunnsfag. Dette positive samarbeidet skal forsetja framover. 2 kontaktlærarar var då inne som øvingslærarar. Lærdalsøyri skule vil med dette få tilbod om å delta på ulike kurs og invitera førelesarar til skulen.

Miljøarbeidar for skulane har LØS som fast arbeidsstad og er løna derifrå.

**Personale/tilsette**

| | 2011 | 2012 | Endring |
|---|---|---|---|
| Tilsette | 40 | 33 | -7 |
| Årsverk | 32,25 | 34,2 | 1,95 |
| Sjukefråvær | 6,1 | 6,2 | 0,1 |
| | | | |
| Elevtal | 205 | 210 | 5 |
| SFO-tal | 38 | 30 | -8 |

Tilsette og årsverk:

Frå 2011 til 2012 vart det ein auke i tal årsverk, noko som har samanheng med auke i tal elevar og deling av klassar. Vi har og elevar som treng pedagog og assistent oppfølging kvar dag på skulen.

**Kommentarar til sjukefråvær:**

Frå 2012 har vi 6,2 % sjukefråvær. For vår skule er det slik at vi har hatt ei auke på korttidssjukemeldte og har nytta eksterne vikarar. Vi har i den perioden samarbeidd med vikarar som er kvalifisert for ulike fag. Det er studentar som går 3. året på høgskulen, og lokale personar. Vi har lagt til rette for endring på timeplanar, slik at vi kan nytta eigne krefter.

**Oppfølging av sjukmelde**
Vi følgjer IA-avtalen, noko som medfører tett kontakt med den sjukemelde. Det er gjennomført både oppfølgingsmøte og dialogmøte med dei langtidssjukmelde. Alt skal dokumenterast.

Tilsette har mellom anna fått tilbod om mindre møtetid over ein periode. I tillegg har dei tilsette hatt tilbod om å nytte Gymloftet.

**Kommentarar til drift elles:**
Det har vore gjennomført medarbeidarsamtaler for pedagogar og for assistentar. Det har vore samtale med alle elevar. Rektor starta hausten 2012 og besøka alle klassane, det er avsett 1 time til kvar klasse. Tema var trivsel – orden/åtferd

Det er utarbeidd verksemdplan som er klar til bruk 2013.
Organisasjonen arbeider med tilpassa opplæring.

**Økonomi**

| Hovudtal frå Driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Avvik 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 18 374 543 | 17 441 294 | 17 388 200 | 933 249 |
| Andre Driftsutgifter | 2 739 064 | 2 700 417 | 2 897 663 | 38 647 |
| Sum driftsutgifter | 21 113 607 | 20 141 711 | 20 285 863 | 971 896 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -2 361 706 | -1 465 000 | -2 753 571 | -896 707 |
| Sum driftsinntekter | -2 361 706 | -1 465 000 | -2 753 571 | -896 707 |
| Totalt | 18 751 901 | 18 676 711 | 17 532 292 | 75 189 |

LØS har eit meirforbuk i høve ramma på 75 000 kroner i 2012.

### 3.5.1 Kostra-tal skule







## 3.6 123 - Lærdalsøyri barnehage

I Lærdalsøyri barnehage arbeidar det 33 driftige damer. Vi har og vore så heldige å ha nokon mannlege rollefigurar inne som vikarar dette året

Lærdalsøyri barnehage er en 7-avdelings barnehage og pr. 31.12. 2012 hadde me 96 barn i alderen 1-6 år. Det var full barnehagedekning i 2012.

Barnehageåret 2012 har vore prega av auka sjukefråvær, både kortsiktig og langsiktig. Oppfølging av sjukemelde har vore ressurskrevjande og teke mykje tid i kvardagen.

**Plan for eininga**
Barnehagen har ein årsplan og eit årshjul dei arbeidar etter.

Lærdalsøyri barnehage satsa i 2012 på å lage eiga heimeside. Det har vore kursing av det pedagogiske personalet, både internt og eksternt. Heimesida vert klar 1.april 2013.

Lærdalsøyri barnehage har hatt følgjande som overordna pedagogiske satsingar:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse

Barnehagen har hatt Thorbjørn Egner som tema gjennom året. 100 års dagen hans, 12.12.2012 markerte barnehagen med fest.

Samarbeid overgang barnehage skule er også eit viktig fokus gjennom året. 5-åringane har eigen klubb i barnehagen.

**Drift av einiga**
Den daglege drifta av eininga gjennom 2012 har gått bra, trass i utfordringane som har vore med mange sjukemeldingar og ein stram økonomi. Personalet i barnehagen har stilt opp for kvarandere og drege lasset ilag.

Hausten 2011 flytta me inn i den nye barnehagen. Den hausten brukte me tid på å bli kjent i bygget. I 2012 har me brukt ein del tid på å skape nye rutinar.

Arbeidet med uteområdet har halde fram i 2012. Det er utfordringar på uteområdet som gjer at ein ikkje får nytta arealet fullt ut.

Sjukefråveret for 2012 har vore særs høgt, og me har hatt fleire langtidssjukemelde. Dette er eit resultat av tidlegare år med sprengte avdelingar. Høgt sjukefråvær skapar utfordringar for den daglege drifta. Eit døme er mange tilfeldige vikarar. Ei anna utfordring er å få nok kvalifisert personale.

Barnehagen har og nytta spesialpedagogiske tiltak.

**Personale**

| [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] |
|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 31 | 33 | 2 |
| Årsverk | 25,3 | 26,23 | 0,93 |
| Fråvær | 10,30 % | 15,60 % | 5,30 % |
| Tal barn | 97 | 97 | 0 |

Lærdalsøyri barnehage hadde pr. 31.12 2012 tilsette: ein styrar, 6,5 pedagogiske leiarar, ein førskulelærar, seks barne- og ungdommsarbeidarar/fagarbeidarar og resten assistentar fordelt på sju avdelingar.

Vidareutdanning:

1 pedagog avslutta hausten 2012 master i organisasjon og leiing, utdanningsleiing, 120 studiepoeng

4 pedagogar avsluttar i byrjinga av 2013 "Leiing i framtidas barnehage", 30 studiepoeng

Driftsåret 2012 var eit utfordrande år for Lærdalsøyri banrnehage. Me var flytta inn i ein ny barnehage og hadde ikkje fått skikkeleg på plass nye arbeidsrutinar og god oversikt over kvar ting var til ei kvar tid. Personalet har vore dyktige og all ros til dei, for å ha hjelpt til på alle kantar.

Ei anna utfordring som barnehagen hadde i 2012 var å få tak i pedagogisk personale.

Barnehagen er ein arena der me arbeider i direkte kontakt med borna heile tida, noko som gjer at både born og personale er utsatt for sjukdom. Ein medverkande årsak til at kortidssjukefraværet har auka hjå tilsette, er at ikkje alle brukarane overheld 48 timars regelen som me har for influensa og omgangssjuke.

Oppfølgjing av langtidssjukemelde har vore eit ressurskrevjande arbeid. Me følgjer IA – avtalen, noko som medfører tett kontakt med den sjukemelde. Det vert gjennomført oppfølgingsmøte og dialogmøte med dei sjukemelde.

**Økonomi**

| Hovudtal frå driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Avvik 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto 10000-10999) | 13 354 336 | 11 825 559 | 13 610 881 | 1 528 777 |
| Andre driftsutgifter | 812 621 | 1 030 000 | 841 600 | -217 379 |
| **Sum driftsutgifter** | **14 166 957** | **12 855 559** | **14 452 481** | **1 311 398** |
| Driftsinntekter | -4 181 970 | -2 600 000 | -2 753 571 | -1 581 970 |
| **Sum driftsinntekter** | **-4 181 970** | **-2 600 000** | **-2 753 571** | **-1 581 970** |
| **Totalt** | **9 984 987** | **10 255 559** | **11 698 910** | **-270 572** |

Tenesteeininga hadde i 2012 eit positivt avvik på om lag kr. 270 000,-,
Auken i inntektene skuldast i hovudsak refusjon av sjukepengar, som ein må sjå i samenheng med auken i løn.

### 3.6.1 Kostra-tal barnehage




## 3.7 131 - Helse

Dette området har ansvaret for følgande tenester: lege, fysioterapi,helsesyster/helsestasjon, psykiatri og dagleg drift av helsesenteret.

**Plan for eininga**



57

Det er tilsett ein ny lege i kommunen. Fyrste tida var han vikar for kommunelege 1 som hadde permisjon i fire månader. Etter permisjonstida har tilsetjinga representeret ein reell kapasitetsauke for legetenesta. Denne er nytta til å auke opp sjukeheimslegefunksjonen samt at ein syter for legedekninga ved helsestasjonen . Kommunen har sagt opp avtale med privatpraktiserande lege om kjøp av tenester til helsestasjonen. I tillegg er kommunelegen sentral i planlegginga av interkommunal legevakt og lokalmedisinsk senter.
Det er tilsett ein ny fysioterapeut i fast stilling frå desember. Før dette var han tilsett i vikariat. Helsesyster har 1, 5 stilling i bemanningsplanen. Store delar av året har denne vore bemanna kun med ei helsesyster i 100% stilling. Ei helsesyster er ute i permisjon utan løn fram til august 2013.

Psykiatritenesta har hatt prosjektstilling knytt til eininga frå 1. mars. Prosjektstillinga har vore nytta til miljøfagleg arbeid knytt til rus og rusrelaterete problemstillingar.

**Drift av eininga**
Drifta har stort sett gått som planlagt, men det vert meldt om stort arbeidspress i delar av tenesta. Dette skuldast mellom anna langstidssjukemeldingar som har vore utfordrande. I tillegg har bemanninga vore låg, særleg innanfor helsesyster/helsestasjonen, dagleg drift av helsesenteret og til tider fysioterapi.. Me har pga den vanskeleg økonomiske situasjonen redusert utgifter til vikarar og valt gå ned på eit minimum av innleige av vikarar ved sjukdom og ferie. På kort og lang sikt vil dette føre til slitasje på dei tilsette.

**Samhandlingsreforma**
Samhandlingsbarometeret, som er ein nettstad som gjer kunnskap tilgjengeleg for mellom anna kommunehelsetenesta, fortel oss at Lærdal kommune har eit meirforbruk på om lag 40 000.- til medfinansiering av pasientar til spesialisthelsetenesta. Kommunen har imidlertid teke imot alle utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta. Tenesta arbeider mot å oppnå mindreforbruk på medfinansieringa ved å etablere tilbod som kan vere eit alternativ til innlegging på sjukehus. Dette håpar me å få til i interkommunalt samarbeid og etablering av lokalmedisinsk senter.

**Meldingsløftet**
Helse-og omsorgstenestene er med i eit samarbeid med fleire kommunar i Sogn og Fjordane om å gjere kommunikasjonen mellom nivåa i helsevesenet lettare og betre. Dette set krav til ikt-verktøy og programvare. Kommunen har inngått eit samarbeid med Årdal og Aurland om felles prosjekt knytt til oppstart, programvarelisensar, opplæring,etc

**Beredskapsarbeid**
Kommunen er, som ein av ti kommunar, trekt ut til å vere med i eit læringsnettverk for beredskap i regi av Fylkesmannen.

**Doktorheimen**
Ei arbeidsgruppe har utarbeida eit forslag til avtale med fylkeskommunen om leige og vidare kjøp av eigedomen og bygningsmassen ved gamle hjelpepleiarskulen. I tillegg har gruppa laga eit forslag til bruk, kartlagt brukargrupper og behov i den samla tenesta.

**Helse-og omsorgsplan**
Det er utarbeidd ein ny, strategisk plan for helse-og omsorgstenestene i kommunen. Ressurssenter for omstilling i kommunane (RO)vart nytta som prosjektleiar og til å framskaffe naudsynt kunnskapsgrunnlag. Den vedtekne planen er tufta på eit samarbeid

mellom tenesteeiningane, representert av tilsette i tenestene, tillitsvalde,vernetenesta og politikarar.

**Personale/tilsette**

Viser til punkt over som seier noko om permisjonar, vikarar, prosjektstillingar og nytilsette. Det har vore ein auke i sjukefråveret, dette skuldast mellom anna langtidssjukemelding.

| [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 13 | 16 | 3 | 12 | 4 |
| Årsverk | 9,56 | 14 | 4,44 | | |
| Sjukefråvere | 1,60 % | 5,40 % | 3,8 | | |

**Økonomi**

| [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 9 061 698 | 8 590 900 | 8 242 437 | 470 798 |
| Andre Driftsutgifter | 7 070 814 | 6 808 000 | 10 574 895 | 262 814 |
| Sum driftsutgifter | 16 132 512 | 15 398 900 | 18 817 332 | 733 612 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -4 536 122 | -3 925 000 | -7 041 175 | -611 122 |
| Sum driftsinntekter | -4 536 122 | -3 925 000 | -7 041 175 | -611 122 |
| | | | | |
| Totalt | 11 596 390 | 11 473 900 | 11 776 157 | 122 490 |

Rekneskapen viser eit meirforbruk på 122 490.- Dette skuldast i hovudsak mindre refusjon av lønsutgifter til brukar som kommunen kjøper tenester for.




## 3.8 132 – Sosiale tenester – NAV

I tenesta ligg funksjon 24200 Konsulent for funksjonshemma med ansvar for habilitering og rehabilitering. Samla ansvar for individuelle planar. Det er tenester som fritidskontakt, avlastning, omsorgsløn, kursutgifter til brukarar, og kjøp av andre tenester. Til tenesta ligg også ordninga med tilrettelagt transport for funksjonshemma. T.d. blir det kjøpt tenester som

riding og fjøsstell i Lærdal, og aktivitetstenester hjå Asvo i Årdal. Det er avgjort at tenesta skal flyttast over til helse- og omsorg.

I tenesta 24300 edruskapsvern ligg det utgifter til noko informasjonsarbeid, kursutgifter, og inntekt av skjenkeavgift. Til området ligg ein del tverrfagleg arbeid gjennom samarbeid med helse.

I tenesta Aktivitetshuset med funksjon 27200, ligg drift og tilrettelegging av dagtilbod til psykisk utviklingshemma. For tida lokalisert til "Gamleposten". I tillegg er det eit ope tilbod til personar som har behov for eit dagtilbod. Det er plan at tenesta skal over til helse- og omsorg og lokaliserast i "Doktorheimen".

Tenester innafor funksjon 27600 kvalifiseringsordninga, og 28100 økonomisk sosialhjelp ligg til Navkontoret. Hovudoppgåva er oppfølging av personar med råd og rettleiing om økonomi. Største utgiftsposten er økonomisk sosialhjelp i ein overgansperiode til enkeltpersonar og familiar. Rettleiing og sakshandsaming innanfor Husbanken sine ordningar som Startlån, bustadtilskot og bustønad ligg også til ansvaret. Det var ytt stønad til 67 ulike personar, som var 6 fleire enn året før.

Ansvaret for flyktningtenesta er lagt til Navkontoret, men avgjerd om mottak er utsett. Kommunestyre budsjetterte med kr 200.000 til utgreiingsarbeid.

**Plan for eininga**

Eininga har ei form for oppgåver, der ein i mindre grad kan planlegge kundar sine behov og driftsmønster. Det er hovudmålet at det skal gjevast stønad i ein overgangsfase, og at folk skal vere sjølvhjelpne. Hovudfokuset ovanfor dei fleste, vil vere at arbeidsevna blir nytta best mogeleg. Oppfølging og støtte til sikring av inntektsgrunnlag er viktig. Rettleiing innanfor økonomi, og handtering av gjeld, er sentrale oppgåver. I 2012 vart det avgjort at Aurland, Lærdal og Årdal skal ha felles gjeldsrådgjevar. Funksjon er på plass i januar 2013, og vil auke kapasitet og kvalitet i den delen av tenesta.

Innanfor oppfølging av funksjonshemma er det arbeid med individuelle planar, bruk av tverrfaglege ansvarsgruppemøte, samhandling med skule og helse. Området krev ei planmessig tilnærming til oppgåvene.

Aktivitetshuset er under press, fordi framtidsituasjon ikkje er avklart i tilstrekkeleg grad, og bemanninga er låg grunna reduksjon av brukarar og små budsjett. Nye brukarar vel også andre tilbod, som fritidskontakt, tilbod frå Asvo m.m. Aktivitetshuset har eit godt tilbod til fleire, men blir utfordra på å tilpasse tenestene til brukarar sine behov. Oppgåvene er drift av skulekantine, cateringavdeling, bodbilteneste, handverks- og hobbyarbeid, og foredling og sal av ved.

**Drift av eininga**

Navkontoret har hatt eit travelt arbeidsår, men med stabil bemanning og lite fråvær. Kontoret har tre kommunalt, og to statleg tilsette etter vedteken plan. Av dei kommunale, er det ei spesialstilling, Konsulent for funksjonshemma, Det skal nemnast at ein del av denne stillinga også yter andre tenester enn "spesialstillinga". I tillegg til nemnde tenester til kommunen, ytast eit stort tenestespekter på Nav stat sitt ansvarsområdet. Det er ikkje omtala i denne rapporten.

Aktivitetshuset har drive utan avdelingsleiar, og med om lag 2 stillingsheimlar i driftsåret. Etter sommaren har det vore 1,8 stillingar. Dette er ei minimumsbemanning som er sårbar, og som ein planlegg skal støttast i samarbeid med helse- og omsorg.

Det er vedteke å føra over ansvaret for Aktivitetshuset og Konsulent for funksjonshemma til helse. Prosessane er ikkje gjennomført. M.a. i påvente av utfallet av saka om

"Doktorheimen". Ein må ta omsyn til brukarar, og personell. Tenesteleiarane samhandlar om prosessen, og det er gjennomført orienteringsmøte med tilsette.

Vedteken rekruttering av flyktningkonsulent og mottak av flyktningar vart utsett av kommunestyret, og det er sett av kr 200.000 til utgreiingsarbeid i 2013.

Tilsette ved NAV kontoret deltek kontinuerleg på ulike opplæringsprogram i regi av NAV, og av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I 2012 er det m.a. implementert nytt lovverk i sosialtenesta, der tilsette har gjennomført opplæringsprogram. I tillegg har Fylkesmannen gjennomført eit læringstilsyn på fagområde sosialtenestelova.

Samla sett er tenesta under god kontroll. Dei tilsette må handtere eit breitt spekter av tenester, i stadig utvikling, og har eit stort arbeidspress på seg.

| Hovudtal frå Driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Avik 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 4 574 194 | 4 457 166 | 4 674 168 | 117 028 |
| Andre Driftsutgifter | 3 467 523 | 2 712 000 | 2 668 938 | 755 523 |
| Sum driftsutgifter | 8 041 717 | 7 169 166 | 7 343 106 | 872 551 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -1 539 630 | -549 000 | -1 155 628 | -990 630 |
| Sum driftsinntekter | -1 539 630 | -549 000 | -1 155 628 | -990 630 |
| | | | | |
| Totalt | 6 502 087 | 6 620 166 | 6 187 478 | -118 079 |




Figuren viser svære netto driftsutgifter i Lærdal kommunen samanlikna med kommunegruppe 03. Det kan vere feilføringar som ligg bak dette. Tala bør difor nyttast med varsemd.

## 3.9 133 – Pleie og omsorg

På sjukeheimen er det 29 plassar, i heimetenesta har ein til ei kvar tid over 80 brukarar og i spesielt tilrettelagde tenester har ein bu-og omsorgstilbod til 5 brukarar.

**Plan for eininga**

Det er gjennomført ein omfattande omorganisering av leiarnivået i tenesta. Det er tilsett fire nye leiarar, ein på kjøkenet, to på sjukeheimen og ein i heimetenestene. Det er gjort omleggingar i turnusmodellar i alle delar av tenesta.

Særlege forkusområde for dei nye leiarane har vore å få redusert utgiftene til overtid og å få redusert sjukefråveret i tenesta som har vore urovekkande høge. Hausten 2012 vart eit helse- og trivselsprosjekt starta opp i samarbeid med bedriftshelsetenesta.Dette pågår enno.
Eit anna fokusområde har vore å tilpasse tenestetildelinga etter retningslinene i vedteken helse-og omsorgsplan.

Det vart etablert eit nytt tiltak for ein person på Grønebakken.

Det er gjennomført mange fagutviklingstiltak, mellom anna Demensomsorga sin ABC. Om lag 20 tilsette har starta på dette.

To tilsette har teke fagbrev som omsorgsarbeidarar. Tre er i tilsvarande utdanning. To avdelinsgleiarar har starta på masterutdanninga i organsasjon og leiing.

**Drift av eininga**
Det har vore utfordrande å drive eininga, særleg med tanke på omorganisering, høgt sjukefråver, omlegging av turnusar, mm. Dette er prosessar som kvar for seg skapar uro i ein organisasjon. Når fleire prosessar skal skje samtidig og på forholdvis kort tid vil dette naturleg nok medføre belastningar for dei tilsette. Det er særleg mellomleiarnivået som har vore under sterkt press.

**Personale/tilsette**
Auken i tal tilsette mellom anna nytt tiltak på Grønebakken. Utgjer 9,5 årsverk tilsaman.

| | 2011 | 2012 | Endring | Kvinne | Mann |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 97 | 104 | 7 | 91 | 13 |
| Årsverk | 77,26 | 87,9 | 10,64 | | |
| Sjukefråver | 10,10 % | 11,70 % | 1,60 % | | |

**Økonomi**

| [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 56 562 667 | 51 984 414 | 50 517 357 | 4 578 253 |
| Andre Driftsutgifter | 9 245 022 | 8 425 000 | 7 171 799 | 820 022 |
| Sum driftsutgifter | 65 807 689 | 60 409 414 | 57 689 156 | 5 398 275 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -21 112 842 | -14 642 000 | -17 470 897 | -6 470 842 |
| Sum driftsinntekter | -21 112 842 | -14 642 000 | -17 470 897 | -6 470 842 |
| | | | | |
| Totalt | 44 694 847 | 45 767 414 | 40 218 259 | -1 072 567 |

Overforbruket på løn er overtid, dekking av sjukevikarar og ferievikarar. I tillegg har alle avdelingar gått med noko meir enn enn bemanningsplanen tilseier. Dette vert korrigert med nye bemanningsplanar og turnusar. Pga refusjonsordningar vert gjennomsnittsløna høgda med meirarbeid og overtid og me fekk difor meir refusjon enn me hadde budsjettert med.

Reduksjon av overtid og legre sjukefråver vert arbeidd med kontinuerleg.




## 3.10 134 - Barnevern

Tenesta er interkommunal og har ansvar for alle tenester etter Lov om barneverntenester i begge kommunar. Aurland er vertskommune og rådmann her er ansvarleg for tenesta.

Tenesta handterer tiltak både i og utanfor heimen til bornet, og skal medverke i det førebyggjande arbeidet blant born og unge i kommunane.

Det er totalt 5 tilsette, fordelt på ein leiar, tre sakshandsamarar og ein tiltakskonsulent

**Plan for eininga:**
Tenesta hadde tilsyn frå Fylkesmannen i byrjinga av 2012 og ut frå dette vart det utarbeida ein rapport som peikte på forbetringspunkt.

Tenesta har innført ny internkontroll og nye rutinar som fylje av denne rapporten, og tilsynet er avslutta frå Fylkesmannen. Ein etterverknad av tilsynet er at det er vorte meir fouks på refleksjon kring praksis, rutinar og korleis ein skal løyse oppgåver på best mogleg måte, både i høve fag, lovkrav og effektivitet.

**Drift av eininga:**
Tenesta har hatt ei akuttsak i siste halvdel av 2012 som har vore svært krevjande. Dette er i tillegg til anna meir planlagt arbeid, som gjer at det vert omdisponering av arbeid og personale på høveleg kort varsel. Tiltross for at det har vore arbeidskrevjande har det vore lærerikt for heile personalet, og tenesta har fått attendemeldingar frå mellom anna BUF etat at me har løyst utfordringane på ein særs god måte.

I 2012 har BUF etat(statleg barnevernmyndigheit) vore i omorganisering og endring. Dette har vore ein utfordrande situasjon for mange, fordi prosessen kring det har vore uoversiktleg og veldig lite brukarvennleg. Me får høve til å uttale oss om endringane etter dei er gjennomført. Desse endringane vil på sikt føre til at staten skal konsentrere seg om kjerneoppgåver og at meir skal ut til kommunane. Det er tett samarbeid mellom barnevernleiarane i fylket i høve dette temaet og gjer det me kan i høve til å møte desse utfordringane.

I 2013 vil det vere fokus på å møte utfordringane som kjem i kjølvatnet av endringane i det statlege barnevernet. Meir samarbeid på tiltaksfeltet er noko som pressar seg fram i høve til



63

dette, og Årdal har signalisert at dei ynskjer samarbeid i høve dette. Det vil også bli vurdert å søkje om midlar til dette arbeidet eksternt.

Tenesta vil også jobbe med å betre samarbeidet med dei andre aktørane i høve born og unge i kommune, slik som skule, helsetenesta og barnehagar. Godt barnevernsarbeid skjer i samhandling med andre yrkesgrupper, og det er eit klart mål for tenesta å betre dette

**Personale/tilsette:**
Ved tilsynet vart det avdekka store opplæringsbehov i høve fagprogrammet Familia. Det vart gjennomført internopplæring i august på dette, i tillegg til at leiar og IKT ansvarleg i kommunen har laga ein eigen plan for dataopplæring. Denne planen inkluderer årleg oppfriskningskurs på fagprogram.

Ein tilsett har vore langvarig sjukemeldt og gått ut i permisjon. Denne vakansen vart løyst ved at ein nytta ein person frå kommunale barnehagar med relevant utdanning. To personar har hatt til dels langvarige sjukemeldingar, den eine i gradert. Dette har gjort at det til tider har vorte begrensa kapasitet.

Tal tilsette og årsverk er lik som tidlegare: tenesta har fem årsverk knytt til seg, med fem tilsette. Ein tilsett går i redusert stilling med 20%, i utgangspunktet er alle stillingar 100%.

Tenesta består av berre damer, med ein gjennomsnittsalder på 38,6 år

**Budsjett:**
Aurland og Lærdal budsjetterte i 2011 i høve til dei utgifter som var forventa i 2012. På tiltakssida har ein ikkje hatt akutte eller uventa hendingar. Det er eit overforbruk i høve budsjett på 360 000 kroner. Dette kjem som eit resultat av mindre inntekter enn føresett.

| [illegible] Driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Avik 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 1 182 109 | 1 450 000 | 1 645 217 | -267 891 |
| Andre Driftsutgifter | 3 124 120 | 2 835 000 | 1 907 018 | 289 120 |
| Sum driftsutgifter | 4 306 229 | 4 285 000 | 3 552 235 | 21 229 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -151 819 | -495 000 | -670 672 | 343 181 |
| Sum driftsinntekter | -151 819 | -495 000 | -670 672 | 343 181 |
| | | | | |
| Totalt | 4 154 410 | 3 790 000 | 2 881 563 | 364 410 |






64

## 3.11 151 – Kultur og formidling

Hovudoppgåvene for eininga er Kulturskule, Bibliotek, Kino, Kulturhus, Arrangement, Lokalhistorisk kontor og Fagrådet.

Kulturetaten er ei forholdsvis lita eining med mange viktige oppgåver. Me har hatt ein del utfordringar som saman med dei tilsette og administrasjon er blitt løyst på ein tilfredstillande måte, sjølv om me ikkje er komne heilt i mål enno.

**Personale/tilsette**

| | 2011 | 2012 | Endring |
|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 16 | 17 | 1 |
| Årsverk | | | |
| Sjukefråvær (%) | | | |
| Tal elevar i | 249 | 184 | -65 (Dette |
| Brukarar på Kosen | 45 | 45 | |

Konstituert tenesteleiar har vore både leiar og mellomleiar. Dette har vore krevjande. Eininga har likevel lagt eit spennande år bak seg.

**Økonomi**

| Hovudtal frå Driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Avvik 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 3 675 133 | 3 842 133 | 4 296 999 | -167 000 |
| Andre Driftsutgifter | 2 250 079 | 1 121 000 | 2 186 970 | 1 129 079 |
| Sum driftsutgifter | 5 925 212 | 4 963 133 | 6 483 969 | 962 079 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -2 255 104 | -1 221 000 | -1 826 426 | -1 034 104 |
| Sum driftsinntekter | -2 255 104 | -1 221 000 | -1 826 426 | -1 034 104 |
| | | | | |
| Totalt | 3 670 108 | 3 742 133 | 4 657 543 | -72 025 |

Eininga hadde i 2012 eit mindreforbruk på om lag kr 72.000,-

**Drift av eininga**

Eininga har no flytta til andre etasje på kulturhuset, og me er komen på plass med eigne kontor + kontorfellesskap.

**Framtidsvisjonar**

Eininga er for tida inne i fleire spanande fasar. Innan kulturminnevern driv me med fleire prosjekt. Det kan blant anna nemnast: Kongevegprosjektet, Uthusprosjekt og sluttfase av veg/bruprosjekt ved "Honingane". Innan kulturskule har me som målsetjing å "selgja inn" all musikkundervisning til grunnskulane i kommunen. Dette vonar me skal vera på plass innan skuleåret 2013-2014.

Me slit stadig med for lite ressursar, og vonar at me kan få tilført meir av dette i framtida.

## 3.12 162 – Teknisk drift

Teknisk drift har ansvar for alle bygg og anlegg som er i kommunen si eiga. Dette arbeidet vert ofte kalla FDV eller FDVU. Ein vil her freiste å gje ei kort forklaring på kva desse bokstavane står for og kva arbeid og kostnadsdrivarar som er knytt til dette:

**Forvaltning (F):**
Omfattar leiing, planlegging, organisering og kontroll av det totale FDVU-arbeidet. Utvikling av planar, budsjett og kalkylar. Leigetakaradministrasjon.

Oppretting, oppfølging og oppfylling av avtalar, forsikringar, lover og forskrifter. Administrasjon av personell. Arealdisponering, planar og behov.

**Drift (D):**
Inneheld alle oppgåver og rutinar som er nødvendig for at bygningen skal fungere som planlagt både funksjonelt, teknisk og økonomisk. Hovudaktivitetar er drift og ettersyn, reingjering og energi.

**Vedlikehald (V):**
Inneheld dei aktivitetane som er naudsynte for å oppretthalde bygningen og dei tekniske installasjonane på eit fastsett kvalitetsnivå, og dermed gjere det mogeleg å bruke bygget til sitt tiltenkte formål.

Løpande eller akutt vedlikehald er ein ikkje planlagt aktivitet som må gjerast for å rette opp uføresette skader eller manglar.

Planlagt vedlikehald er arbeid knytt til utbetring av normal slitasje for å hindre forfall. Utskiftingar er kostnader knytt til utskifting av bygningsdelar som har kortare levetid enn sjølve bygningen.

**Utvikling (U):**
Tiltak som opprettheld bygget sin verdi over tid, og som dermed tek omsyn til nye funksjonskrav, endra marknadsvilkår eller nye lover og forskrifter. Utviklingskostnadane vil i motsetning til ordinære vedlikehaldskostnader heve FDV-objektet sin kvalitet utover opphavleg fastsett nivå.

**Drift av eininga:**
I 2012 har eininga vore gjennom store endringar. Etter administrativ omorganisering vart tekniske tenester oppretta frå 01.08.2012. I tillegg til teknisk drift som består av FDV og reinhald fekk ein no tilført byggesak, oppmåling og brann. Med dei nye fagområda følgde ein byggesakshandsamar og ein oppmålar. Brannsjefkompetanse vert leigd frå Årdal kommune.

Eininga har heller ikkje i 2012 hatt bemanning til FDV i samsvar med vedteken bemanningsplan. Året 2012 har gitt eininga nye arbeidsoppgåver og utfordringar i samband med tilføring av byggesak, oppmåling og brann i tillegg til drift av lokalet etter Opplysningen 1881 og drift av brannsikringsanlegga på gamlaøyri. Vedlikehaldsetterslepet har auka i 2012.

Arbeidsoppgåvene har auka i løpet av året, medan resurrsane til å løyse oppgåvene er reduserte. Det gjev ikkje nokon god situasjon for arbeidsmiljøet når tilsette føler at dei ikkje får gjort god nok jobb.

Tekniske tenester har gjennom året hatt eit godt samarbeid med dei andre einingane. Dei største utfordringane ved eininga er at ein slit med gamalt og utdatert utstyr og at arbeidsforholda ikkje held lovkrav.

Lærdal kommune har pålegg frå Arbeidstilsynet når det gjeld personalfunksjonane på Bergo med garderobar og rein/urein sone. Det er og pålegg når det gjeld arbeidsforholda i avløpspumpestasjon P4.

I tillegg har kommunen pålegg frå Mattilsynet når det gjeld utbetring av leveringstryggleiken til Lærdalsøyri vassverk.

**Byggesak:**
I 2012 var stillinga som byggesakshandsamar bemanna med vikar i ca 34% fram til mai, og frå mai var stillinga bemanna 50% av byggesakshandsamar pga gradert svangerskapspermisjon.

I løpet av året vart det handsama 37 byggesaker etter pbl § 20-2 utan ansvarsrett, og 18 saker etter pbl § 20-1 med ansvarsrett. 6 av sakene vart handsama som dispensasjonssøknader i formannskapet. Det vart handsama 5 søknader om utslepp av avløpsvatn, både nye anlegg og rehabilitering av eldre anlegg.

Kommunen starta arbeid med ein gjennomgang av byggesaksarkivet, for å oppdatere matrikkelinformasjonen for bustader i kommunen. Oppdateringane går i hovudsak på endring av bruksareal på bustader, då kjellarareal også skal inngå i bruksarealet. Oppdateringane kan også gjelde endring i bruksareal ved tilbygg/påbygg.

**Kart og Oppmåling:**
I 2012 har fylgjande saker vorte handsama eller avslutta:

| | |
|---|---|
| Arealoverføring: | 3 |
| Grensejustering: | 1 |
| Frådeling av eigedom: | 8 |
| Andre forretningar: | 2 |

Det har vorte behandla 16 saker som gjeld utlevering av eigedomsopplysningar til meklar.

Oppmålaren har i tillegg vore utleig til Veidekke Entreprenør ein dag i veka i sommar-halvåret.
Det er også utførd kartteknisk arbeid for Felles Landbrukskontor ÅLA.

**Brann:**
Sløkkje og redningstenesta har fungert tilfredstillande i 2012, alle utrykkingsoppdrag har vore løyste på tilfredsstillande vis. Det var 31 utrykkingar, mot 32 i 2011.
Utviklinga viser ein auke i unødige alarmar og trafikkulukker, som er lik utviklinga i Noreg.

Lærdal brann og redning har hatt øvingar i høve til oppsett øvingsplan og krav i dimensjoneringsforskrifta.
I mai arrangerte brannvernet ei større øving i tungredning, brannfolk frå heile fylket deltok.

Det er i 2012 gjennomført 11 tilsyn i særskilde brannobjekt (§13-objekt) i høve til forskriftene. Dette er 42 % av tilsyn som skulle vore gjennomført.

I 2011 starta Årdal, Lærdal og Aurland arbeidet for eit samarbeid på brann og redning i dei tre kommunane. Det er utarbeida eit dokument som viser tre ulike måtar for samarbeid. Saka ligg no i rådmannskollegiet og vidare politisk handsaming.

Årdal og Lærdal har eit samarbeid med felles brannsjef.

Feiarmeister Bjørn Haveland utfører feiinga og tilsyn på fyringsanlegg i Lærdal kommune.
I 2012 er 927 skorsteinar feia og 156 tilsyn på fyringsanlegg.

Lærdal brannvern fekk kr 500 000 frå Statens vegvesen til innkjep av tankbil, dette for å stette krav til slokkevatn i tunnelar. Bilen kom på plass hausten 2012 og fungerar tilferdstillande. Verneutstyr som bekledning og vedlikehald og innkjøp av nytt utstyr for røykdykkarane(masker, flaskesett, slangar, ventilar) er naudsynt og krev ei jamleg oppgradering.

**Økonomi:**

Nøkkeltala for drifta i 2012 og endringar i høve 2011 er som følgjer:

| | 2011 | 2012 | Endringar |
|---|---|---|---|
| Tal tilsette | 31 | 29 * | -2 |
| Årsverk | 24,25 | 25,10 | + 0,85 |
| Sjukefråvære | 6,9% | 2,9% | - 4,0% (%poeng) |

*Tekniske tenester vart oppretta frå 01.08.2012. Då vart byggesak, oppmåling og brann tillagt teknisk drift. Eininga vart då tilført 2 personar (2 årsverk). Dette betyr at reduksjonen i tal tilsette på fagområda til teknisk drift (FDV, reinhald) er - 4.

| Hovudtal frå Driftsrekneskapen | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Avik 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Løn (kto10000-10999) | 13 865 603 | 16 195 371 | 12 057 943 | -2 329 768 |
| Andre Driftsutgifter | 24 937 248 | 25 632 661 | 27 458 028 | -695 413 |
| Sum driftsutgifter | 38 802 851 | 41 828 032 | 39 515 971 | -3 025 181 |
| | | | | |
| Driftsinntekter | -24 835 127 | -26 331 661 | -26 026 546 | 1 496 533 |
| Sum driftsinntekter | -24 835 127 | -26 331 661 | -26 026 546 | 1 496 534 |
| | | | | |
| Totalt | 13 967 724 | 15 496 371 | 13 489 425 | -1 528 647 |

Rekneskapen for 2012 syner eit underforbruk/overskot på driftsbudsjettet på kroner 1.528.647,-

Etter 1. tertial såg det ut som om kommunen kom til å gå på ein økonomisk smell. For å freiste å redde økonomien vart bremsene sett kraftigt på. Redusert bemanning i tillegg til at kommunen fekk tilbakebetalt over kr 800 000,- i for mykje betalte straumkostnader frå tidlegare år bidrog til at ein kom ut med eit stort overskot.

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

# Sak 8/2013 Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2012 for Lærdal kommune

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 10.04.2013 | 08/2013 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen 2012 for Lærdal kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert oversendt kommunestyret, med kopi til formannskapet.

---

**VEDLEGG:**

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 10.04.13 | Kontrollutvalet | Fråsegn frå kontrollutvalet, rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding (utkast). |
| 2 | 03.03.13 | Lærdal kommune | Årsmelding 2012 |
| 3 | | Lærdal kommune | Rekneskap 2012 |
| | | | |

Revisjonsmeldinga vil bli delt ut i møtet 10.04.13

**BAKGRUNN**

I samsvar med kommunelova og forskrift om kontrollutval kap. 4, § 7 skal kontrollutvalet gje ein uttale til kommunerekneskapen. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannsskapet. Uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før formannsskapet gjer innstilling til kommunerekneskapen.

Lærdal kommune har lagt opp til at årsrekneskapen skal handsamast i formannskapet den 16. april og i kommunestyret den 2. mai.

**AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER MV.**

Kommunelova
Forskrift om kontrollutval
Forskrift om revisjon

**SAKSUTGREIING**

Sekretariatet mottok kommunen sin årsrekneskap den 21. mars og arsmeldinga torsdag 4. april. Revisjonsmeldinga er ikkje motteken, men vil truleg bli lagt fram til møtet 10. april.

Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for Lærdal kommune i 2012 er basert på årsrekneskapen 2012, samt årsmelding 2012 frå rådmann og vil og bli basert på revisor si revisjonsmelding.

I fråsegna er det teke omsyn til følgjande punkt:

**Netto driftsresultat**
Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at alle løpande utgifter er trekt i frå. I tillegg til inntekter og utgifter vedrørande den ordinære drifta, det vil seie til administrasjon og tenestetilbod, inngår også finansinntekter (renteinntekter, mottatt utbytte og eventuelle kursgevinstar på finansielle omløpsmidlar) og finansutgifter (renteutgifter, avdrag på lån og eventuelle kurstap på finansielle omløpsmidlar) i resultatomgrepet. I tillegg er indikatoren korrigert for avskrivingar slik at desse ikkje gjev resultateffekt. Netto driftsresultat vert og brukt som samanlikningsgrunnlag mellom kommunar. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. For Lærdal kommune var netto driftsresultat for 2012 **positivt med kr 1 172 016** medan ein i 2011 hadde eit positivt driftsresultat med kr 4 479 178. Det er vert å merke seg at om lag 2,9 millionar av resultatet i 2011 kom fram som fylgje av føring av eit tilskot som er var øyremerka og såleis ikkje var eit reelt positivt resultat for året. Korrigerer ein for dette er det små skilnader på resultatet i 2011 og 2012.

Rekneskapsmessig mindreforbruk i 2012 var på kr 2 346 305.

KS og Kommunal- og regionaldepartementet har sett opp eit mål på 3 % for nøkkeltalet "netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene". Skal kommunen ha økonomisk handlingsrom og kunne avsetje til investeringar, tiltak som kjem utanom planane og ivareta formuesbevaringsprinsippet i kommunelova, bør netto driftsresultat opp på 3 % av driftsinntektene over tid. I Lærdal kommune var netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene **positivt med 0,5 %**. Til samanlikning var forholdstalet 1,9 % i 2011. I 2010 var forholdstalet negativt med 0,7%. Før dette hadde ein positive tal på 7,5 %, i 2009 , 0,7 % i 2008, 2,4 % i 2007 og 12,2% i 2006.

Kommunen har såleis fått eit betydeleg dårlegare resultat i 2012 enn ein hadde i 2011. Men betre enn ein hadde i 2010. Resultatet er samstundes betydeleg lågare enn det svært gode resultatet i 2009. Ser ein den langsiktige trenden frå 2006 har den, med unntak av 2009 vore klart nedadgåande fram til 2010, med ein mindre oppgang i 2011 som no har snudd ned att i 2012.

Resultatet er om lag 3,3 mill kr dårlegare enn året før. I tillegg til den interne drifta i kommunen, er kommunen sin økonomi avhengig av utviklinga i kraftprisen og rentenivået. Oppnådd netto inntekt på sal av kraft er i følgje årsmeldinga om lag som budsjettert. I budsjettet (regulert) var det budsjettert med eit negativt netto driftsresultat på 1,5 mill kr. I

høve til regulert budsjett er det såleis eit positivt avvik på om lag 2,7 mill kr. I høve til opprinneleg budsjett er det derimot eit negativt avvik på om lag 1,8 mill kr.

Ansvarsområda har isolert sett eit mindreforbruk i høve til regulert budsjett på om lag 0,2 mill kr. Ein har vidare lågare netto finanskostnader med om lag 0,3 mill kr. Øvrige avvik kjem som fylgje av høgare netto inntekter enn budsjettert.

**Arbeidskapital**
Arbeidskapitalen gir uttrykk for likviditeten i kommunen, dvs deira evne til å betale gjeld ved forfall. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir og fordringar etter frådrag for kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen har gått opp frå kr 16.289.092 i 2011 til kr 20.792.839 per 31.12.12. Dette skuldast ein oppgang i omløpsmidlar, medan kortsiktig gjeld har hatt ein mindre reduksjon. Oppgangen i omløpsmidlar kjem i hovudsak av auke i balanseført premieavvik. Bokføring av premieavvik er ei teknisk føring av pensjonskostnadane som kommunane har fått løyve til for å jamne ut pensjonskostnader over tid. Sidan betringa i arbeidskapitalen skuldast auke i bokført premieavvik er det viktig å vere klar over at rekneskapen gir eit litt missvisande bilete på dette punktet i høve til utvikling i reell arbeidskapital. Held ein premieavvik utanom har arbeidskapitalen gått ned frå om lag 5,7 mill kr per 31,12.11 til om lag 5,0 mill kr per 31.12.12

**Langsiktig gjeld:**
**Låneutvikling**
Langsiktig lånegjeld har gått ned med om lag 2,1 mill kr. Forholdstalet langsiktig gjeld i høve til driftsinntektene viser ei svakt positiv utvikling. Langsiktig lånegjeld utgjer i 2012 105% av driftsinntektene, mot 109% i 2011 og 102% i 2010. Ser ein på KOSTRA-statisikk er netto lånegjeld per innbyggar i Lærdal kr 44.198 høgare enn for kommunane i kommunegruppe 3, som skal vere samanliknbare kommunar. Ser ein netto lånegjeld per innbyggar opp mot landsgjennomsnittet vert differansen endå større. Her er netto lånegjeld per innbyggar i Lærdal kr 71 783 over snittet. Differansen mellom Lærdal kommune og samanliknbare kommunar/landssnittet er vorte noko redusert per 31.12.12 samanlikna med tala året før.

I vedtaket som gjaldt økonomiplan 2011 – 2014 er det lagt inn eit prinsipp om at lånegjelda maks skal utgjere 50 – 60 % av samla inntekter. Skal dette målet nåast må ein halde fram med å halde investeringsnivået på eit minimum.

**Pensjonsforpliktingar:**
Pensjonsforpliktingane til kommunen aukar framleis og dei utgjer no 268,2 mill kr mot 242,8 mill kr året før. Ein auke på 25,4 mill kr. Pensjonsmidlane til kommunen har på same tid auka med 18,1 mill kr til samla 205 mill kr. Denne utviklinga illustrerer at pensjonsforpliktingane kan bli ei tung belastning for kommunesektoren i åra framover.

Samla langsiktig gjeld som inkluderer pensjonsforpliktingane utgjorde per 31.12.12 **216%** av driftsinntektene, mot 213% i 2011.

Til samanlikning var gjennomsnittet for kommunane i fylket på 206,9% for 2012 og landsgjennomsnittet var 188,3% (førebelse Kostratal).

**Budsjettoverskridingar**
Det er i hovudsak mindre avvik frå regulert budsjett på dei fleste tenesteeiningane. Dei einingane som har hatt størst meirforbruk er:

| Tenesteeining | Meirforbruk | Forklaring: |
|---|---|---|
| Rådmannsfunksjonane | 2,45 mill kr | Avviket skuldast i hovudsak stor bruk av innleigde tenester, knytt til mellom anna: - Forhandlingar om overtaking av og offentleg anbod på drift av Stuvane Kraftverk - Helse – og omsorgsplan - Utvikling av næringsselskapet Det har og mellom anna vore meirkostnader ved rekruttering av leiarar. Sjå omtale i årsmeldinga side 17. |
| Barnevern | 0,36 mill kr | Overskridinga er ikkje spesielt kommentert i årsmeldinga |
| Folkevalde organ | 0,26 mill kr | Overskridinga er på sentrale folkevalde organ (om lag 350' over budsjett, jamfør tabell på side 13 i årsmeldinga), men er ikkje nærare kommentert i årsmeldinga. |

Den eininga som har størt innsparing i høve til regulert budsjett er teknisk drift som har eit underforbruk på vel 1,5 mill kr i høve til regulert budsjett. Hovudårsaka til innsparinga er redusert bemanning, samt at kommunen fekk tilbakebetalt over kr 800.000 i for mykje betalte straumkostnader frå tidlegare år (sjå omtale i årsmeldinga side 42)

**Revisjonsmeldinga**
Revisor har på tidspunktet for utsending av saka ikkje avlagt avlagt revisjonsmeldinga. Så langt er tilbakemeldinga at revisor ikkje vil ha merknader ikkje merknader til årsrekneskapen for 2012 for Lærdal kommune. Revisjonsmeldinga vil bli lagt fram for kontrollutvalet i møtet 10.04.12.

**Konklusjon:**
Med bakgrunn i denne saksutgreiinga, årsrekneskap, årsmelding og tilbakemeldingane frå revisor om at det ikkje vil vere merknader i revisjonsmeldinga er det utarbeidd eit utkast til fråsegn uttale til Lærdal kommune sin årsrekneskap for 2012.

# LÆRDAL KOMMUNE

## Rekneskap 2012



Løytnantsbrygga I Lærdal. Foto: Jan Christian Jerving

## Innhaldsliste

**Hovudoversikter side 3 - 9**


Økonomisk oversikt drift s. 3

Økonomisk oversikt investering s. 4

Rekneskapsskjema 1 A (drift) s. 5

Rekneskapsskjema 1 B (drift) s. 6

Rekneskapsskjema 2 A (investering) s. 7

Rekneskapsskjema 2 B (investering) s.8

Balanse s. 9

**Notar side 10 - 22**

Note 1- endring i arbeidskapital s. 10

Note 2 – pensjon s. 11

Note 3 - garantiansvar s. 12

Note 4 – mellomverande kommunale føretak s. 12

Note 5 - aksjar s. 12

Note 6 – fond s. 13

Note 7 – kapitalkonto s. 14

Note 8 – konsesjonsavgiftsfondet s.15

Note 9 – anleggsmiddel s.16

Note 10 – langsiktig gjeld og avdrag s. 17

Note 11 – sjølvkost VAR – området s. 18

Note 12 – ytingar til leiande personar og revisor s. 19

Note 13 – forklaring av lønsutgifter s. 19

Note 14 – forklaring rekneskapspostar s.20

Note 15 – rekneskapsprinsipp s.21

Note 16 – organisering s.21

Note 17 – samla ekstern gjeldsforplikting s.21

Note 18 – investeringsprosjekt s.21

Note 19 – sal a v kraft s.21

Note 20 – tap på krav s.21

Note 21 - ressurskrevande brukarar 2.21

# Økonomisk oversikt - drift

1 LÆRDAL KOMMUNE - 2012

15.02.2013

| | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjor |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | |
| Brukerbetalinger | 10.084.137,89 | 9.732.000,00 | 9.732.000,00 | 10.454.135,21 |
| Andre salgs- og leieinntekter | 13.829.374,25 | 15.624.000,00 | 14.379.000,00 | 12.603.989,74 |
| Overføringer med krav til motytelse | 39.240.024,95 | 23.601.000,00 | 20.201.000,00 | 43.189.299,11 |
| Rammetilskudd | 63.245.000,00 | 61.900.000,00 | 61.100.000,00 | 57.882.000,00 |
| Andre statlige overføringer | 0,00 | 145.000,00 | 145.000,00 | 70.000,00 |
| Andre overføringer | 24.837.151,51 | 23.290.000,00 | 23.290.000,00 | 23.747.501,73 |
| Skatt på inntekt og formue | 46.180.231,27 | 47.100.000,00 | 48.700.000,00 | 44.194.057,38 |
| Eiendomsskatt | 22.566.296,38 | 22.500.000,00 | 21.200.000,00 | 20.851.432,92 |
| Andre direkte og indirekte skatter | 19.813.598,00 | 19.474.000,00 | 19.474.000,00 | 19.804.676,00 |
| **Sum driftsinntekter** | **239.795.814,25** | **223.366.000,00** | **218.221.000,00** | **232.797.092,09** |
| **Driftsutgifter** | | | | |
| Lønnsutgifter | 120.272.131,61 | 113.364.010,00 | 104.815.000,00 | 116.230.066,98 |
| Sosiale utgifter | 27.507.199,87 | 28.931.000,00 | 27.794.000,00 | 27.204.470,19 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 41.889.758,40 | 42.954.661,41 | 29.995.000,00 | 46.509.836,25 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 12.405.977,22 | 13.441.417,00 | 10.401.000,00 | 12.105.285,39 |
| Overføringer | 27.612.738,14 | 20.093.990,00 | 23.912.000,00 | 23.418.206,81 |
| Avskrivninger | 12.984.569,00 | 12.984.569,00 | 0,00 | 11.823.442,00 |
| Fordelte utgifter | -9.869.418,50 | -13.009.661,41 | -390.000,00 | -14.088.580,00 |
| **Sum driftsutgifter** | **232.802.955,74** | **218.759.986,00** | **196.527.000,00** | **223.202.727,62** |
| **Brutto driftsresultat** | **6.992.858,51** | **4.606.014,00** | **21.694.000,00** | **9.594.364,47** |
| **Finansinntekter** | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | 1.016.017,83 | 1.230.000,00 | 1.600.000,00 | 1.472.719,88 |
| Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Mottatte avdrag på utlån | 208.177,21 | 195.000,00 | 195.000,00 | 611.267,63 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **1.224.195,04** | **1.425.000,00** | **1.795.000,00** | **2.083.987,51** |
| **Finansutgifter** | | | | |
| Renteutgifter og låneomkostninger | 8.480.876,36 | 8.900.000,00 | 8.900.000,00 | 8.507.358,38 |
| Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Avdrag på lån | 11.460.104,00 | 11.560.000,00 | 11.560.000,00 | 10.498.224,00 |
| Utlån | 88.625,96 | 80.000,00 | 80.000,00 | 17.033,46 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **20.029.606,32** | **20.540.000,00** | **20.540.000,00** | **19.022.615,84** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjoner** | **-18.805.411,28** | **-19.115.000,00** | **-18.745.000,00** | **-16.938.628,33** |
| Motpost avskrivninger | 12.984.569,00 | 12.984.569,00 | 0,00 | 11.823.442,00 |
| **Netto driftsresultat** | **1.172.016,23** | **-1.524.417,00** | **2.949.000,00** | **4.479.178,14** |
| **Interne finanstransaksjoner** | | | | |
| Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk | 41.127,12 | 41.127,12 | 0,00 | 0,00 |
| Bruk av disposisjonsfond | 3.248.417,00 | 3.205.417,00 | 3.002.000,00 | 5.331.560,00 |
| Bruk av bundne fond | 7.129.065,67 | 6.543.000,00 | 6.543.000,00 | 6.152.361,26 |
| Bruk av likviditetsreserve | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **10.418.609,79** | **9.789.544,12** | **9.545.000,00** | **11.483.921,26** |
| Overført til investeringsregnskapet | 641.127,12 | 641.127,12 | 0,00 | 5.270.000,00 |
| Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Avsatt til disposisjonsfond | 669.025,88 | 180.000,00 | 4.800.000,00 | 0,00 |
| Avsatt til bundne fond | 7.934.168,01 | 7.444.000,00 | 7.694.000,00 | 10.651.972,28 |
| Avsatt til likviditetsreserven | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum avsetninger** | **9.244.321,01** | **8.265.127,12** | **12.494.000,00** | **15.921.972,28** |
| **Regnskapsmessig mer/mindreforbruk** | **2.346.305,01** | **0,00** | **0,00** | **41.127,12** |

# Økonomisk oversikt - investering

1 LÆRDAL KOMMUNE - 2012

15.02.2013

| | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjor |
|---|---|---|---|---|
| **Inntekter** | | | | |
| Salg av driftsmidler og fast eiendom | 592.445,00 | 594.000,00 | 2.324.000,00 | 23.467,00 |
| Andre salgsinntekter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Overføringer med krav til motytelse | 740.000,00 | 540.000,00 | 0,00 | 864.330,40 |
| Statlige overføringer | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Andre overføringer | 1.155.570,00 | 1.305.000,00 | 0,00 | 1.694.430,00 |
| Renteinntekter og utbytte | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Sum inntekter** | 2.488.015,00 | 2.439.000,00 | 2.324.000,00 | 2.582.227,40 |
| **Utgifter** | | | | |
| Lønnsutgifter | 6.000,00 | 0,00 | 0,00 | 254.690,00 |
| Sosiale utgifter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 4.305.817,98 | 5.576.000,00 | 0,00 | 48.270.106,83 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 131.713,08 | 61.000,00 | 0,00 | 1.104.440,70 |
| Overføringer | 597.352,27 | 0,00 | 0,00 | 8.155.814,74 |
| Renteutgifter og omkostninger | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Fordelte utgifter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
Eg oppmodar kontrollutvalet om å sjå nærare på og avklare høve til ugildskap i behandlinga av to ulike, men likevel prinsipielt like saker i kommunen dei siste åra. Den eine saka er detaljplanen for Øyragata, der kommunestyrerepresentantane Avdem og Fretland vart kjend gilde i saka, trass i at dei to representerar verksemdene Fretland Eigedom AS og Fretland Bygg AS, som kom med sterke merknader til planinnhaldet. I uttalen skriv dei at delar av innhaldet i planen kan true verksemda Fretland Bygg AS sin vidare eksistens. Fretland og Avdem vart, etter det eg har forstått, kjend gilde av di planen ikkje direkte omfatta arealet til Fretland Bygg AS og at verksemda dermed ikkje kunne oppfattast som part i saka.

Den andre saka er reguleringsplanen for ny avfallsstasjon i Bergo, der naboane la inn ein tilsvarande sterk uttale eller protest mot oppstart av reguleringsplanarbeid. Uttalen var bl.a. underteikna sambuaren til plankonsulent Monika Lysne, som er ein av naboane til det regulerte arealet. Ved behandlinga av saka i FS 6.mai 2010, gjorde plankonsulenten og rådmannen det klart at ho var ugild i saka og at andre i administrasjonen dermed måtte overta saksbehandlinga. Reguleringsplanen for avfallstasjonen omfatta ikkje naboeigedomane, men plankonsulenten vart kjend ugild av di sambuaren, saman med andre naboar hadde varsla sterke merknader/innvendingar til planarbeidet.

Slik eg ser desse sakene, er dei i prinsippet heilt like med omsyn til innhald, naboar som klagar på innhaldet i ein plan/planprosess, utan å vere direkte omfatta av planarealet. I begge sakene meiner naboane at innhaldet i planane vil påverke deira eigedom / verksemd negativt og dei ser seg sjølve som part i saka. Likevel er konklusjonane i høve til ugildskap heilt ulike og det kan ikkje vere rett. I denne samanhengen er det viktig å hugse at forvaltningslova sitt innhald i høve til ugildskap gjeld for både saksbehandlar og dei folkevalde som skal ta avgjerd i ei sak. Var plankonsulent Lysne ugild i saka om planprosessen for ny avfallstasjon i Bergo på grunn av naboskap til det planlagde arealet, må Fretland og Avdem vere ugilde i høve til detaljplanen for Øyragata eller omvendt.

## Saka om detaljplan for Øyragata

I samband med dei folkevalde organa si behandling av detaljplanen for Øyragata sist haust, hevda eg at 2 kommunestyrerepresentantar frå SV, Anna Avdem og Jan Olav Fretland var ugilde i behandlinga av saka. Ved kommunestyre si behandling av saka, stilte JO Fretland spørsmål til organet sjølv om han var ugild, noko det folkevalde organet, korrekt etter lova, tok opp til drøfting og avgjerd med det utfallet at Fretland vart kjend gild i saka. Dermed var Avdem og automatisk gild i saka.

Planutvalet ( = formannskapet) la den 30.nov 2010 ut detaljplanen for Øyragata til offentleg høyring. Fretland Bygg AS, der Jan Olav Fretland er styreleiar og Fretland Eigedom AS, der Anna Avdem er styremedlem, la inn ein felles merknad til planen, sjå vedlegg, der dei påpeikar store ulemper og problem for verksemda om planen vart vedteken slik den låg føre. Det var spesielt parkeringsplassen på Ulvikmarki og parkanlegget på Holdeplassen som kunne skape vanskar for trafikken av tyngre køyrety inn til verksemda for levering av varer. Gjennom verksemda Fretland Eigedom AS og Fretland Bygg AS har styreleiar Fretland og styremedlem Avdem lagt inn merknader til detaljplanen, samstundes har begge to delteke i behandlinga av saka i dei folkevalde organa. Ved behandlinga av saka har dei og dermed måtte ta stilling til sine egne merknader ( Fretland Eigedom AS og Fretland Bygg AS) til planen.

Detaljplanen omfattar ikkje direkte arealet til Fretland Eigedom AS, men planen grensar opp til verksemda sine eigedomsgrenser. Innhaldet i planen ville likevel, etter Fretland Eigedom AS og Fretland Bygg AS si meining, påverke verksemda sin aktivitet svært negativt. Det var grunnlaget for merknaden, med eit sterkt innhald, som dei sende inn i høyringsrunden til planen. Avslutningsvis i merknaden skriv dei:

> **Me understrekar at bedrifta ikkje ønskjer å hindra tiltak som kan gjera Øyri meir attraktiv. *Men det er ikkje godtakande for oss at drifta for 20 arbeidsplassar blir truga. Me ber innstendig om at det blir teke opp drøftingar med Fretland Bygg og Fretland Eigedom for å finna løysingar som er i begge partars interesse.***

Innhaldet i merknaden er slik, etter det eg les, at verksemda Fretland Bygg AS, der JO Fretland er styreleiar, meinte at deira samla aktivitet og driftsgrunnlag vil verte truga om planen vart vedteken slik den låg føre og at 20 arbeidsplassar slik kan gå tapt. Difor ber Fretland Bygg AS om forhandlingar med kommunen kring planen og dette etterlet dermed heller lita tvil om at verksemda ser på seg sjølv som ein part i plansaka.

## Saka om reguleringsplan for ny avfallstasjon i Bergo

Etter innspel frå fleire, bl.a. frå Simas, starta Lærdal Kommune ein planprosess med tanke på å finne ein ny lokalitet til miljøstasjonen. Etter at fleire alternativ var vurdert, vart det bestemt at det skulle startast ein reguleringsplanprosess med tanke på ei nærare vurdering av arealet i Bergo, og tilknyting til teknisk drift sitt anlegg, som ein aktuell lokalitet til miljøstasjonen. På oppdrag frå Formannskapet la rådmannen fram ei sak til FS i møte den 6.5 2010 og saka vart behandla i KS same dag. Det vart bestemt i KS å starte ein reguleringsplan prosess.

Til møte i FS i same sak, låg det føre eit skriv frå plankonsulent Monika Lysne, der ho peika på at ho var nabo til det påtenkte arealet og at det allereie ar komne munnlege innspel/protestar frå naboar. Ho konkluderte med at ho var ugild i det vidare arbeidet med saka og fekk støtte frå rådmannen i sitt syn. Formannskapet delte dette synet på ugildskap.

I samband med planen sitt oppstartsvedtak kom det inn ein merknad frå naboane, sjå vedlegg, som vart oppsummert slik av sakshandsamar Lasse Sælthun:

> I brev frå husstandane i Kyrkjeteigen 8,10,12 og 14, som grensar til det aktuelle arealet, er det komme fleire innvendingar mot oppstartsvedtaket:
>
> • Det vert vist til at å plassere ein miljøstasjon i grensa til eit bustadområde i seg sjølv ikkje er ei god løysing. Tre av eigedommane har uteplass vendt mot området.
>
> • Det vert vidare vist til problematikken knytt til støy, lukt og samling av skadedyr og fugl ved eit sit slik anlegg.
>
> • Dei meiner at å plassere ein miljøstasjon tett inntil RV 5, vil vere ein visuell forureining av omådet.
>
> • Det vert vist til at ein miljøstasjon som næraste nabo heilt klart vil redusere verdien av eigedommane deira.

Innspelet eller merknaden var og underteikna av Steinar Walaker, som er sambuar med Monika Lysne og saman bur dei i Kyrkjeteigen 8, som er nær nabo til det planlagde arealet for miljøstasjonen.

På same vis som for detaljplanen for Øyragata sitt forhold til Fretland Bygg AS, meiner naboane til planarealet i Bergo at plasseringa av miljøstasjonen vil gje negative konsekvensar for sine eigedomar. Dei viser blant anna til ein fare for at verdien av deira eigedomar kan verte redusert.

Plankonsulenten og rådmannen nytta truleg følgjande innhald i § 6 av Forvaltningslova ( sjå vedlegg) om ugildskap, når ho konkluderte med at ho var ugild:

> **Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.**

NB: Understrekinga er gjort av underteikna.

## Vurderingar i saka.

Eg har ikkje sett eller høyrt innvendingar til plankonsulenten sine slutningar i høve til ugildskap i saka som gjeld utgreiing av Bergo som høveleg stad for ny miljøstasjon. Når sambuaren til plankonsulenten er av dei som protesterar på planane, er det ei normal og lett forståeleg slutning at plankonsulenten vil verte oppfatta til å ha svekka tillitt i høve til upartiskheit i saka. Avgjerda hennar om å tre til side vert oppfatta som rett og ho får full støtte for dette hjå sin eigen overordna.

I saka om detaljplanen for Øyragata leverar dei to verksemdene Fretland Eigedom AS, der Avdem og Fretland var og er styremedlemar og Fretland Bygg AS, der Fretland er styreleiar inn ein felles merknad til planen som må oppfattast som uvanleg sterk. Dei skriv avslutningsvis i merknaden at dei

meiner verksemda og dermed 20 arbeidsplassar kan vere truga om planen vert vedteken og gjennomført. Og dei ber innstendig om at det vert teke opp drøftingar om innhaldet i planen mellom verksemda og kommunen, for å finne løysingar som kan tene deira sak. Gjennom denne merknaden kan det ikkje vere tvil om at verksemdene ser på seg sjølv som part i saka. **Kvifor skulle dei elles be om forhandlingar i forhold til innhaldet i planen?**

Samstundes har merknaden eit særleg sterkt innhald i høve til at dei ser verksemda Fretland Bygg AS sin samla aktivitet som truga, 20 arbeidsplassar kan gå tapt om planen vert gjennomført.

I forhold til Forvaltningslova sin paragraf om ugildskap er det to forhold som må vurderast i saka som gjeld detaljplanen for Øyragata:

1. En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak,

    e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling som er et selskap som er part i saken.

2. Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.

I høve til punkt 1 vil det vere lett å konkludere med at både Avdem og Fretland vil vere direkte ugilde i saka om Fretland Eigedom AS og Fretland Bygg AS vert vurdert til å vere part i saka.

Etter mitt syn, har verksemdene gitt eit klart svar på dette spørsmålet i merknaden som dei har gitt til planen. Det sentrale spørsmålet vil vere :

> **Kvifor skulle verksemdene be <u>innstendig</u> om forhandlingar med kommunen ( planeigar) om ikkje dei oppfatta seg sjølve som part i saka ?**

Det står heilt klart for meg, at verksemdene ber om forhandlingar nettopp av di dei ser seg som part i saka og at dei ønskjer andre løysingar enn det planutkastet viser. I saksutgreiinga går det elles fram at plankonsulenten har hatt eige møte med Fretland Bygg AS, med tanke på å drøfte og om mogeleg, ivareta deira interesser i planutkastet. Då er følgjande spørsmål relevant: Kvifor gjennomfører plankonsulenten eige møte med Fretland Bygg AS om planutkastet, om dette er utan betyding for saka? Er det av betyding for saka, må verksemda vurderast til å vere part i saka og Avdem og Fretland vert ugilde.

Når det skal avgjerast om Fretland Bygg AS er part i saka vil det og vere naturleg å stille følgjande spørsmål:

**Har innhaldet i planutkastet betyding for drifta eller eksistensen til verksemda Fretland Bygg AS ?**

Er svaret på spørsmålet ja, slik det sterke innhaldet i merknaden tilseier, kan det ikkje vere tvil om at Fretland Bygg AS og Fretland Eigedom AS må oppfattast som partar i i saka. Merknaden vert sendt inn frå verksemdene i trua på at det vil påverke dei folkevalde til å endre planutkastet til Fretland Bygg AS sin fordel.

I forhold til punkt 2 er det kjent at JO Fretland har ein eigarpost i verksemda Fretland Bygg AS og at familien eig verksemda Fretland Eigedom AS. Denne verksemda har og eigarskap i Fretland Bygg AS.

I merknaden til planen heiter det:

> **Det er ikkje godtakande for oss at drifta for 20 arbeidsplassar vert truga.**

Her meiner Fretland og Avdem, som styremedlemar i verksemdene, at drifta av Fretland Bygg AS kan vere truga om planen vert gjennomført. Dei meiner dermed at eit vedtak av planen slik den låg føre, kunne føre til at verksemda Fretland Bygg AS får så dårlege driftstilhøve, spesielt med omsyn til varemottak, at den måtte avviklast eller eventuelt flyttast. Slik har Avdem og Fretland tydeleg klargjort at eit vedtak i tråd med planutkastet vil vere til deira og familien deira sin ulempe, då vedtaket kan føre til tap for familieverksemda.

## Kontrollutvalet si handsaming

Eg ber altså kontrollutvalet sjå nærare på saka og gje sine vurderingar. Både Avdem og Fretland har delteke i behandlinga av saka og båe har dermed automatisk måtte teke stilling til sine eigne ( som styremedlemar) innspel i saka. I høve til krava om "upartiskhet" i saka, kan det stillast spørsmål om det var merknaden frå verksemdene Fretland Eigedom AS og Fretland Bygg AS, som var avgjerande for deira eigne val og avgjerder i saka. Det spørsmålet er det umogeleg å gje eit uhilda svar på og det burde i seg sjølv vere nok til å meine at båe var ugilde i dei folkevalde organa si behandling av saka.

For kontrollutvalet si vurdering er saksgangen i saka også av betyding. Planen vart utarbeidd av eit eige utval, tettstadutviklingsgruppa, som i si tid vart nedsett av kommunestyret. Når planen var ferdig frå utvalet, vart den overteken og behandla av planutvalet ( = formannskapet). Formannskapet la saka ut til offentleg høyring med 15.jan 2011 som høyringsfrist. Administrasjonen skulle normalt førebu saka, med innsende merknader, til ny behandling i planutvalet.

Men administrasjonen sende saka til ei ny behandling i tettstadutviklingsgruppa, der Avdem er medlem og der også leiar i grendalaget, Ove Feidje er medlem. Båe har levert eller er involverte i merknader til planen og er truleg direkte ugilde i saka.

I følgje rådmann Alf Olsen ( til Sogn Avis) har planutvalet sjølv vedteke å sende saka attende til tettstadutviklingsgruppa, men verken møtereferata frå formannskapet eller sakspapira viser at planutvalet har gjort eit slikt vedtak. Om det er gjort, slik rådmannen hevdar, er det i så fall basert på

munnleg saksbehandling, utan møtereferat, som vil vere sterkt i strid med kommunelova sine krav til saksbehandling i folkevalde organ. Kontrollutvalet bør og sjå nærare på dette forholdet.

**Rådmannen si tilråding byggjer i sin heilskap på tilrådingane frå tettstadutviklingsgruppa og om to av medlemane var ugilde i behandlinga av saka, er det grunn til å tru at dette har påverka dei vidare avgjerdene i saka. Det er og grunn til på minne om at planutvalet og kommunestyret i sine møter sist haust skulle ta stilling til heile planutkastet som låg til høyring og med dei mange innspela som kom til. Rådmannen kom med ei tilråding om å avgrense planen, men dei folkevalde skulle ta stilling til heilskapen. Avdem og Fretland kan dermed ikkje vere gilde pga rådmannen sitt framlegg om avgrensingar i planen.**

## Avslutning

Om kontrollutvalet skulle kome fram til at dei to sakene eg omtalar er ulike og at det dermed kan forsvarast at konklusjonane med omsyn til ugildskap er ulike, vil eg gjerne at utvalet grunngir dette.

Eg gjer og merksam på at eg ikkje har gitt vurderingar i høve til avgjerda eller dei ulike synspunkta i merknadane til saka om detaljplanen for Øyragata. Mine synspunkt er relatert til dei prinsipielle sidene ved ugildskap ved behandlinga av saka. Mine synspunkt på planinnhaldet er irrelevant i denne samanhengen.

Eg vil likevel understreke at det er rett og bra at verksemdene Fretland Eigedom AS og Fretland Bygg AS engasjerer seg sterkt i plansaka og at styra i verksemdene er opptekne av driftstilhøva for deira næringsaktivitetar. Det er eigarane og styra sitt ansvar å i vareta verksemda sine interesser. Men dei same styremedlemane kan ikkje, etter mitt syn, også forsvare desse verksemdene sine ønskjer og behov i dei folkevalde organa som behandlar plansaka. Det er brot på forvaltningslova!

Og dei to sakene eg omtalar er så like prinsipielt at konklusjonane i høve ugildskap bør vere lik for båe.

Lærdal 10. februar 2013

Arne Sanden

Vedlegg: Forvaltningslova om ugildskap

## FORVALTNINGSLOVA

### Kapittel II. Om ugildhet.

Overskriften endret ved lov 27 mai 1977 nr. 40.

**§ 6.** *(habilitetskrav).*

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

a) når han selv er part i saken;

b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;

c) når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;

d) når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;

e) **når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for**

1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller

2. **et selskap som er part i saken.** Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

**Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.** Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

SAK 9
VEDLEGG 2

Lærdal kommune

## Formannskapet

# Møtebok

**Møtedato:** 04.09.2012 **Møtetid:** Kl. 09:30 – 11:30

**Møtestad:** Lærdal rådhus, møterommet **Saksnr.:** 109/12 - 122/12

| **Følgjande medlemer møtte: Jan Geir Solheim, Gro Stadheimseter, Geir Berge Øverland,** |
|---|
| |

| **Forfall meldt frå følgjande medl.** | **Parti** | **Følgjande varamedl. møtte** | **Parti** |
|---|---|---|---|
| Jan Olav Fretland | SV | Bente Øien Hauge | SV |
| Trond Øyen Einemo | H | Jarle Molde | H |

| **Ugilde** | **Sak** | **Følgjande varamedl. møtte** |
|---|---|---|
| | | |

| | |
|---|---|
| **Møteleiar:** | ordførar |
| **Frå adm. møtte:** | rådmann |
| **Dokument utlevert i møtet:** | Svar på to klagesaker frå Fylkesmannen |

| | |
|---|---|
| **Synfaring:** | |
| **Merknader:** | |

Underskrifter:

# Lærdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 114/12 | Formannskapet | 04.09.2012 |

**Sakshandsamar:** Monika Lysne **Arkiv:** K2-L80 **Arkivsaksnr.** 10/58 - 38

## Detaljplan for Øyragata, Esso-Lindtrøm- vedtak av delar av plan

**Kort samandrag**
Detaljplan for Øyragata, Esso- Lindstrøm hotell har lege ute til offentleg ettersyn, og planframlegget vert no lagt fram til vedtak. Tettstadutviklingsgruppa har drøfta saka, og komme fram til at delar av planen bør takast ut før vedtaket.

**Rådmannen si tilråding:**
Kommunestyret vedtek Detaljplan for Øyragata, Esso- Lindstrøm hotell i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-12. Vedtaket gjeld den delen av planen som er mellom Kulturbanken –Lindstrøm hotell, dvs. G1, GT1 og T3. Resten av planen vert i denne omgang ikkje vedteken.

### 04.09.2012 FORMANNSKAPET

**FS-114/12 TILRÅDING:**

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå rådmannen.

**Vedlegg:**

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 27.08.2012 | Uttale til Detaljplan for Øyragata - Esso-stasjonen.doc | 60906 |
| 28.08.2012 | VS: Uttale til Detaljplan for Øyragata - Esso-stasjonen | 60905 |
| 27.08.2012 | Kommentarar til detaljplan for Øyragata.doc | 60904 |
| 28.08.2012 | VS: Kommentarar til detaljplan for Øyragata | 60903 |

| | | |
|---|---|---|
| 27.08.2012 | VS: Protester mot "detaljplan for Øyragata, Lindstrøm-Esso" | 60901 |
| 27.08.2012 | Lærdal kommune, marki.DOC | 60900 |
| 28.08.2012 | VS: Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm -Esso | 60899 |
| 27.08.2012 | VS: Lærdal kommunesept2011.doc | 60896 |
| 28.08.2012 | Lærdal kommunesept2011.doc | 60897 |
| 15.03.2011 | Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 46804 |
| 02.02.2011 | Merknad til detaljplan Øyragat, Lindstrøm - Esso | 45814 |
| 19.01.2011 | Fråsegn til utlagd detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45550 |
| 17.01.2011 | Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso, uttale | 45493 |
| 17.01.2011 | Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso, uttale | 45494 |
| 17.01.2011 | Motsegn til dataljreguleringsplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45495 |
| 17.01.2011 | Vedrørende detaljplan for Øyragata, Esso - Lindstrøm | 45499 |
| 14.01.2011 | Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45474 |
| 14.01.2011 | Uttale Lærdalsøyri.doc | 45453 |
| 28.08.2012 | Detaljplan for Øyragata | 45452 |
| 14.01.2011 | detaljplan.docx | 45450 |
| 28.08.2012 | Detaljplan Øyragata - Lindstrøm - Esso - merknader | 45449 |
| 14.01.2011 13:00:06 | Lærdal kommune - fråsegn til føreslegen reguleringsplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45447 |
| 28.08.2012 | Forsendelsesinformasjon - FYM-20110114-130005 | 45448 |
| 14.01.2011 | Merknad til detaljplan Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45433 |
| 12.01.2011 | Detaljplan for Øyragata Lindstrøm og ESSO.doc | 45342 |
| 28.08.2012 | DETALJPLAN FOR ØYRAGATA - LINDSTRØM - ESSO KOMMENTARER | 45341 |
| 13.01.2011 | Vedk detaljplan for Øyragata m.m | 45404 |

- Framlegg til Detaljplan for Øyragata, Esso – Lindstrøm hotel
- Innkomne skriv

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**
Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-12.

**Saksutgreiing**
Formannskapet vedtok i møte 17.03.09 sak 051/09 oppstart av arbeid med Utbyggingsplan for Gamle Lærdalsøyri, som skulle gjelde for strekninga Lindstrøm hotell – Esso.

Då ny Plan- og bygningslova vart gjeldande, vart utbyggingsplan erstatta med detaljplan, som er ein reguleringsplan på detaljnivå som skal vedtakast av kommunestyret.

Planen skulle utarbeidast av Tettstadutviklingsgruppa og ein representant frå Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri. Gruppa fekk fullmakt til å engasjere landskapsarkitekt, og engasjerte Fasit Ingeniørtenester AS ved Heidi Helle til å utarbeide reguleringsplanen.

Planarbeidet måtte vente ein periode, for å få avklara om det skulle vere gågate eller ikkje mellom Lindstrøm og Haldeplassen. Då det vart vedteke at strekninga skal vera gågate, vart det naudsynt å sjå på ny utforming av gata, i tillegg til å vurdere tiltak på Haldeplassen, sjå på parkeringstilhøva og liknande.

Arbeidsgruppa har hatt mange møter i denne prosessen, og det har og vore informasjonsmøte med huseigarar på Gamle Lærdalsøyri. Alle huseigarane som hadde eigedomar mot gata, fekk moglegheit til å påverke utforminga av området mellom køyrebana og bygningen. Gruppa fekk inn mange innspel i denne prosessen, og hadde også nokre synfaringar og møter med huseigarane.

Arealplanleggjaren har hatt møte med Fretland Bygg for å drøfte endringar i parkeringstilhøve og køyremønster for tyngre køyretøy. I dag nyttar tyngre køyretøy Haldeplassen til svingradius for å koma seg opp att til Esso. Dette er ikkje i tråd med gjeldande reguleringsplan for Fretland Bygg, der det var meininga at tyngre køyretøy skulle køyre rundt bygget, og ut att på tilkomstvegen ved RV 5. Fretland Bygg er informert om endringane som kan kome, og sjølv om dei ikkje er begeistra for planane, er dei innstilt på å planleggje framtidig utvikling etter dei moglege endringane.

Formannskapet ba administrasjonen om å ta med eit parkeringsareal på Ulviksmorki i høyringsutkastet. I framlegget som vart lagt ut til offentleg ettersyn av formannskapet 30.11.2010 sak 195/10, var det innarbeida parkeringsplassar og moglegheit for garasjar/carportar på del av Ulviksmorki. I utleggingsperioden og i møte med grunneigarane, kom det tydelege negative reaksjonar på at Ulviksmorki vart regulert i det heile, og spesielt til parkeringsanlegg. Grunneigarane var i mot dette, og kulturavdelinga hjå Fylkeskommunen meinte anlegget var noko stort. Etter møte med grunneigarane og møte/synfaring med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen, vart området regulert til garasjar/carportar og den planlagde nye geilen frå parkeringsplassen til Kvammes teke ut av planen, i tillegg til at parkeringsanlegget vart redusert og dekke vart endra til armert gras i staden for asfalt. Kulturavdelinga vart nøgd med endringane som vart gjort, men grunneigar er framleis i mot at Ulviksmorki vert omregulert, og nokre av naboane og Fortidsminneforeminga har og engasjert seg i dette. Viser til vedlagde planomtale og kopi av møtebok sak 195/10 for bakgrunn for framlegg til endringane i planen (behov for parkeringsplassar, grøntareal på Holdeplassen og liknande). Viser til dei vedlagde innkomne brev i høyringsperioden, og brev frå grunneigarane etter høyringsperioden.

Etter høyringsperioden er altså P3/GB1 teke ut av planen, i tillegg til at P2 er redusert frå 20 til 16 parkeringsplassar, og snuplassen (V2) er redusert. I plankartet som er vedlagd, er framleis desse elementa med, for å syne korleis høyringsutkastet såg ut.

**Økonomiske konsekvensar**
Det vil ikkje vera kostnadar knytt til vedtak av plan, men det er kostnadar knytt til gjennomføring av tiltaka i planen. Dette bør vurderast opp mot økonomiplanarbeidet, og det kan søkjast om tettstadutviklingsmidlar hjå fylkeskommunen til gjennomføringa.

**Vurdering**
Då det har mykje engasjement, motstand og interesser knytta til planframlegget, og Tettstadutviklingsgruppa av ulike årsaker har vore lite aktiv siste året, har planprosessen teke lang tid. Tettstadutviklingsgruppa drøfta planframlegget i møte 24.08.2012, og kom då fram til at det viktigaste er å få vedteke den delen av planen som gjeld gatedekke mellom Kulturbanken og Lindstrøm hotell, som var hovudgrunnen til at planarbeidet starta opp. Planen legg til rette for gågate, noko smalare gateløp, heller ut mot husa og god drenering. Det har vore lite eller ingen motstand mot denne delen av planen. Tettstadutviklingsgruppa vil difor fremja framlegg om at kommunestyret no vedteke denne delen av planen, medan resten av planen (som gjeld Holdeplassen, ny parkeringsplass på Ulviksmorki, bosoppstillingsplassar, o.l. mellom Kulturbanken og Esso) vert teke ut av planen i denne omgang. Tettstadutviklingsgruppa meiner drøftinga angåande behovet for parkeringsplassar

og Holdeplassen bør takast opp att, dersom Kvammes startar med overnattingsplassar og det vert etablert fleire butikkar på nytt i "gamlegata".

Ved å få vedtak av den delen av planen som gjeld gatedekke, kan ein starta prosessen med å søkje om midlar til å gjennomføre tiltaket, då spesielt tettstadutviklingsmidlar. Dersom kommunestyret ynskjer å få vedteke heile planen med parkeringsplassar på Ulviksmorki og grøntareal på Holdeplassen, må framlegget sendast attende til administrasjonen fyrst, slik at administrasjonen kan få varsla dette og utarbeida ei ny sak.

SAK 9
VEDLEGG 3

# Lærdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 114/12 | Formannskapet | 04.09.2012 |
| 087/12 | Kommunestyret | 18.10.2012 |

**Sakshandsamar:** Monika Lysne **Arkiv:** K2-L80 **Arkivsaksnr.** 10/58 - 38

## Detaljplan for Øyragata, Esso-Lindtrøm- vedtak av delar av plan

**Kort samandrag**
Detaljplan for Øyragata, Esso- Lindstrøm hotell har lege ute til offentleg ettersyn, og planframlegget vert no lagt fram til vedtak. Tettstadutviklingsgruppa har drøfta saka, og komme fram til at delar av planen bør takast ut før vedtaket.

**Rådmannen si tilråding:**
Kommunestyret vedtek Detaljplan for Øyragata, Esso- Lindstrøm hotell i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-12. Vedtaket gjeld den delen av planen som er mellom Kulturbanken –Lindstrøm hotell, dvs. G1, GT1 og T3. Resten av planen vert i denne omgang ikkje vedteken.

### 04.09.2012 FORMANNSKAPET

**FS-114/12 TILRÅDING:**

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå rådmannen.

### 18.10.2012 KOMMUNESTYRET

FRAMLEGG FRÅ LÆRDAL VENTRE:

Saka vert utsett til ein har ein samla plan som har vore ute på høyring i henhold til gjeldande regelverk.

**KS-087/12 VEDTAK:**

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 15 mot 2 røyster.

2 røysta for framlegget frå Lærdal Venstre.

**Vedlegg:**

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 27.08.2012 | Uttale til Detaljplan for Øyragata - Esso-stasjonen.doc | 60906 |
| 28.08.2012 | VS: Uttale til Detaljplan for Øyragata - Esso-stasjonen | 60905 |
| 27.08.2012 | Kommentarar til detaljplan for Øyragata.doc | 60904 |
| 28.08.2012 | VS: Kommentarar til detaljplan for Øyragata | 60903 |
| 27.08.2012 | VS: Protester mot "detaljplan for Øyragata, Lindstrøm-Esso" | 60901 |
| 27.08.2012 | Lærdal kommune, marki.DOC | 60900 |
| 28.08.2012 | VS: Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm -Esso | 60899 |
| 27.08.2012 | VS: Lærdal kommunesept2011.doc | 60896 |
| 28.08.2012 | Lærdal kommunesept2011.doc | 60897 |
| 15.03.2011 | Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 46804 |
| 02.02.2011 | Merknad til detaljplan Øyragat, Lindstrøm - Esso | 45814 |
| 19.01.2011 | Fråsegn til utlagd detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45550 |
| 17.01.2011 | Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso, uttale | 45493 |
| 17.01.2011 | Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso, uttale | 45494 |
| 17.01.2011 | Motsegn til dataljreguleringsplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45495 |
| 17.01.2011 | Vedrørende detaljplan for Øyragata, Esso - Lindstrøm | 45499 |
| 14.01.2011 | Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45474 |
| 14.01.2011 | Uttale Lærdalsøyri.doc | 45453 |
| 28.08.2012 | Detaljplan for Øyragata | 45452 |
| 14.01.2011 | detaljplan.docx | 45450 |
| 28.08.2012 | Detaljplan Øyragata - Lindstrøm - Esso - merknader | 45449 |
| 14.01.2011 13:00:06 | Lærdal kommune - fråsegn til føreslegen reguleringsplan for Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45447 |
| 28.08.2012 | Forsendelsesinformasjon - FYM-20110114-130005 | 45448 |
| 14.01.2011 | Merknad til detaljplan Øyragata, Lindstrøm - Esso | 45433 |
| 12.01.2011 | Detaljplan for Øyragata Lindstrøm og ESSO.doc | 45342 |
| 28.08.2012 | DETALJPLAN FOR ØYRAGATA - LINDSTRØM - ESSO KOMMENTARER | 45341 |
| 13.01.2011 | Vedk detaljplan for Øyragata m.m | 45404 |

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**
Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-12.

**Saksutgreiing**
Formannskapet vedtok i møte 17.03.09 sak 051/09 oppstart av arbeid med Utbyggingsplan for Gamle Lærdalsøyri, som skulle gjelde for strekninga Lindstrøm hotell – Esso.

Då ny Plan- og bygningslova vart gjeldande, vart utbyggingsplan erstatta med detaljplan, som er ein reguleringsplan på detaljnivå som skal vedtakast av kommunestyret.

Planen skulle utarbeidast av Tettstadutviklingsgruppa og ein representant frå Fagrådet for Gamle Lærdalsøyri. Gruppa fekk fullmakt til å engasjere landskapsarkitekt, og engasjerte Fasit Ingeniørtenester AS ved Heidi Helle til å utarbeide reguleringsplanen.

Planarbeidet måtte vente ein periode, for å få avklara om det skulle vere gågate eller ikkje mellom Lindstrøm og Haldeplassen. Då det vart vedteke at strekninga skal vera gågate, vart det naudsynt å sjå på ny utforming av gata, i tillegg til å vurdere tiltak på Haldeplassen, sjå på parkeringstilhøva og liknande.

Arbeidsgruppa har hatt mange møter i denne prosessen, og det har og vore informasjonsmøte med huseigarar på Gamle Lærdalsøyri. Alle huseigarane som hadde eigedomar mot gata, fekk moglegheit til å påverke utforminga av området mellom køyrebana og bygningen. Gruppa fekk inn mange innspel i denne prosessen, og hadde også nokre synfaringar og møter med huseigarane.

Arealplanleggjaren har hatt møte med Fretland Bygg for å drøfte endringar i parkeringstilhøve og køyremønster for tyngre køyretøy. I dag nyttar tyngre køyretøy Haldeplassen til svingradius for å koma seg opp att til Esso. Dette er ikkje i tråd med gjeldande reguleringsplan for Fretland Bygg, der det var meininga at tyngre køyretøy skulle køyre rundt bygget, og ut att på tilkomstvegen ved RV 5. Fretland Bygg er informert om endringane som kan kome, og sjølv om dei ikkje er begeistra for planane, er dei innstilt på å planleggje framtidig utvikling etter dei moglege endringane.

Formannskapet ba administrasjonen om å ta med eit parkeringsareal på Ulviksmorki i høyringsutkastet. I framlegget som vart lagt ut til offentleg ettersyn av formannskapet 30.11.2010 sak 195/10, var det innarbeida parkeringsplassar og moglegheit for garasjar/carportar på del av Ulviksmorki. I utleggingsperioden og i møte med grunneigarane, kom det tydelege negative reaksjonar på at Ulviksmorki vart regulert i det heile, og spesielt til parkeringsanlegg. Grunneigarane var i mot dette, og kulturavdelinga hjå Fylkeskommunen meinte anlegget var noko stort. Etter møte med grunneigarane og møte/synfaring med kulturavdelinga hjå fylkeskommunen, vart området regulert til garasjar/carportar og den planlagde nye geilen frå parkeringsplassen til Kvammes teke ut av planen, i tillegg til at parkeringsanlegget vart redusert og dekke vart endra til armert gras i staden for asfalt. Kulturavdelinga vart nøgd med endringane som vart gjort, men grunneigar er framleis i mot at Ulviksmorki vert omregulert, og nokre av naboane og Fortidsminneforeminga har og engasjert seg i dette. Viser til vedlagde planomtale og kopi av møtebok sak 195/10 for bakgrunn for framlegg til endringane i planen (behov for parkeringsplassar, grøntareal på Holdeplassen og liknande). Viser til dei vedlagde innkomne brev i høyringsperioden, og brev frå grunneigarane etter høyringsperioden.

Etter høyringsperioden er altså P3/GB1 teke ut av planen, i tillegg til at P2 er redusert frå 20 til 16 parkeringsplassar, og snuplassen (V2) er redusert. I plankartet som er vedlagd, er framleis desse elementa med, for å syne korleis høyringsutkastet såg ut.

**Økonomiske konsekvensar**
Det vil ikkje vera kostnadar knytt til vedtak av plan, men det er kostnadar knytt til gjennomføring av tiltaka i planen. Dette bør vurderast opp mot økonomiplanarbeidet, og det kan søkjast om tettstadutviklingsmidlar hjå fylkeskommunen til gjennomføringa.

**Vurdering**
Då det har mykje engasjement, motstand og interesser knytta til planframlegget, og Tettstadutviklingsgruppa av ulike årsaker har vore lite aktiv siste året, har planprosessen teke lang tid. Tettstadutviklingsgruppa drøfta planframlegget i møte 24.08.2012, og kom då fram til at det viktigaste er å få vedteke den delen av planen som gjeld gatedekke mellom Kulturbanken og Lindstrøm hotell, som var hovudgrunnen til at planarbeidet starta opp. Planen legg til rette for gågate, noko smalare gateløp, heller ut mot husa og god drenering. Det har vore lite eller ingen motstand mot denne delen av planen. Tettstadutviklingsgruppa vil difor fremja framlegg om at kommunestyret no vedteke denne delen av planen, medan resten av planen (som gjeld Holdeplassen, ny parkeringsplass på Ulviksmorki, bosoppstillingsplassar, o.l. mellom Kulturbanken og Esso) vert teke ut av planen i denne omgang. Tettstadutviklingsgruppa meiner drøftinga angåande behovet for parkeringsplassar og Holdeplassen bør takast opp att, dersom Kvammes startar med overnattingsplassar og det vert etablert fleire butikkar på nytt i "gamlegata".

Ved å få vedtak av den delen av planen som gjeld gatedekke, kan ein starta prosessen med å søkje om midlar til å gjennomføre tiltaket, då spesielt tettstadutviklingsmidlar. Dersom kommunestyret ynskjer å få vedteke heile planen med parkeringsplassar på Ulviksmorki og grøntareal på Holdeplassen, må framlegget sendast attende til administrasjonen fyrst, slik at administrasjonen kan få varsla dette og utarbeida ei ny sak.

19 ... 2011
10/58-34

SAK 9
VEDLEGG 4

**Fretland Eigedom AS**
**Fretland Bygg AS**

Lærdal, 14.1.2011

Lærdal kommune, her

## Fråsegn til utlagd "Detaljplan for Øyragata, Lindstrøm-Esso"

Me viser til planutkastet og til samtalar med kommunen ved Monica Lysne. Som me har påpeikt, vil den framlagde planen gje sterke avgrensingar på drifta til Fretland Bygg AS. Det gjeld både byggvarebutikken Byggeriet og entreprenørverksemda vår. Det er alt sett i verk stenging av Øyragata, som stoggar den eine innfartsåra til bedrifta vår. Slik framlegget no er teikna, vil det ikkje lenger vera mogleg å bruka Gamle holdeplassen som innkøyring for større nyttekøyretøy. Det vil då vera svært vanskeleg å få til av- og pålessing, iallfall for trailerar, på området vårt. Me er kjende med at det i det opphavlege vedtaket frå kommunen var med ein klausul om at me ikkje skulle bruka Holdeplassen. Men etter det har køyretøya utvikla seg mykje, og det er i dag nær umogleg å gjennomføra drifta utan denne mulegheita. Dette har vore situasjonen i mange år no.

Fretland Bygg AS har i dag ca. 20 tilsette og er ein stor arbeidsplass. Det er tre faste stillingar på byggvarebutikken. Den delen av drifta er hardt pressa økonomisk, noko me og har gjort kommunen kjend med tidlegare. Me har altså no fått stengd den eine vegen inn til bedrifta, og får etter den nye planen i tillegg ikkje brukande av- og pålessing. Etter vårt syn er det svært viktig at kommunen også tenkjer næringspolitikk i plansaker, slik at kommunen framstår med eit heilskapleg syn.

Me understrekar at bedrifta ikkje ønskjer å hindra tiltak som kan gjera Øyri meir attraktiv. *Men det er ikkje godtakande for oss at drifta for 20 arbeidsplassar blir truga. Me ber innstendig om at det blir teke opp drøftingar med Fretland Bygg og Fretland Eigedom for å finna løysingar som er i begge partars interesse.*

Med helsing
Fretland Eigedom AS

Sigurd Fretland
styreleiar

Fretland Bygg AS

Bjarne Nedrehegg
dagleg leiar

Kontaktar for kommunen i saka er:
- *Bjarne Nedrehegg, tlf. 455 05 267, e-post: bjarne@fretland-bygg.no*
- *Jan Olav Fretland, tlf. 415 16 766, e-post: janof@hisf.no*

Meir informasjon om Fretland Bygg finn de på: www.fretland-bygg.no

VEDLEGG 5




## TEIKNFORKLARING

**PBL. §12-5 REGULERINGSFØREMÅL**

**BUSETNAD OG ANLEGG**
- GASASJEANLEGG FOR BUSTADER, GBS1
- BOSSOPPSTILLINGSPLASS, BS1-2

**SAMFERDSLESANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**
- KØYREVEG – OFFENTLEG, V1-2
- GÅGATE – OFFENTLEG, G1-2
- GATETUN – OFFENTLEG, GT1
- TORG – OFFENTLEG, T1-3
- PARKERINGPLASS – OFFENTLEG, P1-2
- PARKERINGPLASS – PRIVAT, P3

**GRØNNSTRUKTUR**
- PARK – OFFENTLEG, PK1
- VEGETASJONSKJERM – OFFENTLEG, VS1

**SIKRINGSSONE**
- FRISIKTSONE

**OMSYNSSONE**
- BYGNINGSVERN

**STREKSYMBOL M.V.**
- PLANGRENSE
- GRENSE FOR REGULERINGSFØREMÅL
- BYGGEGRENSE
- TOMTEGRENSE
- SENTERLINJE REGULERT VEG
- FRISIKTLINJE
- PLANLAGT BEBYGGELSE
- BEBYGGELSE SOM INNGÅR I PLANEN
- BEBYGGELSE SOM VERT FJERNA

KOORDINATSYSTEM: EUREF89
EKVIDISTANSE: 1m
MÅLESTOKK: 1:500

5 25

| REV | ENDRING | DATO | SIGN |
|---|---|---|---|
| | | | |

DETALJREGULERINGSPLAN MED FØRESEGNER FOR:

KARTBLAD:

# LÆRDAL KOMMUNE
# DETALJPLAN FOR ØYRAGATA, LINDSTRØM - ESSO

| | DATO | SAKSHANDS. |
|---|---|---|
| | 19.11.2010 | HFH |

| SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (2008): | DATO | SIGN. |
|---|---|---|
| HANDSAMING, 1. GONG I DET FASTE UTVAL FOR PLANSAKER, sak 185/10: | 30.11.2010 | ML |
| HANDSAMING, 2. GONG, FUP: SAKNR. | | |
| UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSROMMET: | | |
| HANDSAMING, 3. GONG, FUP: SAKNR. | | |
| EVT. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN | | |
| VEDTAK I KOMMUNESTYRET , SAKNR. | | |
| KUNNGJORT: | | |

PLANEN UTARBEIDD AV: FASIT

TEIKN. NR. 0909-100

INDEKS

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

## Sak 10/2013 Oppfølging av skriv til kontrollutvalet om økonomireglement

| **Sakshandsamar** | **Møtedato** | **Saknr** |
|---|---|---|
| Richard Nesheim | 10.04.2013 | 10/2013 |

**KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Kontrollutvalet viser til skriv frå Arne Sanden om økonomireglement.

I punkt 9.9.4 i økonomireglementet går det fram at det skal utarbeidast sluttrekneskap for prosjekt som er gjennomført. Sluttrekneskapen skal handsamast av kommunestyret. Det går og fram at sluttrekneskapen skal leggjast fram for politisk handsaming seinast eit år etter at overtaking har funne stad.

Kontrollutvalet vil be om at administasjonen tek ein gjennomgang av prosjekt som er ferdigstilt siste fire år og legg fram for kommunestyret dei sluttrekneskapane som kommunestyret ikkje har handsama og som etter økonomireglementet skal leggjast fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet vil til neste møte be om ein status på oppfølginga av punkt 9.9.4 i økonomireglementet.

---

**VEDLEGG**

| Nr. | Dok. Dato | Avsendar | Tittel |
|---|---|---|---|
| 1 | 10.02.13 | Arne Sanden | Økonomireglement |
| | | | |

# Bakgrunn

I punkt 9.9.4 i økonomireglementet går det fram at det skal utarbeidast sluttrekneskap for prosjekt som er gjennomført. Sluttrekneskapen skal handsamast av kommunestyret. Det går og fram at sluttrekneskapen skal leggjast fram for politisk handsaming seinast eit år etter at overtaking har funne stad.

I skrivet frå Arne Sanden går det fram at det i førre periode vart handsama rekneskap for 2 prosjekt, renovering av LØS og ombygging/renovering Lærdal Rådhus.

Sekretariatet har bedt administasjonen om å få ei oversikt over status på området. Administrasjonen har sett i gang ein gjennomgang på området. Men sekretariatet har ikkje motteke denne oversikta før sakspapira vert sendt ut.

SAK 10

VEDLEGG 1

# Økonomireglement.

Kommunen sitt økonomireglement har eit eige avsnitt som omhandlar investeringar. Punkt 9.9.4 i reglement omhandlar rådmannen si plikt til å legge fram eit sluttrekneskap for kvart prosjekt som vert gjennomført. I reglementet heiter det:

> ***9.9.4 Sluttrekneskap***
>
> *Det skal utarbeidast sluttrekneskap som skal handsamast av kommunestyret etter framlegg frå rekneskapsansvarleg. Sluttrekneskapen skal attesterast av revisjonen dersom kommunestyret finn at det er trong for det. Sluttrekneskapen skal leggjast fram for politisk handsaming seinast eit år etter at overtaking har funne stad.*

Reglementet må tolkast slik at det seinast eit år etter at investeringa er gjennomført og ferdigstilt, skal det leggast fram eit revisjonsgodkjent prosjektrekneskap som kommunestyret skal behandla og godkjenne.

Eg vil tru og meiner at kontrollutvalet har mange og viktige oppgåver, og at ei av dei viktige oppgåvene er å sjå til at rådmannen og administrasjonen følgjer opp økonomireglementet til kommunen.

Eit prosjektrekneskap, saman med ein prosjektleiar sin sluttrapport bør vere av stor interesse for å dra lærdom av gjennomførde investeringar, med tanke på planlegging av nye prosjekt.

I førre periode vart det utarbeida rapportar og rekneskap for 2 prosjekt, renovering av LØS og ombygging /renovering av Lærdal Rådhus. Etter det eg kan sjå er det ikkje behandla slike saker i denne perioden så langt.

Lærdal 10. feb 2013

Arne Sanden